

# FORNEKTING PÅ NORSK?

FORNEKTING AV HOLOCAUST I NOREG MELLOM 1975 OG 2000

MASTERGRAD I HISTORIE  
SIMEN RINGKJØB



INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, HISTORIE, KULTUR OG RELIGIONSVITENSKAP

© Simen Ringkjøb

2023

«Fornekting på Norsk? - Fornekting av holocaust i Noreg mellom 1975 og 2000.»

Simen Ringkjøb

## Forord

Etter to år med denne oppgåva i hovudet, er eg endeleg i mål. Det har vore to lærerike, utfordrande, kjekke og til dels slitsame år. Det eg sit att med er ein blanding av stoltheit, glede og litt vemod for å seie ha det til eit prosjekt som har dominert kvar bidige bit av livet. Eg håpar oppgåva kan bidra til å kaste ljøs på eit viktig tema.

Med dyktig, lærerik og verdifull rettleiing, har Synne Corell dytta meg i riktig retning. Det set eg stor pris på. Oppgåva hadde ikkje vore mogleg å skrive utan Kjetil Braut Simonsen, som har delt både relevant litteratur og tilgangen til kjeldematerialet med meg. Ein takk rettast og til Thomas Ewen Daltveit Slettebø, som stilte opp i innspurten. For korrekturlesing og leksjonar i kva som er riktig nynorsk, rettar eg ein stor takk til far min, Hans-Erik, og bror Hans-Kristian. Mamma, Beate, har stått for oppmuntring og gode råd. Til slutt så fortener Anna, som har stått i lag med meg gjennom heile prosessen, ein stor takk.

## Samandrag

Denne studien har utforska fenomenet holocaustfornekting i Noreg i åra 1975 til 2000. Gjennom ein idehistorisk diskursanalyse av nynazistiske publikasjonar, har eg sett på uttrykksformer, strategiar, omfanget og utvikling av fornekting av holocaust. Fornekting har blitt delt inn i tre kategoriar - revisjonistisk, konspirasjonsteoretisk og signaliserande - for å samanlikne og skilje dei ulike måtane fornekting har blitt formidla i Noreg. Ljoset har i størst grad blitt retta mot dei nynazistiske tidskrifta Nasjonalisten, Gjallarhorn og Vigrid, men også nokre publikasjonar av enkeltindivid er studert.

Som forskingsfelt er fornekting av holocaust lite, og med få bidrag. Studien er eit bidrag til dette smale forskingsfeltet. Det er likevel eit viktig felt. Dei som ynskjer å endre historia basert på ideologi, er både eit historiefagleg problem, men også eit samfunnsproblem. Dette er ein studie som rettar eit kritisk blick mot rasistiske og antisemittiske tankar som spring ut av konspiratorisk ideologi. Det er viktig å handsame slike tankar på ein måte som tydeleggjer at dei er falske, og som ikkje gjev tankane fritt spelerom.

Studien argumenterer for at fornekting av holocaust er eit nazistisk fenomen som vert uttrykt av dei som ynskjer å vidareføre nasjonalsosialistisk ideologi. Dette ynskjet rommar forsøk på å reinvaske nazismen, introdusere eit jødisk fiendesyn på nytt og vidareføre Nazi-Tysklands konspiratoriske syn på verda. Det vert vidare argumentert for fråværet av ein særskilt 'norsk' fornektande diskurs. Fornekting av holocaust i Noreg er internasjonal fornekting, på norsk. Til slutt ser me ei utvikling frå ein revisjonistisk topp rundt 1980, til større inkludering av konspiratoriske element fram mot tusenårsskiftet.

## Abstract

### Denial in Norwegian? Holocaust Denial in Norway between 1975 and 2000

This study explores the phenomenon of Holocaust denial in Norway from 1975 to 2000. Through an historical discourse analysis of neo-Nazi publications, I have examined forms of expression, strategies, extent and development of Holocaust denial. Denial has been divided into three categories - revisionist, conspiracy-theoretical, and signalling - in order to compare and differentiate the various ways in which denial has been conveyed in Norway. The focus has primarily been on the neo-Nazi journals *Nasjonalisten*, *Gjallarhorn*, and *Vigrid*, but also some publications by individuals have been studied.

As a field of research, Holocaust denial is small, and we have few contributions. The study is a contribution to this narrow field of research. However, it is an important field. Those who seek to alter history based on ideology are both a historical problem and a societal problem. This is a study that take a critical look racist and anti-Semitic thoughts stemming from a conspiratorial ideology. It is important to address such thoughts in a way that clarifies that they are false and does not give them free rein.

The study argues that Holocaust denial is a Nazi phenomenon expressed by those who wish to perpetuate national socialist ideology. Within this desire, we find attempts to whitewash Nazism, reintroduce a Jewish enemy view, and perpetuate Nazi Germany's conspiratorial worldview. Furthermore, it is argued that there is an absence of a 'Norwegian' discourse of denial. Holocaust denial in Norway is international denial expressed in Norwegian. Finally, we observe a shift from a revisionist peak around 1980 to a greater inclusion of conspiratorial elements towards the turn of the millennium.

# Innhald

Forord.....	2
Samandrag.....	3
Abstract .....	4
Innhald.....	5
Figuroversikt.....	7
1. Innleiing.....	8
1.1 Bakgrunn og val av tema .....	8
1.2 Tidlegare forskning.....	9
1.3 Problemstilling og avgrensing .....	12
1.4 Teoretisk rammeverk .....	14
1.6 Metode og kjelder .....	16
1.7 Forskingsetisk problemstilling.....	18
2. Antisemittisme, holocaust og fornekinga av det. ....	21
2.1 Innleiing.....	21
2.2 Antisemittisme .....	23
2.3 Den endelege løysinga. ....	25
2.4 Antisemittisme etter 1945 .....	27
2.5 Antisemittisme på ytre høgre i Noreg.....	28
2.6 Forteljninga om holocaust.....	31
2.7 Forneking av holocaust .....	33
2.8 Oppsummering og konklusjon.....	38
3. Revisjonisme.....	40
3.1 Innleiing.....	40
3.2 Revisjonismens historie.....	41
3.3 1975-1985.....	43
3.3.1 Nasjonalisten:.....	43

3.3.2 Nordisk Institutt for Historisk Revisjonisme .....	48
3.3.3 Revisjonisme på norsk .....	50
3.4 1985-2000.....	54
3.4.1 Gjallarhorn.....	55
3.4.3 Vigrid .....	64
3.6 Oppsummering og avslutning .....	67
4. Konspirasjonsteorien.....	70
4.1 Innleiing .....	70
4.2 Konspirasjonsteori.....	70
4.2.1 1975-1985.....	71
4.2.2 Nasjonalisten .....	71
4.3 1985-2000.....	76
4.3.1 ZORN 88.....	77
4.3.2 Den Jødiske Fare.....	80
4.3.3 Vidare om Zorn .....	82
4.3.4 Vigrid .....	83
4.6 Avslutning.....	86
5. Signaliserande forneking.....	88
5.1 Innleiing .....	88
5.2 Signaliserande forneking.....	88
1975-2000 .....	89
5.2.2 Teikneseriane .....	89
5.3 Oppsummering og avslutning .....	94
6. Avslutning.....	96
6.1 Innleiing .....	96
6.2 Oppsummering.....	96
6.2 Konklusjon .....	97
6.3 Vidare forskning.....	102

6.4 Avslutning.....	102
Kjelde og litteraturliste.....	104
Kjetil Braut Simonsens kjeldesamling:.....	104
Litteratur.....	104

## Figuroversikt

Figur 1. Nasjonalt marked i Nasjonalisten nr.8-9, 1982 .....	46
Figur 2. Annonse i Nasjonalisten, nr.2, 1984: 5.....	47
Figur 3. Historisk Revy annonsert i Nasjonalisten, Nasjonalisten nr 8-9, 1982: 9.....	49
Figur 4. Frå Gjallarhorn 2/12, 2002 .....	54
Figur 5. Gjallarhorn sitt eksplisitte mål om fornekte holocaust. Gjallarhorn 2/6, 1994 .....	55
Figur 6. Artikkelen i Gjallarhorn 1/1, 1989 .....	56
Figur 7. Radio Islams artikkel i Gjallarhorn 3/5, 1993 .....	60
Figur 8. Iversens tabell, Gjallarhorn 1/6, 1994 .....	61
Figur 9. Artikkelen om Irvng i Gjallarhorn nr.4, 2001.....	62
Figur 10. Vigrid sin Logo, Vigrid nr.1, 1999.....	64
Figur 11. Logo til Foreining for Sann historie og utvalet av fornektande materiale, Vigrid, mai. 2000	64
Figur 12. Konspirasjonstenkning i Gjallarhorn nr 2,2, 1999 .....	76
Figur 13. Utdrag frå "Den sorte bok", Gjallarhorn 1/7, 1995 .....	79
Figur 14. Framside til Den Jødiske Fare, Olsen 1998.....	81
Figur 15. Sann Historie sitt hovudfokus er at det var jødane som starta krigen, Vigrid nr.5, 1999.....	85
Figur 16. Nasjonalisten nr3-4, 1982: 9 .....	89
Figur 17. Gjallarhorn nr 2,2 1990 .....	90
Figur 18. Gjallarhorn, nr. 2/1, 1990.....	91
Figur 19. Gjallarhorn, 2/7, 1995. ....	91
Figur 20. Gjallarhorn, 3/7, 1995. ....	91
Figur 22. Vigrid, nr.14, 1999. ....	93
Figur 23. Vigrid, nr.10, 1999. ....	93
Figur 21. Vigrid, nr.10, 1999. ....	93



# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og val av tema

Etter ei forelesing våren 2019 om det tyske militærets lovbrøt under den andre verdskrigen, gjorde eg eit internettsøk på «Babij Jar». Då dukka det opp ein artikkel frå nettstaden Frihetskamp.no. Babij Jar er namnet på ein kløfteformasjon utanfor Ukrainas hovudstad Kiev, og som er nytta som namnet på eit massemord under den andre verdskrigen. Her gjennomførte Nazi-Tyskland massemord på ukrainske jødar, krigsfangar, motstandsfolk, kommunistar og fleire som den tyske okkupasjonsmakta meinte ikkje passa inn i deira nye, homogene rike. Hausten 1941 vart over 33 000 skotne på to døgn. Massakren står att som «den største enkeltstående massakren på jøder under andre verdenskrig».<sup>1</sup> Artikkelen eg fann omhandla massakren, og bar tittelen, «Babij Jar – massemord eller propagandaløgn?».<sup>2</sup> Etter å ha lese artikkelen vart det tydeleg at redaksjonen til nettstaden ikkje trudde massakren hadde skjedd, men at den var etterkrigspropaganda. Artikkelen handla om korleis den offisielle historia er feil og korleis massemordet er ei forfalsking spreidd av dei allierte. Eg hadde funne ein holocaustfornektande artikkel.

Nettstaden Frihetskamp er Den Nordiske Motstandsbevegelsen si nettavis. Den Nordiske Motstandbevegelsen (DNM) har fått auka merksemd dei siste åra, og har vorte skildra i TV-dokumentarar, avisreportasjar, bøker og andre media.<sup>3</sup> Størst merksemd fekk dei i 2017. Då skapte ein demonstrasjon i Kristiansand gjennomført av grupperinga stor debatt.<sup>4</sup> Her markerte dei seg for alvor som ein moderne, nynazistisk organisasjon i Noreg. Fleire saker som omhandlar den ‘nye nynazismen’ har prega mediebilete dei siste åra.<sup>5</sup> Nynazisme og høgreekstremisme har etter terrorangrepa i Oslo og på Utøya i 2011 vorte meir organisert og strukturert i Noreg og Norden.<sup>6</sup> Demonstrasjonar, aksjonar, flygeblad, opphenging av banner, samt å stille til kommunale val er blant handlingane til DNM. Samstundes som eit fåtal

---

<sup>1</sup> Bærug "Babyn jar" 2021

<sup>2</sup> Frihetskamp 2021

<sup>3</sup> Sjø til dømes Klungtveit 2021, podkasten *Oppdatert* av NRK om DNM, VG sin spesialreportasje *Nordens farligste*.

<sup>4</sup> Martinsen et.al 2017

<sup>5</sup> Philip Manshaus var i kontakt med PST, Brekke og Zondag, 2020. Jesse Torniaainen vart sikta for drap, men dømt for legemsforneking, Kumnao-Ensby, 2018. DNM-markering i Stockholm, Skille mfl. 2018.

<sup>6</sup> Klungtveit 2020: 8-9

aktivistar og tastaturkrigarar ikkje verkar å utgjere ein særleg trussel, har Politiets sikkerheitsteneste (PST) auka trusselnivået for høgreekstrem terror til den høgste terrortrusselen mot Noreg, saman med ekstrem islamisme.<sup>7</sup> Midt i denne rørsla av nynazisme ligg holocaust, og fornekinga av det.

Norske nynazistar fornektar holocaust. Dette er påstanden som er utgangspunktet for denne masteroppgåva. Kvifor er dette tilfellet? Kva er årsaka til at eit tilfeldig internettsøk kan føre til nordmenn som fornektar godt dokumenterte historiske hendingar? Denne oppgåva skal sjå på forneking av holocaust i Noreg frå 1975 til 2000. Sentral i undersøkinga vert nynazistiske grupperingar og deira publikasjonar. Desse inkluderer blant anna tidlegare medlem av Nasjonal Samling som etter krigen skipa Forbundet for Sosial Oppreising. Ut frå miljøet rundt Forbundet kom ungdomsorganisasjonen Norsk Front som vart skipa i 1975 og publiserte magasinet *Nasjonalisten*. Den ideologiske grupperinga Zorn 88 vart skipa i 1988, og gav ut medlemsbladet *Gjallarhorn*. Bladet vert sentral i analysen, i lag med den okkulte norrøne verksemda Vigrid, som gav ut eit medlemsblad på slutten av 1990-talet. Desse, og fleire publikasjonar vert studerte for å vise eit bilete av dei norske fornektande miljøa opp mot tusenårsskiftet.

## 1.2 Tidlegare forskning

Holocaust er ei av dei mest og best dokumenterte historiske hendingane i vår tid.<sup>8</sup> Forneking av holocaust derimot, er ikkje eit stort forskingsfelt med ein overflod av litteratur. Om ein avgrensar feltet til forneking i Noreg, er det endå mindre. Augo for feltet har likevel opna seg etter kvart og merksemda auka for alvor på 1990-talet, driven i hovudsak fram av enkeltsaker som fekk mykje merksemd. Globalt finn me fleire publikasjonar som både tek for seg forneking som fenomen, enkeltsaker, argumenta til fornektarane og grupperingane som fornektar.

*Holocaust Denial* (1986) av Gill Seidel og *Holocaust Denial* (1990) av Kenneth S. Stern er dei to fyste verka som tek opp tematikken i stor grad. Dette er bøker som ser på forneking av holocaust sine røter, ulike døme på forneking, argumenta til fornektarane og kva faren ved

---

<sup>7</sup> PST 2021

<sup>8</sup> Niewyk 1992: 7

fornekting er. Desse er skrivne i åra der fornekting av holocaust for alvor vart eit allment kjend fenomen. Fleire saker skulle prege 1980-90 talet. Ei av dei fyrste enkeltsakene som var pådrivar for kunnskapsutviklinga rundt holocaustfornekting var Zündel-saka. I 1985 og 1988 vart den tyskfødde Ernst Zündel stilt for retten i Canada for å ha spreidd den fornektande pamfletten «*Did Six Million Really Die? The Truth At Last*».<sup>9</sup> Rettssaka i 1988 førte til den mykje omtala *Leuchter-rapporten* skrive av Fred A. Leuchter. Leuchter var sjølvutnemnd ekspert på avrettingsmetodar i USA. På førespurnad frå den britiske forfattaren og holocaustfornektaren David Irving reiste han til Polen. Der vitja han dødsleirane for å vitskapleg stadfeste, eller avkrefte om systematisk avretting av menneske hadde skjedd her. Med sin 'ekspertise' vart rapporten skriven og konkluderte med at ingen bevis for avretting med gass vart funnen. Rapporten skulle nyttast til Zündels forsvar, men vart av retten avskriven som eit falskneri. Denne saka førte til at organisasjonen The Beate Karlsfels Foundation gav ut boka *Truth Prevails – Demolishing Holocaust Denial: The end of the Leuchter report* (1990), som tek for seg rapporten og avkreftar påstandane den kjem med.

Deborah Lipstadt gav i 1993 ut verket *Denying the Holocaust – The Growing assault on truth and memory*. Boka er nok den mest kjende som tek opp tematikken, då den leia til Irving-saka. Dette er den mest kjende saka om fornekting av holocaust. Boka i seg sjølv er eit oversiktverk der Lipstadt, professor i moderne jødisk historie, tek opp bakgrunn for fornekting, enkeltsaker og personar og bevisa dei kjem med. Ho avviser også påstandane til fornektarane. Lipstadt drøftar også korleis ein skal handtere fornekting. Ho skriv at ved å løfte påstandane fram i ljuset gjev ein dei merksemd dei ikkje fortener. Ved å gå i debatt med fornektarane kan ein gje antisemittiske og historieforfalskande meiningar legitimitet. Ho hevdar derimot at den aukande historieforfalskande framgangsmåten til fornektarane er grunn for bekymring. Fornekting vert kamuflert som grundig forskning med kjeldetilvisingar og litteraturlister. For Lipstadt er dette ein fare for legitimiteten til historiefaget om ein ikkje erkjenner problematikken. Boka er likevel mest kjend for utfallet av ei karakterskildring i boka. I boka skildrar Lipstadt den tidlegare nemnde David Irving som ein 'holocaustfornektar'. Irving gjekk difor til sak mot Lipstadt og hennar forlag Penguin Books, og saksøkte dei for denne karakterskildringa. Saka sette for alvor fornekting av holocaust på dagsordenen. Debatten rundt saka raste i verda, også i Noreg der historikar Hans Fredrik Dahl

---

<sup>9</sup> Lipstadt 1993: 117

gav Irving positiv omtale. Odd Bjørn Fure skreiv då heftet *Kampen mot glemselen - Kunnskapsvakuum i mediesamfunnet*, som eit tilsvar til Dahls positive vurdering av Irving.

Rettsaka mellom Lipstadt og Irving leia til meir litteratur innan feltet. Historikaren Richard Evans vart kalla inn som ekspertvitne i saka for Lipstadts forsvar, og skulle vise at ho hadde grunnlag for å skildre Irving som fornektar. Etter si rolle i saka, skreiv han boka *Lying About Hitler* (2002). Her presenterer han funna sine. Evans gjekk her systematisk gjennom Irvings liv og publikasjonar, og konkluderer med at Irving utan tvil kan skildrast som ein holocaustfornektar.

Eit anna av dei større verka er Michael Shermer og Alex Grobman sitt verk, *Denying History: Who says the holocaust never happened and why do they say it.* (2000) Her vert spørsmåla om kven fornektarane er og kvifor dei fornektar holocaust teke opp. Gjennom intervju, og direkte møter med fornektarar, ynskjer boka å forstå forneking av holocaust, og psykologien bak. Robert S. Wistrich er redaktør for boka *Holocaust Denial* (2012) som og drøftar tematikken gjennom fleire artiklar som ser på ulike delar av verda.

Om me flyttar blikket til Noreg og norsk forskning om forneking, har me to artiklar og to mastergradar der forneking av holocaust er hovudfokuset. Ingrid Grimstad og John Anders Johnsen skreiv i 2014 kvar si masteroppgåva om forneking. Grimstad skriv om Olav Hoaas, lektor ved Stokmarknes gymnas, som vart dømt etter å ha blant anna ytra holocaustfornektande utsegn i klasserommet, medan Johnsen skriv om Irving v. Lipstadt i si oppgåve. Dei siste åra har ein fått nokre verdifulle tilskot til skrivinga. Historikar Kjetil Braut Simonsen har publisert to artiklar som tek opp holocaustforneking direkte. *Holocaustbenektelse i Folk og Land (8. mai), 1948-1975. En diskurs tar form* (2019) ser på forneking av holocaust i NS veterananes avis *Folk og Land*. I artikkelen sporar Simonsen forneking tilbake til få år etter krigens slutt, og skildrar forneking som eit gjentakande element i bladet. Forneking var ein del av det historierevisjonistiske prosjektet til NS-veteranane, men vart og kopla til eit konspiratorisk syn på verda. *Holocaustbenektelse på norsk: et historisk perspektiv* (2021) ser på tidsperioden frå 1945 til vår eiga tid, og er ei vidareføring av artikkelen som såg på *Folk og Land*. Simonsen etablerer forneking som ein høgreekstrem diskurs, og ser korleis forneking har vore debattert i offentlegheita. Særleg saka om lektor Hoaas og David Irving vert drøfta. Artikkelen gjev og eit overblikk på korleis forneking har kome til uttrykk i Noreg.

Litteraturen som er skildra til no er dei som har forneking av holocaust som hovudfokus. Forneking av holocaust er også drøfta i andre samanhengar. Her er litteraturen om miljøa som oftast er assosiert med forneking interessant. Eit av dei fremste miljøa som er knytt til forneking av holocaust er *Institute of Historical Review*. Dette er eit amerikansk institutt som vert skildra som ein av dei største promotorane av holocaustforneking.<sup>10</sup> Om instituttet har Jamie Polesky skrive sin mastergrad, *Armchair Antisemites, A History of the institute of Historical Review (2014)*. Om dei nynazistiske miljøa i Noreg eksisterer det ein del forskning. *Arvtakerne (1984)* av Per Bangsund tek opp utvikla innan norsk nynazisme etter krigen. Bangsund var journalist, og boka er ikkje forskingslitteratur, men baserer seg på samtalar med nynazistar og dekkjer i stor grad nazisme i Noreg etter krigen fram til 1980-tallet. Forneking av holocaust vert ikkje nemnt i stor grad i boka, men omhandlar organiseringa av dei som støtta NS etter krigen. Henrik Lunde har skrive boka *Aller Ytterst*, som tek for seg høgreekstreme grupperingar i samtida. Boka vart gjeven ut i 1993. Simonsen har i tillegg til sine artiklar om forneking, også skrive om antisemittisme i Noreg. Boka *Jødehat (2005)* og artiklane *Antisemitism on the Norwegian Far-Right (2020)* og *Antisemitism as conspiracism (2020)* og tek opp antisemittisme, noko som er eit sentralt element i forneking av holocaust. Me finn i tillegg to mastergradar som tek for seg den ideologiske utviklinga innan norsk nynazisme. Desse er Lars Praus si oppgåve *Bakover i det nye Norge, Ideologisk utvikling innen norsk nynazisme 1967-1985 (2014)* og Simen Olstad si oppgåve *Miljøet som forsvant, ideologisk utvikling innen norsk nynazisme sidan 1990 (2021)*.

### 1.3 Problemstilling og avgrensing

På bakgrunn av den tidelgare forskinga, som i stor grad har fokusert på åra før 1975 eller har sett på holocaustforneking med eit overordna perspektiv, har eg formulert problemstillinga;

*Kva slags grupperingar og aktørar har fornektat holocaust og korleis har forneking av holocaust kome til uttrykk i Noreg mellom 1975 til 2000?*

Problemstillinga har to hovudspørsmål som opnar for fleire moglege forskingsspørsmål. Det fyrste spørsmålet er kven som fornektar holocaust? Ulike grupperingar og aktørar som har

---

<sup>10</sup> Lipstadt 1993: 4

fornekta folkemordet skal studerast. Det høgreekstreme miljøet i Noreg er då i fokus. Dette miljøet er lite, fragmentert og med fleire grupperingar med ulike målsetjingar. Kven er desse, kva er målsetjingane og ideologien til dei som gjer forneking plass i sine publikasjonar? Det andre hovudspørsmålet er korleis forneking av folkemordet har kome til uttrykk. Spørsmålet opnar for fleire interessante forskingsspørsmål. Kva er påstandane til fornektarane og korleis vert desse presenterte er eit sentralt spørsmål. Finn me strategiar som fornektarane nyttar og kva rolle spelar forneking for miljøa? Det opnar også for å sjå utvikling av forneking som diskurs, og kva som driv denne utviklinga? Ser me endringar i omfang, og kor stor del av den ideologiske kampen som dreier seg om å fornekte folkemordet? Analysekapitela vil etablere eigne spørsmål for å svare på hovudproblemstillinga.

Eg har valt å sjå på forneking i perioden 1975 til 2000. Dette er det tre grunnar til. Den fyrste grunnen er fordi Simonsen si forskning dekkjer perioden før, og fordi forneking av holocaust har utvikla seg til eit meir komplisert fenomen. Dette er som følgje av den meir revisjonistiske og pseudovitskaplege retninga fornekinga har teke. 1975 markerer og eit skilje i det nynazistiske miljøet. Ein kan dela det nazistiske miljøet i Noreg inn i 'gamle' og 'nye' nazistar. Dei gamle nazistane er i hovudsak personar som var knytt til Nasjonal Samling under krigen og ynskte sosial oppreising for veteranane. Desse oppretta organisasjonen Forbundet for Sosial Oppreising i 1949, og publiserte avisa *Folk og Land* som hadde som mål å drive historisk revisjon av rettsoppgjeret. Avisen var og ein distributør av holocaustforneking. Forneking av holocaust i *Folk og Land* har Kjetil Braut Simonsen forska på.<sup>11</sup> Dei 'nye' nazistane spring ut av dei yngre kreftene i miljøet rundt *Folk og Land*. I 1975 danna ungdomsmiljøet si eige gruppering, Norsk Front (NF). Den siste årsaka er tiåret 1970. Sjølv om holocaustforneking har kome til uttrykk heilt sidan mai 1945, ser me ei auka merksemd rundt folkemordet på 1970-talet.<sup>12</sup> På bakgrunn av denne endringa i kollektiv minne av holocaust skal studien sjå om fornekinga reflektere diskursen elles i samfunnet. Den offentlege debatten som forneking har leia til vert ikkje eit tema i oppgåva. Korleis saker som Hoas og Irving vart tema for offentleg debatt er i stor grad drøfta tidlegare. Avgrensinga stoppar i år 2000. Etter tusenårsskiftet gjorde internett seg gjeldande, og med det ei ny bølge av antisemittisme. Den nettbasert fornekinga, slik som artikkelen på frihetskamp.net, er eit mogleg tema for mange masteroppgåver i framtida.

---

<sup>11</sup> Simonsen 2019

<sup>12</sup> Simonsen 2019

## 1.4 Teoretisk rammeverk

For å svare på problemstillinga kategoriserer eg fornekinga inn i dei tre kategoriane revisjonistisk, konspirasjonsteoretisk og signaliserande forneking. Dette er ei teoretisk inndeling av korleis forneking av holocaust har kome til uttrykk. Bakgrunnen for denne inndelinga er å sjå korleis dei ulike grupperingane og aktørane nyttar ulike strategiar og stilar når dei fremmar påstandane sine. Ved å sjå på fornekinga med ulike teoretiske perspektiv vert det mogleg å samanlikne og utforske utvikling over tid. Her vert det mogleg å drøfte dei ulike målsetjingane til fornektarane og korleis desse eventuelt har påverka korleis fornekinga kjem til uttrykk på tvers av publikasjonane. Grupperingar og aktørar har uttrykt forneking til ulike tider. Har dette påverka forneking? Til dømes vert skilje mellom dei nye og gamle nazistane sentralt.

Kategorien revisjonisme er forneking av holocaust i ein pseudovitskapleg stil. Revisjonisme er drøfta av fleire i den eksisterande litteraturen. Lipstadt er til dømes veldig kritisk til å nytte omgrepet for å skildre forneking, då det er fornektaren sjølv som teke det til sitt føretrekte omgrep.<sup>13</sup> Omgrepet revisjonisme siktar eigentleg til ei endring av den etablerte historia. Det vil seie at ein endrar den etablerte kunnskapen basert på nytt bevisgrunnlag. Eit døme er arkeologar som finn nytt dinosaurfossil og endrar si oppfatning til at nokre dinosaurane hadde fjær, der ein før trudde dei berre hadde skjell. Ved fyrste augnekast verkar dette som den rette måten å drive historisk forskning på. Nye kjelder og nye metodar leiar til ny kunnskap. Revisjonisme som omgrep har likevel fått eit negativt omdøme innan historiefaget. Dette er knytt til forsøk på å endre historia basert på personleg eller politisk ideologi.<sup>14</sup> I boka *Holocaust Denial*, skildrar Robert Wistrich målet til revisjonistane. Målet er å få aksept for dei fornektande synspunkta som ei anna side i den historiske debatten.<sup>15</sup> Får å nå dette målet vert den historiske metoden med fotnotar, litteraturliste og kjeldebruk nytta for å framstille forneking av holocaust som legitim forskning. Det å skildre seg sjølve som revisjonistar er i seg sjølv eit forsøk på å legitimere påstandane sine. Revisjonisme vert tidvis referert til som «soft denial», då den heilt eksplisitte fornekinga vert skjult bak retoriske verkemiddel som at ein berre presenterer eit anna perspektiv, eller berre ynskjer å etablere den verkelege

---

<sup>13</sup> Lipstadt 2012: 19

<sup>14</sup> Shermer & Grobman 2000: 2

<sup>15</sup> Wistrich (red.) 2012: 1

sanninga.<sup>16</sup> Lipstadt nyttar ikkje revisjonistar som omgrep, og skildrar dei heller som fornektarar. Eg vel likevel å kategorisere revisjonisme som ein underkategori til fornektning, då måten revisjonisme kjem til uttrykk skil seg frå den konspiratoriske. Studien skal i kapittel 3 sjå på korleis den revisjonistiske forma har gjort seg gjeldande i Noreg.

Den konspiratoriske stilen er fornektning av holocaust knytt til det breiare antisemittiske og konspiratoriske synet på verda. I sine artiklar peikar Simonsen på at fornektning av holocaust spring ut av eit konspiratorisk syn på verda. Jødar har lenge vorte skulda for å stå bak ein konspirasjon. Artikkelen *Antisemitism as Conspiracism* (2020), peikar på utviklinga av desse teoriane. Utviklinga er ikkje linjer, med det er nokre haldepunkt. I mellomalderen vart Jødar skulda for rituelle drap, ‘hostieskjending’, og vatnforgifting. Dette vart i stor grad religiøst motiverte konspirasjonsteoriar. Meir moderne teoriar har eit større økonomisk og strukturelt element. Tanken om ein ‘verdsjødedom’, ei samansverjing med ynskje om innverknad og makt utvikla seg under den franske revolusjonen, og fekk støtte av falske dokument som hevda at jødane ynskje å styre verda, som *Sions Vise Protokoller*.<sup>17</sup> Dei nye ideologiane, og politiske uroa i Europa som fylgje av den fyrste verdskrigen, leia til auka bruk av konspiratoriske narrativ. Særleg Tyskland, den tapande part i krigen, opplevde ein auke i haldningane. Dolkestøytslegenda utvikla seg, og jødane vart skulda for nederlaget.<sup>18</sup> Desse påståtte samansverjingane vart motivasjonen for folkemordet på jødane under den andre verdskrigen, og er no blitt motivasjon for fornektninga av folkemordet. Fornektning kan sjåast som ei forlenging av denne konspirasjonsteorien. Forteljninga av holocaust er skapt av og for jødane. Den konspiratoriske fornektninga vert tema for kapittel 4.

Den tredje teoretiske tilnærminga studien har til fornektning har eg valt å kalle signaliserande. Tilnærminga er ikkje etablert innan den eksisterande litteraturen. Gjennom analysen har det likevel utvikla seg eit behov for ein tredje uttrykksform. Den signaliserande kategorien er holocaustfornektning i si enklaste form. Det er fornektning som ikkje passer inn i den revisjonistiske retoriske stilen, eller den konspiratoriske, men kan ha element frå begge. Ein kan definere stilen som fornektning med signaleffekt. Den kan samanliknast med propaganda, då både språklege og visuelle verkemiddel vert nytta for å signalisere fornektning. Signaliserande fornektning er i hovudsak fornektning utan argument eller årsaksforklaringar. Ein

---

<sup>16</sup> Wistrich (red.) 2012: 1

<sup>17</sup> Simonsen 2020a: 360-361.

<sup>18</sup> Simonsen 2020a: 362



kan dele stilen i to. Målet er anten å signalisere til ein meiner holocaust ikkje skjedde, eller å sjokkere meiningsmotstandarar med dei fornektande påstandane. Det er då både ei subtil form, men og ei heilt eksplisitt form. Det klaraste dømet på subtil fornektning er korleis alle dei norske fornektarane referer til holocaust i sine publikasjonar. Omgrepet holocaust står konsekvent i hermeteikn. Slik; «'holocaust'». Dette er eit ironisk verkemiddel for å signalisere at ein meiner omgrepet ikkje har verdi. Dette er den subtile måten. Den heilt eksplisitte måten er til dømes å ytre påstanden «holocaust skjedde ikkje». Påstanden er sjokkerande og kan skape reaksjonar. Ei heilt eksplisitt form for fornektning kan skape debatt eller mediedekning, noko som er ei målsetjing for fornektarane. Signaliserande fornektning vert drøfta i kapittel 5.

## 1.6 Metode og kjelder

Oppgåva er ein studie av holocaustfornektning i Noreg. I hovudsak fungerer analysen som ein idéhistorisk diskursanalyse. Det er både ein studie av ideologien og mentaliteten i miljøa og hjå aktørane i form av ein idéhistorisk analyse, men i hovudsak ein studie av korleis fornektning av holocaust har kome til uttrykk i desse miljøa og aktørane. Ved å nytte ein diskursanalytisk tilnærming til kjeldegrunlaget ynskjer eg å sjå etter dei mønstra fornektning kjem til uttrykk gjennom og måten holocaust vert omtalt gjennom det teoretiske rammeverket. Kjeldemateriale vert analysert på ein kvalitativ måte. Eg nyttar i hovudsak Fairclough tredeling av kritisk diskursanalyse.<sup>19</sup> Nivå ein er tekstanalyse. Korleis språkbruken innanfor kategorien skapar perspektiva til fornektning. Korleis nyttar fornektaren språket til å framstille seg sjølve som til dømes revisjonistar. Det andre nivået er diskursiv praksis. Korleis oppstår teksten og korleis vert den motteken. Kva kontekst oppstår fornektning i? Til dømes kvifor vel fornektarane å kople holocaust til eit større konspiratorisk syn på verda? Det tredje nivået er den sosiale praksisen. Kva er dei samfunnslege rammene til teksten? Den fornektande diskursen kan sjåast som ein reaksjon på den offentlege diskursen om holocaust, og desse to diskursane vert samanlikna og sett opp mot kvarandre i diskursanalysen. Til dømes vert eit spørsmål om debattar om holocaust påverkar kva som vert forneakta?

Kjeldene er i stor grad skriftlege, med nokre visuelle kjelder som bilete. Oppgåva er då ein dokumentanalyse der innhaldet vert tematisk og systematisk skildra for å svare på

---

<sup>19</sup> Fairclough 1995: 98

problemstillinga. Eit viktig spørsmålet vert då, i kva grad har kjeldene relevans til å svare på problemstillinga? For å svare på kven som fornektar holocaust, ser eg på dei kjeldene som fornektar folkemordet. Analysen byggjer på tidskrift og publikasjonar som fornektar folkemordet. Ut i frå desse kan me danne eit bilete av kven som fornektar folkemordet.

Korleis folkemordet har kome til uttrykk vert studert ved den kvantitative tilnærminga. Deira eigne publikasjonar gjev innsyn i diskursen rundt holocaust. Kva argument vert nytta, og kva stil og strategiar er føretrekte. Når ein spør korleis forneking kjem til uttrykk, og ynskjer å samanlikne ulike grupperingar og aktørar sine stilar har også kjeldemateriale relevans. Ei vid avgrensing og ved å inkludere fleire grupperingar og aktørar opnar moglegheita for samanlikning på tvers av grupperingane og aktørane sine publikasjonar.

Ut i frå mi problemstilling er dei relevante kjeldene i hovudsak dei nynazistiske grupperingane og aktørane sine eigne publikasjonar. Desse kan gje innsyn i tankegangen til fornektarane. Det er likevel utfordringar med deira eigne publikasjonar. Ein publikasjon vil alltså vere prega av at det vert publisert. Det som står skrive er retta til eit publikum. Her er det ulikskapar i kjeldematerialet. Nokre av publikasjonane er medlemsblad, som berre går til medlem, medan nokre er allment publisert og må ta omsyn til den offentlege responsen. Det kan vere forskjell på haldningane internt i ein organisasjon og haldningane dei deler med omverda. Dette kjem an på kva publikum innhaldet er retta mot. Medlemsblad tilpassar stoffet til medlemene sine, medan intervju i aviser kan tilpassast til eit breiare publikum.

Publikasjonane til ulike nynazistiske og høgreekstreme organisasjonar og aktørar har historikar Kjetil Braut Simonsen ved Jødisk museum i Oslo, samla og digitalisert. Denne kjeldesamlinga har eg fått innsyn i. Den inneheld ei rekkje publikasjonar, plakatar, aviser og anna relevant materiale frå ulike grupperingar. Samlinga har materiale knytt til nynazistiske grupperingar som Boot Boys, Zorn 88, Norsk Front og Vigrid. Denne samlinga er særskild viktig, og ein stor del av kjeldene eg nyttar kjem frå denne. Kjeldesamlinga inneheld dessverre ikkje alt som er publisert, men etter ein gjennomgang av om lag 150 tidskriftnummer og diverse anna materiale, meiner eg at kjeldesamling gjev eit heilskapleg bilete av haldningane og ideologien til grupperingane og aktørane. Det er også publisert nokre bøker og pamflettar som vert studerte. Desse er tilgjengelege på Nasjonalbiblioteket, samt avisartiklar som også er digitaliserte på Nasjonalbiblioteket. Det er analysert eit breitt materiale som har eit stort omfang. Dette har opna for å samlikne over tid, og på tvers av grupperingar og aktørar.

Utvalet av kjelder er då både relevant og representativt for ein studie av den norske fornektande miljøet.

## 1.7 Forskingsetisk problemstilling

Fornekning av holocaust har ikkje blitt teken opp i akademia utan debatt. Debatten tek utgangspunkt i problemstillinga; skal ein gje antisemittiske meiningar merksemd? Fornekning av holocaust vert av dei som har forska på det, skildra som ein ny form for jødehat, eller antisemittisme. For historikarar kan det å i det heile gje desse meiningane merksemd vere med på å legitimere desse. Det kan verke nedverdiggande for ein historikar å engasjere seg med fornektarar.<sup>20</sup> For historiefaget vert det også eit problem om ein må avvise alle feilaktige påstandar som vert retta mot godt dokumenterte hendingar. Historikarar skal ikkje vere brannfolk som spring frå påstand til påstand og sløkkar alle forsøk på å endre historia på grunn av personleg, politisk eller ideologiske grunnar. Holocaust har skjedd, det er ikkje noko som er mogleg å debattere. Det er ikkje to sider av ei sak i dette tilfellet.<sup>21</sup>

Likevel ser eg og fleire andre det som viktig å fokusere på fornekning av holocaust. Regjeringa i Noreg publiserte tidleg i 2022 ein rapport som såg på tilliten til forskning i samfunnet. Noreg er eit land med høg grad av tillit til forskning, men rapporten peikar på fleire trugslar. Konspirasjonsteoriar og digitale ekkokammer er nemnt som to moglege trugslar mot denne tilliten.<sup>22</sup> Fornekning av holocaust florerer i dag på nett, i lukka forum eller på sider der fleire deler same oppfatning, altså i digitale ekkokammer. Fornekning av holocaust byggjer konspiratoriske element. Fornekning er sirkelargumenterande, skuldar på ein skjult agenda og fornektarane meiner å inneha den eigentlege sanninga. Fornekning av holocaust skil seg også frå andre konspirasjonsteoriar. Det er vanskeleg å overtale nokon om at jorda er flat, ettersom dei fleste har sett ein horisont og kan sjølv sjå jorda sin kurve. Holocaust derimot, har nokre utfordringar. Om ikkje lenge eksisterer berre den andre verdskrigen og holocaust i minne. Jo lenger tid mellom ei hending og samtida, jo større rom for feilaktige slutningar om hendinga. Tida som går kan og opne for mindre kunnskap i samfunnet generelt. Ei undersøking frå USA viser til dømes at 63% av dei spurde ikkje visste at talet på drepne jødar var 6 millionar og at

---

<sup>20</sup> Grobman & Shermer 2000: 2

<sup>21</sup> Lipstad, 1994: 1

<sup>22</sup> Thue et al. 2022

ein av ti ikkje kjenner til omgrepet holocaust.<sup>23</sup> Hausten 2022 utalte rappar Ye, tidlegare Kanye West, i ein podkast med konspirasjonsteoretikar Alex Jones at Hitler ikkje drap 6 millionar jødar, i lag med andre antisemittiske utsegn.<sup>24</sup> Kombinasjonen av lite kunnskap, offentlege figurar som promoterer fornektning og låg tillit til forskning, kan i verste fall føre til auka fornektning.

Sjølv om holocaust er særst godt dokumentert, kan tida føre til ei heving av takhøgda for å tvile på folkemordet. Den revisjonistiske stilen skapar utfordringar for historiefaget og samfunnet. Fornektaren David Irving sine bøker er eit godt eksempel. Når Richard Evans skulle gå igjennom desse til rettssakene, var kjeldemateriale til Irving enormt.<sup>25</sup> Kjeldene var til tider på tysk og russisk, noko som gjorde det endå vanskelegare å kvalitetsjekke fotnotane. For sin bruk av kjelder vart Irving stundom hylla. Her i Noreg hylla til dømes historikar Hans Fredrik Dahl Irvings flittige og nøye bruk av eit stort kjeldemateriale. Som ettertida har vist, var Irving sin metode eit forsøk på å skjule sine eigentlege meiningar. Den nemnte *Leuchter-rapporten* er ein anna revisjonistisk publikasjon. Her nytta Fred Leuchter vitskaplege analysar frå eit laboratorium som testa spor av veggane i det eine gasskammeret i Auschwitz. Prøvene vart analyserte anonymt og fann ingen spor av Zyklon B. Funna vart då framstilt som vitskaplege bevis på at gassing ikkje hadde skjedd her. Resultata var heilt rett, men analysane var gjort av ein rekonstruksjon av gasskammeret.<sup>26</sup>

Om samfunnsutviklinga gir grobottn for fornektning, må ein motvirke denne utviklinga. Sjølv om eg og andre som har skrive om fornektning meiner at dette er eit viktig emne å ta opp, må ein ta nokre vurderingar om kor stor plass ein skal gje påstandane, teoriane og ideologien til fornektarane. I verste fall kan det å gje påstandane merksemd forsterke dei. Lipstadt skriv til dømes om korleis ho nekta å stille til debatt med ein fornektar i eit TV-program. Det var ikkje aktuelt for ho å stille som debattant i noko som ikkje skal debatterast. Holocaust er ikkje enten sanning eller ei myte. Ved å gå i debatt legitimerer ein den andre sida. På bakgrunn av denne tankegangen hausta dåverande rektor Dag Rune Olsen ved Universitetet i Bergen kritikk då han opna for å invitere fornektarar til debatt ved universitetet. Fleire reagerte kritisk då dei

---

<sup>23</sup> Ramgopal 2020

<sup>24</sup> Paybara 2022

<sup>25</sup> Evans 2002: 6

<sup>26</sup> Shapiro 1990

meinte at meiningane ikkje høyrde heime ved ein utdanningsinstitusjon.<sup>27</sup> Her handlar det om å gje fornektarane ei plattform. Ytringsfridomen står sterkt i Noreg. Då er det ekstra viktig at tema vert tatt opp på ein skikkeleg måte. Ein kan ikkje dytte det under teppe og håpe det forsvinn. Shermer og Gorbman meiner at det ikkje er nok å møte fornektning som 'elfenbeinstårn-akademikarar'.<sup>28</sup> Ein må ta problematikken på alvor, drøfte det på ein måte som er tydeleg på at fornektaren tek feil, og påstandane dei kjem med er antisemittiske og farlege.

---

<sup>27</sup> Olsen et al. 2019

<sup>28</sup> Shermer & Grobman 2000: 2

## 2. Antisemittisme, holocaust og fornekinga av det.

### 2.1 Innleiing

*Kjære Lærer! Jeg er overlevende fra en konsentrasjonsleir. Jeg så det som intet menneske burde være vitne til: Gasskamre bygd av dyktige ingeniører. Barn gasset i hjel av velutdannede leger. Spedbarn drept av erfarne sykepleiere. Kvinner og deres babyer skutt og brent av mennesker med eksamener fra gymnas og universitet. Jeg er blitt skeptisk til utdanning. Min bønn er: Hjelp elevene dine til å bli menneskelige. Ditt arbeid må aldri produsere lærde monstre, dyktige psykopater, velutdannede Eichmanner. Lesing, skriving og regning er viktig bare hvis det tjener til å gjøre våre barn mer menneskelige.<sup>29</sup>*

Holocaust er som nemnd eit av emna innan historiefaget ein finn mest litteratur om. Holocaust er også skildra i mangfaldige former, som skjønnlitteratur, film, tv-seriar og dokumentarar. I læreplanen for historie i den vidaregåande skulen i Noreg er holocaust den einaste spesifikke historiske hendinga som er nemnd.<sup>30</sup> Historia om holocaust skal ikkje vere ei ukjent historie. For mange er historia om holocaust sjølve historia om den andre verdskrigen.<sup>31</sup> Dette har ikkje alltid vore tilfelle. Forteljinga om holocaust har utvikla seg etter krigen. Dei historiene me vel å fortelje, speglar ofte samfunnet dei eksisterer i. Forteljinga om krigen i Noreg har utvikla seg frå ei patriotisk forteljing, der fokuset fyrst var på kampen mot okkupasjonsmakta, til ei forteljing som inkluderer holocaust i større grad. Diskursen rundt folkemordet har også utvikla seg frå ein tysk og jødisk historie, til ei universell forteljing om moral, rasisme og ekstremisme.<sup>32</sup>

Sjølv om forteljinga om folkemordet har utvikla seg i retning av ei universell forteljing, der historia er sett på som viktig, og som moralsk kompass, ser ein tendensar til mindre kunnskap om folkemordet. Den nemnde studien i frå USA som viser at 63% av dei som vart spurt ikkje visste at om lag 6 millionar drepne jødar vart drepne, viser denne tendensen. Ein kan likevel

---

<sup>29</sup> Eidsvåg et al. 2011, Brev frå anonym konsentrasjonsleirfange.

<sup>30</sup> Kunnskapsdepartementet 2019

<sup>31</sup> Mawdsley 2018: 158

<sup>32</sup> Levy & Sznajder 2005

ikkje påstå at dei same tala gjer seg gjeldande i Noreg. I studien *Holdninger til jøder og muslimer i Norge 2022* står det at 96% av befolkninga i Noreg har høyrte om holocaust, og at 96% av norske elevar meiner det er viktig at me lærer om Holocaust.<sup>33</sup> Dette er positive tal, men seier oss ikkje noko om kva me veit, og om nokon tvilar på at det skjedde. Ein studie frå Storbritannia viser at elevar ved britiske skular kan få eit skeivt inntrykk av holocaust på grunn av læraren sin manglande kompetanse.<sup>34</sup> Om tendensen er den same i Noreg er vanskeleg å seie, men det er krefter som ynskjer å slette holocaust frå minnet. Regjeringa har ulike handlingsplanar for å motverke ekstremisme og antisemittisme. I handlingsplanen mot ekstremisme står det, «Blant annet kan ulike sårbarhetsfaktorer eller et opplevd utenforskap være utgangspunkt for rasistiske eller antisemittiske holdninger, utøvelse av hatkriminalitet, eller en radikaliseringsprosess».<sup>35</sup> I handlingsplanen mot antisemittisme vert skulen peika på som ein arena for å motverke slike haldningar tideleg.<sup>36</sup> Påstandar, som for fleirtalet av folket er oppspinn, kan for unge, sårbare og formbare menneske leia ned ein mørk sti.

Dette kapittelet har to mål. Det fyrste er å drøfte den historiske konteksten rundt holocaust og temaet for oppgåva, fornekinga av holocaust. Kunnskap om holocaust og årsakene bak holocaust er av den grunn særst viktig. Uttrykket «aldri meir» står sentralt i diskursen rundt holocaust. Sitatet som dette kapittelet byrja med er ei bønn frå konsentrasjonsleiren om å ikkje sitte stille i båten, men å stå opp mot dei nye bølgjene av dei same haldningane som leia til folkemordet. Me skal lære kva dei ytste konsekvensane av ideologiar bygd på hat er. Om desse lærdommane gradvis mistar sin verdi, aukar spelerommet til dei som ynskjer desse tankane velkomne. Den ytste konsekvensen er Auschwitz, og liknande konspiratoriske og hatefulle tankar har i nyare tid etablert seg i miljø der terroristar føler seg heime.<sup>37</sup> Eit av dei fremste våpena til dei som ynskjer å sette holocaust i tvil, er mangelfull kunnskap om holocaust. I ei oppgåve som tek opp påstandar meint for å så tvil om holocaust, er det relevant og viktig å etablere den verkelege historia.

---

<sup>33</sup> Moe 2022: 12

<sup>34</sup> Törngren 2021

<sup>35</sup> Justis- og beredskapsdepartementet 2020: 7

<sup>36</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2021 18

<sup>37</sup> Philip Manshaus var til dømes i kontakt med Den Nordiske Motstandsbevegelsen: Brekke & Zondag 2020

Det andre målet er å drøfte diskursen rundt holocaust. Oppgåva er ein diskursanalyse. Holocaustfornekting skjer ikkje i eit vakuum, og vert påverka av diskursen om holocaust i samfunnet. Som nemnd har forteljinga om folkemordet utvikla seg. Her er minnekultur eit sentralt omgrep. Korleis har folkemordet blitt hugsa i Noreg? Korleis har fornekting utvikla seg i lag med diskursen generelt i samfunnet? Speglar fornektinga merksemda rundt holocaust? Desse spørsmåla fungerer som eit overordna tidsperspektiv på fornektinga, for å sjå om me ser endringar over tid.

## 2.2 Antisemittisme

Kva er antisemittisme? Ein kan seie at det er jødehat. Det er meir passande å seie at det er hat mot førestillingar om jødane.<sup>38</sup> Desse førestillingane er ofte jødar som vonde, svikefulle, mektige, men og underlegne og utnyttande. Hatet tek ulik former basert på kven det vert retta mot, og kva tidsepoke ein snakkar om. Jødar, slik som alle menneske, er forskjellige. Jødar som er fattige vert sett på som underlegne andre menneske, medan dei rike jødane vert skulda for å stå bak ein skjult agenda. Dei vert ikkje hata fordi dei er jødar, og har nokre unike eigenskapar, men dei vert hata fordi nokon er antisemittar.

Antisemittisme er ikkje eit nytt fenomen. I boka *Holocaust denial* står det at Nazi-Tysklands forsøk på å utrydde jødane er kulminasjonen av dei djupe antisemittiske røtene i europeisk historie.<sup>39</sup> Ein kan likevel ikkje snakke om ei lineær historie der hatet gradvis auka og til slutt enda med masse mord. Simonsen skriv i sin artikkel, *Antisemitism as Conspiracism* (2020), at historia er 'konjunktur', eller varierende.<sup>40</sup> Hat mot jødar aukar i periodar der ein ser politisk polarisering, økonomiske kriser, sosiale kriser eller store omveltingar.<sup>41</sup> Utviklinga av jødehat går i stor grad i lag med utviklinga av kristendommen i Europa. Jødane blei sett på som ansvarlege for Jesus sin død, og står difor i lag med djevelen. Mellomalderens korstog konsoliderte kristendommen som den leiande religion i Europa, og førte ein krig mot jødar, liksom krigen mot Islam. I mellomalderbyen York vart til dømes 150 jødar offer for ein massakre i 1190, som eit resultat av den kristne framvekst i mellomalderen.<sup>42</sup> Martin Luther,

---

<sup>38</sup> Eriksen et al. 2005: 13

<sup>39</sup> Seidel 1986: xviii

<sup>40</sup> Simonsen 2020a: 357, mi omsetting frå «Conjunctural».

<sup>41</sup> Simonsen 2020a: 357

<sup>42</sup> History of York u.å.



kjend som grunnleggar av den protestantiske retninga, kom med slike utsegn i sin pamflett *Om jøder og deira liv* utgjeven i 1543, «Synagoger bør brennast, husa deira øydelagt, forby dei heilage bøkene, rabbiane skal ikkje få lære og jødar får ikkje reise.»<sup>43</sup>.

Nyare tankar om ein internasjonal samansverjing av jødar med målsetjing om verdsherredøme utvikla seg i lag med auka globalisering. På starten av 1900-tallet vart jødar offer for propaganda under den russiske revolusjon. Ei samling protokoller kalla *Sions Vise Protokoller* som skulle vise ein møtelogg frå den fyrste sionkongressen i 1897 der planane for jødisk verdsherredømme vart skissert ut, vart publisert under revolusjonen.<sup>44</sup> Det som seinare har vist seg å vere falskneri, skulle fungere som propaganda mot Bolsjevikane. Protokollane vart raskt spreidd og vert framleis nytta som kjelde til tanken om at jødane har ein skjult agenda om å ta over verda.<sup>45</sup> Etter den fyrste verdskrigen vart dolkestøytslegenda utvikla i nasjonalistiske sirkular i Tyskland. Tapet av krigen skjedde ikkje på slagmarka i følgje desse, men av jødiske bakmenn som stakk den tyske hæren i ryggen.

Antisemittisme gjekk også gjennom ei endring som følgje av teoriane til Charles Darwin.<sup>46</sup> Jødehatet fekk eit biologisk element. Den arten som var best tilpassa til miljøet rundt seg overlevde lengst. Ut frå desse prinsippa utvikla tanken om sosialdarwinisme. Her vart menneske delt inn i ulike rasar, med eit hierarki over kven som var overlegne dei andre. Jødar var ikkje lenger ei gruppe som hadde jødedommen som religion, men også ein eigen rase. I lag med bølga av nasjonalisme som fossa inn over Europa på 18-1900 talet, vart tanken om raseoverlegenheit og kampen for overleving av den sterkaste rasen til inspirasjon for Adolf Hitler i festningsarresten i Landsberg ved Lechfloden. Det ideologiske tankegodset til Hitler kjem fram i boka han skreiv som innsett, *Min Kamp*. Boka opnar med påstanden «Felles blod høyrer heime i eit rike».<sup>47</sup> Hovudtrugselen mot det tyske fedreland er tydeleg for Hitler, som skriv;

---

<sup>43</sup> Jewish Virtual Library u.å.

<sup>44</sup> Sionisme er den politiske ideologien som hadde som mål å etablere ein nasjonalstat til jødane: Banik 2020 "sionsime"

<sup>45</sup> Eriksen et.al 2005: 361

<sup>46</sup> Eriksen et al 2005: 158

<sup>47</sup> Hitler 1966: 15.

Sigrar jøden ved hjelp av sin marxistiske truvedkjenning over denne verdas folkeslag, då vil hans krone bli kransen på menneskeheitas grav, da vil denne planet liksom for millionar av år sidan vandre mennesketom gjennom eteren.<sup>48</sup>

For Hitler var den jødiske konspirasjonen den verkelege fienden. Hitler sin tankar er heilt grunnleggjande årsaker til folkemordet som hans regime gjennomførte 20 år seinare, men tankane var ikkje nye og han var ikkje åleine om å ha dei. Framstillinga av antisemittismen er ikkje fullstending, men slutninga står seg. Holocaust var resultatet av antisemittismen i Europa.

### 2.3 Den endelege løysinga.

Det tyske nasjonalsosialistiske arbeidarparti kom til makta med lovnaden om å sameine alle germanske folk, og fjerne jødar frå det nye riket. Korleis dette skulle løysast fekk namnet 'det jødiske spørsmål'. Svaret på korleis dette skulle gjennomførast var ikkje tydeleg frå starten av, men endestasjonen var gjeve. «Om den internasjonale finansjødedommen lykkast i å kaste menneskeheita ut i ein ny krig, vil ikkje resultatet bli ein bolsjevisering av verda og siger for jødane, men utryddinga av det jødiske folk i Europa», sa Hitler i sin tale i riksdagen den 30. Januar 1939.<sup>49</sup> Jødane hadde i mange år kjent på auka diskriminering og vald før krigen. Allereie i 1933 byrja segregeringa av jødar i Tyskland, og med innføringa av Nürnberglovene i 1935 vart denne segregeringa lovfesta.<sup>50</sup> Lovene, i lag med oppfordringar frå regimet, førte til vald og opptøyar mot jødiske butikkar, synagogar og heimar. Dei valdelege opptøyane nådde ein topp hausten 1938 med Krystallnatta.<sup>51</sup> Deportasjon av jødar ut av Tyskland var lenge ei midlertidig løysing på det jødiske problemet. Den jødiske befolkninga i Tyskland var om lag 500 000 før krigen. Ein plan var å sende desse til Madagaskar. Etterkvart som krigen vart eit faktum og Tyskland auka sitt territorium, auka også den jødiske befolkninga under tysk kontroll. Deportasjonar ut av riket blei vanskelegare. Invasjonen av Polen førte til gettofisering og brutalisering for den jødiske befolkninga. Eit skilje ser ein likevel ved

---

<sup>48</sup> Hitler, 1966: 55

<sup>49</sup> Ushmm u.å.: mi omsetting.

<sup>50</sup> «Nürnberglovene» siktar til ei rekkje lover som vart vedtatt i Tyskland av på den Nasjonalsosialistiske partidagen i Nürnberg i 1935. Dypvik u.å.

<sup>51</sup> «Krystallnatta» er namnet gjeve til natta 9-10 November 1938 då jødar og jødiske eigendomar vart utsett for målretta valdhandlingar. Namnet kjem av dei knuste glassrutene som låg strødd i gatene. Dypvik et.al u.å.

invasjonen av Sovjetunionen i 1941. Med munnlege ordrar om å skyte jødar, følgde spesielle SS-troppar kalla Einsatzgruppen etter fronten og avretta jødar i tusentals. Hausten 1941 vart ekstremt blodig i Aust-Europa. Ei løysing på spørsmålet var likevel ikkje klar. Utan klare direktiv frå leiinga i Berlin, skjedde avrettingane omsynsløst og på eige initiativ frå dei individuelle kommandantane. Massakeren i Babji Jar, med sine 33 000 skotne hausten 1941, er eit døme på ei slik masseavretting.

I desember 1941 og januar 1942 kom den endelege løysinga på det jødiske spørsmålet. Desember 1941 er skildra som den mest sentrale månaden i krigen globalt. 7. desember gjekk Japan til åtak på USA samstundes som dei tyske styrkane i aust gjekk frå ein angrepskrig, til ein forsvarskrig. USA og Storbritannia erklærte Japan krig den 8. desember. Tyskland erklærte USA krig den 11. desember.<sup>52</sup> Den 12. desember kalla Hitler inn til eit privat møte i sin leilegheit. Frå møte har me Joseph Gobbels, Nazi-Tyskland sin propagandaminister, sine notatar i hans dagbok. Om møtet skriv han;

Føreren har bestemt seg for å gjere reint bord. Om jødane sa han at om verdskrigen skulle komme, skulle det bety deira utrydding. No er krigen her, og utryddinga av jødane er den nødvendige konsekvensen.<sup>53</sup>

Ein måned seinare, i Wannsee utafor Berlin vart Wannsee-konferansen heldt. Her vart planane for kva som skulle skje med jødane delt med det tyske byråkratiet. Gjennom 1942 vart metodane for avretting av jødar utvikla frå spesielle avrettingsgrupper, til gassing med mobile gassbilar, til dødsleirar der tog frakta jødar til gasskammer. Eit systematisk og industrielt masse mord vart svaret på jødespørsmålet.<sup>54</sup>

Folkemordet har i etterkant fått namnet 'holocaust', etter at nazistane kalla det den endelege løysinga. Namnet vart fyst nytta på 1950-tallet. Det tyder «ei brent ofring tilbydt kun til Gud». Eit problematisk namn for masse mordet på dei europeiske jødane, som ikkje var ei ofring til gud, men forsøk på utrydding. Andre nyttar omgrepet «Shoah» som tyder katastrofe, men det er holocaust som har festa seg som det dominerande omgrepet.<sup>55</sup>

---

<sup>52</sup> Mazower 2009: 368

<sup>53</sup> Mazower 2009: 376, mi omsetting.

<sup>54</sup> Mazower 2009: 368-415

<sup>55</sup> Niewyk 1992: 1, Seidel, 1986: 1

## 2.4 Antisemittisme etter 1945

Marsjerande menn går gjennom ei gate bærnde på raude og kvite flagg, med eit svart hakekors, og ropar «jødar skal ikkje erstatte oss», medan dei strekkjer den høgre armen ut i ei helsing.<sup>56</sup> Skildringa av denne hendinga er ikkje ei skildring av Tyskland etter nasjonalsosialismens inntog, men frå USA i 2017. I Charlottesville, Virginia førte ein demonstrasjon mot fjerning av minnesmerke over konfødererte generalar til opptøyar. Utgangspunktet var ei samling som fekk namnet ‘Unite the Right’, som var eit forsøk på å samle ytre høgre i USA.<sup>57</sup> Ein liknande marsj vart også gjennomført av norske nynazistar i Kristiansand i 2017. Øystein Karlsen, som opplevde krigen, skildra demonstrasjonen som eit ekkelt ekko.<sup>58</sup>

Kollapsen av Hitlers rike vart ikkje kollapsen for ideologiane riket var tufta på. I 1945 sigra dei allierte på slagmarka, medan den ideologiske kampen haldt fram. Det vart gjort forsøk på å de-nazifisere Tyskland etter krigen. Likevel var jødefiendtlege tankar til stades i stor grad også i åra etter krigen. Tre fjerdedelar av Tysklands innbyggjarar meinte i 1947 at jødar var ein annan rase, ein tredjedel meinte Tyskland ville ha vorte betre utan jødar og ein tredjedel meinte at dei jødefiendtlege tankane kom av korleis jødane oppførte seg.<sup>59</sup> Jødane som kom heim etter deportasjonar, risikerte å finne husa sine med nye bebuarar og utan rettar til å krevje husa tilbake.

Sovjet, som stod bak frigjeringa av Auschwitz, er skuldig i omfattande jødeforfølgingar i starten av den kalde krigen. Med drap og avrettingar av prominente jødar, og forsøk på å deportere russiske jødar til Sibir.<sup>60</sup> Andre land i Aust-Europa opplevde også ein auke av antisemittisme etter krigen, då jødar vart skulda for å stå med opne armar for den nye invaderande makta, Sovjet. Den kommunistiske trugselen, i lag med prominente jødiske kommunistar, forsterka anti-jødiske haldningar. Nazismen mista likevel sin legitimitet etter krigen. Historiene frå dei tysk-okkuperte områda i Aust-Europa vart Nazi-Tysklands ettermæle. Nazisme og folkemord vart for alltid knytt saman. I åra 1956 til 1967 ser ein ei

---

<sup>56</sup> Rosenberg 2017

<sup>57</sup> Wikipedia «Unite the right rally»

<sup>58</sup> Martinsen et.al 2017

<sup>59</sup> Wistrich 1993: 3

<sup>60</sup> Wistrich 1993: 4

blomstring for jødane, der mange jødar opplevde økonomisk framgang. Wistrich skriv i sin artikkel om antisemittisme etter 1945 at denne perioden er den perioden jødar har blitt mest akseptert i europeisk og vestleg historie.<sup>61</sup> Antisemittismen auka igjen etter 6 dagars krigen i 1967, då Israel, landet jødane vart tildelte etter krigen, utvida sine grenser og vart sett på som ei okkupasjonsmakt. I Sovjet vart sionisme peikt ut som ein av dei største trugslane mot kommunismen, *Sions Vise Protokollar* fekk nytt liv og ein anti-sionistisk kampanje med antisemittisk litteratur og utestenging av jødar frå militære-, politiske- og diplomatiske-karrierar vart innført. Gamle idear om ein verdsjødedom og ein jødisk elite kom for fyste gong sidan krigens dagar frå ein europeisk statsleiar då Frankrikes president, Charles de Gaulle, skildra jødar som eit «elite folk, sjølvsikre og dominerande» etter seksdagarskrigen.<sup>62</sup> Israels ekspansjon og Israel-Palestina konflikten vart ny bensin på det antisemittiske bålet. Men, går me til 60-tallet dukka det opp ein heilt ny form for antisemittisme som særleg fekk fotfeste i Frankrike, då spørsmål rundt truverda til holocaust vart reist.

Demonstrasjonane i Charlottesville og Kristiansand er ein del av eit nytt fenomen. Internett har opna ei ny verd der diskriminering, hat, antisemittisme og andre hatefulle diskursar kan møte lite motstand. I skjulte forum og ekkokammer når ikkje offentlegheita inn, og meiningane som i stor grad blei diskreditert etter krigen, har fått nytt spelerom utan rom for debatt eller kritiske stemmer. Studien *A quantitative approach to Understanding online antisemitism*, frå universitetet i Illinois ser på antisemittisme på nett.<sup>63</sup> Studien analyserte over 100 millionar internettpostar på forum og konkluderer med at antisemittiske postar aukar, og særleg i samanheng med store politiske hendingar. I Charlottesville var målet å samle ytre høgre, i Unite the right demonstrasjonen. Paraplyomgrepet 'alt-right', eller ytre høgre siktar til rørsle av relativt unge aktivistar med ein relativt rasistiske ideologi.

## 2.5 Antisemittisme på ytre høgre i Noreg

Djupe motsetningar overfor jødar har me også sett i Noreg. På lik linje med resten av Europa, har framveksten til kristendommen i Noreg ført til førestillingar om jødisk makt og jødar som

---

<sup>61</sup> Wistrich 1993: 9

<sup>62</sup> Wistrich 1993: 10, mi omsetting.

<sup>63</sup> Zannettou et.al 2020

svikefulle.<sup>64</sup> Disse jødefiendtlige haldningane har til dømes kome til utrykk i paragraf 2 i grunnlova som nekta jødar adgang til det norske riket.<sup>65</sup> Denne vart oppheva 1851, men innført på nytt under krigen av den jødefiendtlige Quisling regjeringa. Det okkuperte Noreg beslagla økonomiske verdiar, arresterte og deporterte 772 jødar hausten 1942 og vinteren 1943. Ein aksjon både okkupantane, men også norske ikkje-nazistiske tenestemenn deltok i.<sup>66</sup>

Antisemittisme blant ytre høgre i Noreg er studert av Kjetil Braut Simonsen. I sin artikkel *Antisemitism on the Norwegian far right* har Simonsen analysert den ideologiske antisemittismen på ytre høgre frå 1967 til 2018. Artikkelen ser på kor stort omfanget av dei gamle og allmenn diskrediterte tankane om jødisk makt har vore i dei ytste kretsane etter krigen. I denne perioden har ytre høgre i Noreg stridast om kven som er hovudfienden. Motstand mot innvandring har i stor grad vore fanesaka og det kan sjå ut som at muslimar har vore sett på som den store fienden. Dei som har gått lengst i si høgreekstreme overtydning er terroristane Anders Behring Breivik og Philip Manshaus, begge overtydd om at muslimar ynskjer å ta over Noreg og Europa, men også begge med antisemittiske førestillingar.<sup>67</sup>

Om organiseringa av ytre høgre i Noreg skriv Simonsen at framveksten av den nye generasjonen ytre høgre kan daterast til 1960-talet. Ein finn likevel kontinuitet mellom krigen og 1960-talet, med NS-veteranane, som organiserte seg i Forbundet for Sosial Oppreising med mål om å rehabilitere den sosiale statusen til dei som støtta NS under krigen. Dei aktive medlemmene av NS ynskte også ei historisk rehabilitering for nasjonalsosialismen, med fornektning av holocaust som eit gjentakande element.

Den nye framveksten av ytre høgre med start på 60-talet delar Simonsen inn i tre periodar. Den fyrste er frå 1967-1985 då dei yngre kreftene i miljøet rundt NS-veterananes tidskrift *Folk og Land* gjorde seg gjeldande, og dei var viktige i organiseringa av den nynazistiske organisasjonen Norsk Front i 1975. Den andre strekkjer seg frå seint 80-tall til 2001, med dei militante 'skinheads' som kjenneteikn. Den siste perioden innan norsk ytre høgre er etter

---

<sup>64</sup> Hoffman et.al 2012

<sup>65</sup> Eriksen et.al 2005: 207

<sup>66</sup> Hoffman et.al 2012: 13

<sup>67</sup> Breivik skreiv om Israel i manifestet sitt og skildra dei som ein mulig alliert i kampen mot muslimane, men har i følge sosialantropolog Sindre Bangstad også ein form for pro-Sionist antisemittisme, og Manshaus fornektar holocaust; sjå Simonsen 2020b: 653 og Røset et.al 2020

terroriståtaka i New York, spreinga av 'Eurabia'<sup>68</sup> teorien, og flytting av tankane over på internett. Dei to fyrste periodane i periodiseringa høver godt for denne oppgåva.<sup>69</sup>

Om antisemittisme i den fyrste perioden, skriv Simonsen at «antisemittisme fungerte som ei forklaring av alle fenomen som vart sett på som truande eller negative frå perspektivet til dei på ytre høgre».<sup>70</sup> Her inngår til dømes fenomen som innvandring, kommunisme og teoriar om raseblanding. Historiske fenomen som trua verdsbilete deira, slik som holocaust, vart også forklart med antisemittiske utsegn, som jødisk makt. Den andre perioden kjenneteiknast av mindre lokale grupperingar av rasistiske «skinheads». Simonsen skriv om to diskursar som utvikla seg i på 90-talet. Den eine haldt seg i stor grad borte frå å nytte antisemitisk retorikk for å skille seg frå nasjonalsosialismen. Den andre, ZOG-diskursen, som tyder Zionist Occupation Government, var ein moderne form for dei gamle tankane om jødisk makt. Omfanget av denne diskursen er diskutert. Ein ser forskjell på dei meir militante «skinheads» i gruppa Boot Boys, og dei meir ideologiske i til dømes Zorn 88. I Zorn 88 sitt medlemsblad *Gjallarhorn*, er forneking av holocaust ein stor del av innhaldet, og med det teorien om jødisk makt. Rundt tusenårsskiftet ser ein ei endring i Noreg. Drapet på Benjamin Hermansen utført av medlemar i Boot Boys førte til stort motvilje mot dei militante nynazistiske grupperingane, samstundes som store delar av ytre høgre flytta aktivitetane sine over på nett.<sup>71</sup> Terroråtaka i New York førte også til eit endra fokus, der muslimane vart fienden. Antisemittismen har teke plass i baksete. Det er berre dei ytste kretsane av nynazistar som heldt den i livet.

Ytre høgre og nynazistiske grupperingar har i varierende grad nytta antisemitisk retorikk i sin ideologi og i sine publikasjonar både i Noreg og verda elles. Ein fellesnemnar for denne antisemittismen er forneking av holocaust. Denne oppgåva byggjer på påstanden at Nynazistiske grupperingar i Noreg har forneakta holocaust. Det har dei. Forneking av holocaust har vore eit element i norsk ytre høgre.

---

<sup>68</sup> Teorien om Eurabia er konspirasjonsteorien om muslimars ynskje om å ta over Europa og Vesten.

<sup>69</sup> Simonsen 2020b: 642-643

<sup>70</sup> Simonsen 2020b: 644, mi omsetting

<sup>71</sup> NRK u.å. "Drapet på Benjamin Hermansen"

## 2.6 Forteljinga om holocaust

Kva er forteljinga om holocaust? Sjølv om holocaust i dag er eit velkjend emne innan historiefaget, og for nokon sjølve historia om den andre verdskrigen, var det ikkje alltid slik. Kva som var viktig å fokusere på når ein skulle drøfte, forske på og fortelje om den andre verdskrigen, har utvikla seg. Som skrive i metodedelen, fungerer oppgåva som ein diskursanalyse. Forskingsfeltet som ser på diskursen rundt historiske hendingar vert kalla ‘minnestudiar’. Som nemnd i innleiinga, skjer ikkje den holocaustfornektande diskursen i eit vakuum. Når ein skal drøfte den holocaustfornektande diskursen, lyt ein også sjå på diskursen om holocaust i verda og i Noreg. Eit overordna spørsmål i oppgåva vert korleis den allmenne forståinga av holocaust har påverka fornekinga? I kor stor grad speglar fornekinga diskursen elles i samfunnet, og kva diskursar vert reflekterte?

I forskingslitteraturen om minnekultur er det brei semje at det etablerte seg ei patriotisk og nasjonal forteljing om krigen i åra rett etter 1945. Denne forteljinga inkluderte i liten grad jødane og holocaust. Dette galdt både internasjonalt, og i Noreg. Om minnekulturen rundt holocaust på eit internasjonalt nivå har Daniel Levy og Natan Sznaider skrive *The Holocaust and Memory in a Global Age*.(2005) Her argumenterer dei for ei utvikling i forteljinga, der holocaust har gått frå å vere ei ‘partikulær hending’, til ei ‘universell hending’. Holocaust vart sett på som ei unik tysk og jødisk hending, medan andre land fokuserte på sine eigne historier. I land som Noreg, fokuserte forteljinga på Noregs motstand og det norske folk mot okkupasjonen av Tyskland. Fleire har studert temaet. Historikar Anne Eriksen, som i 1995 skreiv *Det var noe annet under krigen. 2. verdenskrig i norsk kollektivtradisjon*, skildrar ei ‘mytisk’ forteljing om krigen.<sup>72</sup> Synne Corell gav i 2011 ut boka *Krigens Ertetid – okkupasjonshistorien i norske historiebøker*, basert på avhandlinga hennar. Ho peikar på ein ‘patriotisk minnekultur’, der forteljinga om jødane vert tona ned, og av og til skulda for eigne lidningar, til fordel for ei helteforteljing om det norske folk.<sup>73</sup>

Utover 60-talet fekk holocaust etter kvart større plass i historia. Saker som rettssaka mot Eichmann og utgjevinga av *Anne Franks Dagbok* gav både ovegripar og offer eit andlet. Ein såg ei personifisering av holocaust. Omgrepet ‘holocaust’ etablerte seg også på denne tida.

---

<sup>72</sup> Eriksen 1995: 16

<sup>73</sup> Corell 2010: 10



Jon Reitan har i sin avhandling *Møter med Holocaust – Norske perspektiver på tilintetgjørelsens historiekultur* (2016) framstilt historia om holocaust i Noreg som ei historie som har fått auka merksemd i takt med den internasjonale diskursen.<sup>74</sup> I Noreg var likevel holocaust noko som låg i periferien av forteljinga om krigen. Corell peikar på Pieter Lagrous sitt perspektiv om dei overlevande tidsvitna som fortalte sine historier, i stor grad var dei politiske fangane i konsentrasjonsleirane, medan historiene frå dødsleirane hadde få, til ingen vitne som kunne fortelje sine forteljingar. Dette styrka forteljinga om den politiske motstanden.<sup>75</sup>

På 1970-talet kom fleire saker som gav ei auka interesse for holocaust i Noreg. Reitan peiker på tre hendingar. Oppsett av skodespelet om *Anne Franks Dagbok* gjorde inntrykk. Eit startpunkt for at fleire fortalte sine historier var boka *Det angår også deg* (1976) av Arnold Jacoby og Herman Sachnowitz'. Boka fortalte historia til Sachnowitz' som vart deportert, blant anna til Auschwitz. Den amerikanske TV-serien *Holocaust* vert sett på som eit skifte i både internasjonal og norsk diskurs. Den vart ein stor suksess internasjonalt, med heile 150 millionar amerikanske sjåarar. Den vart sendt på NRK i april 1979. Reitan omtalar dette skiftet som ein 'amerikanisering' av holocaust.<sup>76</sup> Gjennom serien vart amerikanske verdiar integrerte, og holocaust vart med det spreidd internasjonalt. Dei skriv også at serien førte til at mange kopla eit emosjonelt band til holocaust, og dermed vart holocaust for mange symbolet på krigen. Fokuset vart skifta frå heltane, til offera. I Noreg skapte serien stor debatt, og vart i utgangspunktet avvist av NRK. Debatten rundt serien førte ikkje direkte til eit fokus på norsk rolle i folkemordet, men etter kvart som holocaust fekk auka merksemd som ei universell hending, auka også fokuset på eigne brotsverk. Reitan skriv om ein 'skulddiskurs' som utvikla seg utover 80-90 talet i Noreg. Reitan peiker på boka *Oss selv nærmest – Norge og jødene 1914-1943* (1984) som ein start på denne skulddiskursen.<sup>77</sup> Boka, som er skriven av Per Ole Johansen, tek for seg forholdet mellom dei norske styresmaktene og jødane frå den fyrste verdskrigen, til dei siste deportasjonane i 1943, og rettar sterk kritikk mot Noregs rolle i folkemordet.<sup>78</sup> Skulddiskursen kulminerte i restitusjonsoppgjeret då jødane fekk erstatning for dei økonomiske tapa den norske stat påførte dei under krigen.

---

<sup>74</sup> Reitan 2016

<sup>75</sup> Corell 2010: 87

<sup>76</sup> Reitan 2016: 74

<sup>77</sup> Reitan 2016: 163

<sup>78</sup> Johansen 1984: 7, 172

Utover 2000-talet har holocaust fått den universelle rolla som eit haldepunkt for menneskets moralske botnpunkt. Når eg skriv at diskursen rundt holocaust ofte koplaster til uttrykket «aldri meir», er det denne universelle rolla som står sentralt. Holocaust er ei hending som skal føre til lærdom for alle. Holocaust i Noreg har for alvor kome på agendaen. I 2012 beklaga dåverande statsminister Jens Stoltenberg under holocaust-markeringa med orda: «Drapene er uten tvil nazistenes verk. Men det var nordmenn som arresterte. Og det var nordmenn som kjørte bilene».<sup>79</sup>

I boka *Krigens Ettetid* skildrar Corell eit ‘vi-felleskap’.<sup>80</sup> Forteljinga om krigen vart ei forteljing der alle kunne identifisere seg med motstandskampen. ‘Vi-felleskapet’ har også eit ‘dei’. Medlem av NS, landssvikarane, frontkjemparane og andre som stod på feil side under krigen vart ikkje inkluderte i helteforteljinga. Tydlegast ser ein dette i landsvikaroppgjeret etter krigen, då nesten femti tusen nordmenn vart straffedømde. Dei som stod utanfor kollektivet har sidan krigen strida med forteljinga om krigen. Rettsoppgjeret var ei av hendingane som fekk størst merksemd. Forbundet for Sosial Oppreising vart skipa for å fremme tidlegare NS-medlemers interesser, særleg dei sosiale, økonomiske og rettslege interessene, men også dei historiske interessene. Særleg dei passive medlemmane av NS var aktive i Forbundet. Det var også ut frå dette miljøet avisa *Folk og Land* vaks fram. Dei aktive medlemmane som framleis ynskte å fremme nasjonalsosialismen som politisk ideologi støtte på hovudproblemet til nasjonalsosialismen. I lag med universalliseringa av folkemordet, kom også delegitimeringa av nazismen. Holocaust vart eit tema, og i *Folk og Land* vart revidering av forteljinga om folkemordet eit gjentakande element.<sup>81</sup>

## 2.7 Fornekting av holocaust

Det å skildre fenomenet holocaustfornekting er utfordrande. Heilt enkelt kan ein sjå på omgrepet. Det å fornekte vil seie å la vere å gå med på eller avvise noko.<sup>82</sup> Fornekting av holocaust er å avvise at det systematiske masse mordet på Europas jødar skjedde eller at historia er sterkt overdriven. Når ein ser nærare på fornekting, vert det meir komplisert. Som

---

<sup>79</sup> Rodum & Hegetund 2017

<sup>80</sup> Corell 2010: 50

<sup>81</sup> Simonsen 2019: 21

<sup>82</sup> Nynorskordboka u.å. «fornekting»

Seidel skriv, det er ikkje ein definitiv versjon av historia som fornektarane presenterer, men mange ulike påstandar som på ein eller annan måte tvilar på folkemordet.<sup>83</sup> Når eg no skal drøfte fenomenet er det viktig å hugse at forneking av holocaust ikkje er anna enn rasistisk oppspinn. Det er likevel nokre kjenneteikn som kan gje kontekst til fenomenet forneking av holocaust.

Shermer og Grobman har karakterisert holocaustfornektarar med tre kjenneteikn.<sup>84</sup> Det fyrste kjenneteiknet er at ein fornektar holocaust om ein motseier at seks millionar jødar vart drepne. Ein fornektar holocaust om ein seier at det ikkje har eksistert gasskammer som vart nytta som avrettingskammer, og ein fornektar holocaust om ein påstår at det ikkje var ein systematisk plan frå Nazi-Tyskland om å utrydde den jødiske befolkninga i Europa. Under desse karakteristikkane finn me dei ulike påstandane til fornektarane. Det kan være påstandar som at folkemordet er logisk umogleg å gjennomføre då ein ikkje kan avrette 6 millionar med gass dei tre åra mellom vinteren 1942 og vinteren 1945. Andre, som den nemnde Fred Leuchter, hevdar at det ikkje er spor etter avrettingsgassen Zyklon B i gasskammeret i Auschwitz, medan nokre meiner at det ikkje står nemnt drap/utrydding i eit einaste offisielt dokument frå Nazi-Tyskland. Alle påstandane kan motvisast, nokre av desse vil bli presenterte i oppgåva, men fokusområdet er ikkje å avkrefte desse påstandane.<sup>85</sup>

Det er ein sentral fellesnemnar ved forneking av holocaust, nemleg antisemittisme. Alle som har skrive om forneking av holocaust er einige i at som holocaustfornektar har ein eit syn på verda der jødar er fienden.<sup>86</sup> Ein vert ikkje fornektar av å tenkje at holocaust verkar usannsynleg. Mord på millionar av uskyldige menneskjer grunna deira 'rase' er usannsynleg og vanskeleg å fatte. Det er når ein vel å påstå at alle forskarar, vitne og overlevande lyg, og når ein påstår at holocaust er ei myte, ein vert ein holocaustfornektar. Ein kjem ikkje til denne konklusjonen utan antisemittismen som eit ideologisk bakteppe.

Sjølv om forneking av holocaust er ei antisemittisk handling, er det ikkje alltid eit hat mot jødar som i utgangspunktet motiverer fornektarane. Grobmann og Shermer har gjort den

---

<sup>83</sup> Seidel 1986: 39

<sup>84</sup> Grobman & Shermer 2000: s.xv

<sup>85</sup> For grundig gjennomgang av fornektarane sine påstandar sjå til dømes den populærhistoriske boka *Debunking Holocaust Deniers Theories* 2016.

<sup>86</sup> Sjå Seidel 1986, Lipstadt 1993, Stern 1994, Grobman & Shermer 2000.

grundigaste studien på fornektarar sin motivasjon. Gjennom intervju med fornektarar ynskte dei å sjå på «psykologien til ekstremistar». Dei meiner at fornektarar også er motiverte av eit konspiratorisk syn på verda i lag med antisemittisme.<sup>87</sup> Eit viktig kjenneteikn ved konspirasjonsteoriar og personar med eit konspiratorisk syn på verda, er ideen om ein skjult agenda som fører resten av verda bak lyset.<sup>88</sup> Antisemittisme i form av ideen om jødisk makt kan skildrast som ein konspirasjonsteori.<sup>89</sup> Ein som allereie trur på ein konspirasjonsteori, har større sjanse for å tru på fleire. Fornekting av holocaust kan skildrast som ein konspirasjonsteori. Drivkrafta bak fornekinga er då i utgangspunktet eit konspiratorisk syn på verda. Kombinasjonen av eit konspiratorisk syn på verda og antisemittiske haldningar resulterer i forneking av holocaust. Fleire årsaker kan være lite kunnskap om kva som verkeleg skjedde. Ein kan og peike på personar som søker etter tilhøyrse eller opportuniste.<sup>90</sup> Det kan også vere ein djup fascinasjon for Tyskland, også kalla 'germanophilia'.<sup>91</sup>

Nasjonalsosialismen mista legitimitet etter krigen. Holocaust har spelt ei sentral rolle i den kollektive oppfatninga av nazismen som ein vond ideologi. Nazismen, Tyskland og Hitler vart til vondskapen som vart nedkjempa, med folkemordet som sjølv symbolet for denne vondskapen. Korleis leva med ei forteljing der ein sjølv er skurken? Fornekting er ein psykologisk forsvarsmekanisme. Ein nektar å erkjenne sanninga fordi den er vond, eller bryt med verkelegheitsoppfatninga. For nokon vart dette måten dei handterte brotsverka ideologien deira utførte. Forsøk på skalere ned ugjerningane vart gjort, og desse forsøka har utvikla seg til ein diskurs der holocaust vert skildra som ein myte. I 1947 byrja den franske fascisten Maurice Bardèche å angripe den allierte krigspropagandaen.<sup>92</sup> Om dei grunnleggjande argumenta hans skriv Lipstadt at han meinte at nazistane ikkje var skuldige i ugjerningar og at jødar sjølv var skuldige i eventuelle ugjerningar påført dei, då det var jødane som hadde ført Europa ut i krig.<sup>93</sup> Bardèche er den fyrste som nyttar argument som påstår at gasskammer ikkje vart nytta til avrettingar, men som av-lusingskammer.<sup>94</sup> Den fyrste bølga er prega av

---

<sup>87</sup> Shermer & Grobman 2000: 88

<sup>88</sup> Dyrendal & Emberland 2019: 19

<sup>89</sup> Simonsen 2020a: 357

<sup>90</sup> Wikipedia «Germanophile»

<sup>91</sup> Polesky 2015: 11

<sup>92</sup> Seidel 1986: 95

<sup>93</sup> Lipstadt 2012: 49

<sup>94</sup> Lipstadt 2012: 50

dårleg produserte pamflettar som forneakta holocaust, og av eit forsøk på å unnskylde Nazi-Tyskland for alle former for antisemittisme.<sup>95</sup> Andre sentrale aktørar i den fyrste bølga av fornektarar er Paul Rassinier, Austin J. App og Harry Elmer Barnes. I åra etter krigen var ikkje forneking av holocaust eit utbreidd fenomen, men argumenta og tankane til dei sentrale aktørane levde vidare.

Enkelte heldt fast på den nazistiske ideologien, men for å revitalisere nasjonalsosialismen måtte ein ta avstand til Nazi-Tyskland. Bartèche sjølv vart i liten grad anerkjent av fornektarar då han var tru mot den tyske nasjonalsosialismen heile livet. Han skulle likevel leggje grunnlaget for den nye retninga forneking skulle ta, «Eg forsvarar ikkje Tyskland, eg forsvarar sanninga».<sup>96</sup> Denne nye retninga gjorde seg for alvor gjeldande på 1970-talet.<sup>97</sup> Forsøka på å skjule Tysklands antisemittisme ved å seie at holocaust ikkje skjedde fungerte ikkje, bevisa var for sterke. Den nye retninga anerkjenner til dels at ugjerningar skjedde, men at holocaust ikkje var ein systematisk plan for å utrydde jødane. «Krig er forferdeleg» er utgangspunktet.<sup>98</sup> Det var konsentrasjonsleirar, jødar kan ha døydd her, men industrielt masse mord med ordre frå øvste hald var det aldri. Ein ser også eit forsøk på å samanlikne allierte og aksemaktene sine ugjerningar. Ein reduksjon i talet drepne jødar til eit nivå der tala kan samanliknast med tyske sivile tap gjer dei jødiske dødsfalla til naturlege konsekvensar av krigen.

Den nye retninga førte også til ein ny måte å formidle fornekinga på. Omgrepet 'fornektarar' vert tilskrive dei som avviser at holocaust skjedde som motstand til deira føretrekte omgrep, 'revisjonistar'. Ein revisjonist er ein som gjennom nye kjelder og nye tolkingar presenterer nye historiske slutningar. I teorien er dette essensen i den historiske metoden. Ved å omtale seg som revisjonistar, gøymmer fornektarane seg bak påskotet av å drive legitim historisk forskning. Dei forsvarar 'sanninga'. I realiteten er dette ein form for pseudo-vitskap. Det er fleire døme på å gøyma forneking bak vitskaplege metodar. Den mest kjende er David Irving. Etter å ha blitt skildra som ein fornektar av forfattar av *Denying the Holocaust, The assault of truth and memory*, Deborah Lipstadt, gjekk han til sak mot ho. I sine mange bøker, med eit enormt kjeldegrunnlag og fotnotar, var Irving før rettssaka av nokre kjend som ein historikar

---

<sup>95</sup> Seidel 1986: xxix

<sup>96</sup> Lipstadt 2012: 50

<sup>97</sup> Seidel 1986: 39

<sup>98</sup> Lipstadt 2012: 20

med ein stor kunnskap om den andre verdskrigen, noko dommen i rettssaka også poengterer.<sup>99</sup> Likevel fann retten han skuldig i å vere partisk i si tilnærming til kjeldene. Irving sette Hitler i eit godt ljøs og skildra han som uvitande om overgrepa mot jødar. Dommen konkluderte med at Irving passa alle karakteristikkane til ein holocaustfornektar.<sup>100</sup>

Opprettinga av det pseudo-vitskaplege instituttet Institute of Historical Review (heretter IHR), som publiserer *Journal of Historical Review* er også eit ledd i den nye retninga. Journalen utgjer seg for å vere eit legitimt tidskrift, men innhaldet er i hovudsak forneking av holocaust.<sup>101</sup> Fleire andre organisasjonar i ulike delar av verda fornektar også holocaust, og på 80-90-talet vart det eit eige miljø der fornektande publikasjonar vart spreidd i eit internasjonalt nynazistisk nettverk. Organisasjonane inkluderer mellom anna The World Anti-Communist League, The Northern League, Groupement de recherche et d'étude pour une civilisation européenne (Fransk nye høgre).<sup>102</sup> Det er likevel IHR som har vore den største kjelda til revisjonistisk forneking.<sup>103</sup> Målet til instituttet var å skille seg frå nynazistar og 'skinheads' ved å gjere forneking vitskapleg.<sup>104</sup> Eit døme på instituttets aktivitet er når grunnleggjar av instituttet, David Willian McCladen, lova femti tusen dollar til den som kunne bevisare at «Nazi-gasskammer avretta jødar under den andre verdskrigen».<sup>105</sup> Eit av ofra som overlevde holocaust, Mel Mermelstein, tok utfordringa, og vann den følgjande rettssaka. Instituttet vart dømt til å betale han nitti tusen dollar.<sup>106</sup>

Forneking av holocaust har også skjedd i Noreg. Dei neste kapitla skal ta dette opp i detalj, men nokre knaggar er nyttig. Den største saka omhandlar lektor Olav Hoaas som vart dømt i høgsterett for sine fornektande utsegn og mista av den grunn jobben som lektor ved Stormarkens gymnas.<sup>107</sup> Debatten raste også i Noreg rundt rettssaka mellom Lipstadt og Irving, då kjente historikaren Hans Fredrik Dahl gav Irving positiv omtale. Som tilsvar skreiv Odd-Bjørn Fure, fyrsteamanuensis ved Universitet i Bergen ein pamflett med tittel *Kampen mot glemselen – Kunnskapsvakuum i mediesamfunnet*, der han rettar kritikk mot Dahl, og

---

<sup>99</sup> Johnsen 2014: 61

<sup>100</sup> Johnsen 2014: 63

<sup>101</sup> Seidel 1986: 41 & Polesky 2015: 6

<sup>102</sup> Seidel 1986: 43-65

<sup>103</sup> Shermer & Grobman 2000: 9

<sup>104</sup> Polesky 2015: 6

<sup>105</sup> Polesky 2015: 7

<sup>106</sup> Lipstadt 2012: 141

<sup>107</sup> Grimstad 2014: 67

norske historikarar som han meiner berre er opptekne av norsk historie.<sup>108</sup> Debatten gjekk også i Dagbladet mellom Dahl og Rolf Hobson, historikar ved Institutt for forsvarsstudier.<sup>109</sup> I tillegg har norske nynazistiske organisasjonar fornektet holocaust. I kor stor grad, korleis, kvifor og utviklinga innan denne fornektinga skal oppgåva sjå på vidare.

## 2.8 Oppsummering og konklusjon

Etter at tidlegare rektor ved Universitet i Bergen Dag Rune Olsen opna for å invitere fornektarar til debatt, kom det sterke reaksjonar. Rektor Olsen ynskte å kome til ei erkjenning i fellesskap med dei som fornektar holocaust. I ei ytring til VG skreiv ei gruppe forskarar, den nemnde Kjetil Braut Simonsen inkludert, at det er feil å hevde at mangel på kunnskap er grunnen til fornektning av holocaust. Fornektning er politisk motivert historieforfalsking.<sup>110</sup> Slutninga er ikkje feil, men som skrive innleiingsvis er mangel på kunnskap eit av fornektarane sine fremste våpen. Ikkje fordi dei sjølve er kunnskapslause om holocaust, og vil slutte å fornekte om det kjem 'gode nok' bevis, men fordi kunnskapsløysa hjå dei som endå ikkje er fornektarar gir dei ein sjanse til å overtyda dei til å bli fornektarar. Som Shermer og Gorbman poengterer, er det ikkje berre antisemittisme som får personar inn i miljøet.<sup>111</sup> Auka rekruttering til miljøet og politiske ambisjonar er hovudgrunnen til den revisjonistiske stilen fornektning har adoptert. Det er mogleg å motverke konspirasjonsteoriar, antisemittisme, rasisme og fornektning av holocaust gjennom kunnskap. Som ein av dei overlevande frå Auschwitz skriv, *«hjelp elevene dine til å bli menneskelige. Ditt arbeid må aldri produsere lærde monstre, dyktige psykopater, velutdannede eichmanner. Lesing, skrivning og regninger viktig bare hvis det tjener til å gjøre våre barn mermenneskelige.»*<sup>112</sup>

Historisk kunnskap er likevel det me som historikarar gjer det til. Når eg no skal sjå på fornektning i Noreg, vert også den kollektive minnekulturen eit overordna perspektiv. Oppgåva tek for seg perioden etter 1975. På 1970-talet ser ein eit skifte i merksemda rundt holocaust. Ser me dette igjen i dei nynazistiske grupperingane sine forsøk på å avvise folkemordet? Korleis påverkar minnekulturen fornektinga?

---

<sup>108</sup> Fure 1996

<sup>109</sup> Johnsen 2014: 68

<sup>110</sup> Simonsen et.al 2019

<sup>111</sup> Shermer & Grobman 2000: 88

<sup>112</sup> Eidsvåg et.al 2011, Brev frå anonym konsentrasjonsleirfange.

Eg har i kapitlet prøvd å gje ein kontekst til omgrepa og fenomena som er sentrale når ein skal studere forneking av holocaust. Eg har sett på antisemittismen og jødefiendtlige haldningane i Europa og korleis desse var essensielle delar av folkemordet gjennomført av Nazi-Tyskland i den andre verdskrigen. Me har sett på korleis svaret på jødespørsmålet vart industrielt masse mord. Vidare er det i kapitlet teke opp antisemittisme etter krigen og utviklinga av ein ny type antisemittisme, nemleg forneking av holocaust. Eg har også etablert korleis forteljinga om holocaust har utvikla seg. I neste kapittel vert blikket retta mot Noreg og den fyrste kategorien av forneking, revisjonismen.



## 3. Revisjonisme

### 3.1 Innleiing

Då David Irving vart funnen skuldig i historieforfalsking og vart med rette skildra som ein holocaustfornektar, var ikkje det utan ein grundig gjennomgang av ein stor bibliografi, med eit endå større kjeldegrunnlag. Historikaren Richard J. Evans fekk denne jobben og konkluderer i boka si, *Lying About Hitler* (2001), at Irving er «ein propagandist og løgnar, utkledd historikar som må, ein gong for alle, avslørast».<sup>113</sup> Irving sine utgjevingar har skapa debatt i historikarmiljøet. Fleire historikarar kritiserte Irving, medan nokre anerkjende han for sin kunnskap om den andre verdskrigen og god kjennskap til kjeldematerialet. Boka hans, *Hitlers War*, fekk til dømes ros av *New York Review of Books* (1996), som skriv at boka “står at som den beste studien me har av den tyske sida av krigen.”<sup>114</sup> Den norske historikaren Hans Fredrik Dahl gav i 1996 også Irvings bok om Goebbels positiv omtale, noko som førte til ein stor debatt om Irving i Noreg.<sup>115</sup> Likevel fann rettssaka i 1996, at bak alle kjeldene låg det ein djup fascinasjon og beundring av Hitler og hans regime. I bibliografien om Goebbels fråskriv Irving Hitler og Nazi-Tyskland ansvar for brotsverka gjort mot jødane under den andre verdskrigen, og baserer dette tilsynelatande på kjelder.

Irving vart funnen skuldig i historieforfalsking, og hadde med vilje feiltolka kjelder for å framstille nazismen i eit betre ljøs. Som følgje av sitt forsøk på å skrive om historia, vart Irving ein populær figur innan eit miljø som skildra seg sjølve som historiske revisjonistar. Som etablert i det teoretiske rammeverket tyder revisjonisme å etablere ny kunnskap basert på nye bevis, men omgrepet har fått eit nytt meiningsinnhald. Dei som ynskjer å skrive om historia motivert av personleg ideologi i staden for historisk sanning har adopterte det.<sup>116</sup> Desse er i realiteten historieforfalskarar. Den revisjonistiske stilen av holocaustfornekting er eit forsøk å ei vitskapleggjerjing av fornektninga. Fornektarane framstiller påstandane sine bak eit lag av retoriske verkemiddel som gjev argumenta eit sakleg og ordentleg inntrykk. Det er fleire sentrale kjenneteikn ved revisjonismen. Desse er til dømes formuleringar som at ein

---

<sup>113</sup> Evans 2001: 255, mi omsetting.

<sup>114</sup> Evans 2001: 9, mi omsetting.

<sup>115</sup> Dahl 1996 Dagbladet, 25.6.1996.

<sup>116</sup> Revisjonisme som omgrep er nytta i fleire samanhengar. Til dømes har omgrepet blitt nytta i debatten om norsk okkupasjonshistorie.

berre stiller spørsmål, er sanningssøkjande eller kritisk til kjeldene. Som revisjonist ynskjer ein å framstille seg som legitim historikar. Det var dette som var ynsket til Irving.

I dette kapittelet blir den revisjonistiske fornekinga drøfta. Dei historiske røtene som inspirerte revisjonistane blir presentert, før eit utval av dei norske publikasjonane blir analyserte. For å svare på studiens overordna problemstilling, skal eg formulere nokre underproblemstillingar og svare på dei i dette kapittelet. Korleis har stilen gjort seg gjeldande i Noreg? Revisjonisme har kome til uttrykk internasjonalt, gjennom til dømes Irving, IHR og *Leuchter-rapporten*. Den eksisterande litteraturen viser eit mønster der forneking utviklar seg i den pseudovitskaplege retninga. Passar den norske fornekinga inn i dette mønsteret? Eit anna spørsmål er om me finn 'heilnorske' forsøk på å skape ei norsk revisjonistisk forteljing om holocaust i Noreg? Trekkjer fornektarane inn særnorske forhold som til dømes deporteringa av norske jødar og nordmenn si rolle i deportasjonane, eller er fokuset på dei internasjonale forholda, som eksistensen av gasskammer, den systematiske planen om utrydding og talet på drepne? Eit interessant spørsmål vert då om dei nynazistiske tidskriftene deltek i dei norske debattane. Kva refleksjonar frå den offentlege debatten ser me? Speglar tidskrifta til dømes debatten om politiinspektør Knut Rød og politiets rolle i deportasjonane som utspelte seg på 1980- og 1990-talet? Ein kan då skilje mellom omgrepa 'nasjonal forneking' og 'internasjonal forneking'. Eg vil samla få eit overblikk over den nasjonale revisjonistiske diskursen som eg kan sjå opp mot den internasjonale. Då kan eg seie om det er nokre særeigne norske tilhøve som kan bidra til meir kunnskap og forståing på feltet. Kven som nyttar revisjonisme og kvifor er også to spørsmål som vert utforska. Ser vi eit skilje mellom dei gamle nazistane og dei nye? Derav kan ein spørje kvifor revisjonisme som fornektande stil vert implementert av nokon, men ikkje av andre?

### 3.2 Revisjonismens historie

Historieskriving om krig er kanskje den delen av historieforskinga som er, eller blir mest kontroversiell. Krig er konflikt, konflikt har minst to partar som begge ynskjer å framstille seg sjølv som den gode og rettferdige. Sjølv om den revisjonistiske stilen gjorde sitt inntog i dei internasjonale fornektande miljøa på 70-talet, kan ein spore den tilbake til 1920. Under den fyrste verdskrigen fekk propaganda ei stor rolle. Dei som fyrst omtalte seg sjølve som revisjonistar var ei gruppe amerikanske historikarar som var kritiske til den amerikanske

deltakinga i den fyrste verdskrigen.<sup>117</sup> Gjennom bruk av kjelder argumenterte desse for at Tyskland ikkje ynskte krig, noko som stod i strid med den allmenne oppfatninga i USA. Revisjonistane meinte at propaganda hadde skapt denne forteljinga. Revisjonismen, slik den kom til uttrykk under fyrste verdskrigen, var basert på grundig forskning og tok opp kampen med den etablerte forteljinga som råda om krigen. Ein av dei som kritiserte den amerikanske deltakinga var Sidney B. Fay, professor ved Smith Collage, som i 1920 gav ut fleire artiklar basert på arkivmateriale frå krigen. I 1923 fekk Fay ein ny kollega på Smith College, Harry Elmer Barnes. Barnes vart motivert av Fay, og vart etterkvart den mest kjende revisjonisten i USA, og ein høglytt kritiker av amerikansk utanrikspolitikk. Dette gjorde han til ein populær forskar i Tyskland.<sup>118</sup> Dei to kollegaene på Smith College, Fay og Barnes, meinte at den amerikanske forteljinga om krigen var prega av denne propagandaen. Britisk propaganda spreidde falske historier om tyske krigsbrottsverk, som kjemiske åtak på sivile og små barn som blink. Den einsidige og forferdelege forteljinga om Tyskland som ein brutal nasjon fekk difor kritikarar i form av desse revisjonistane. Då den andre verdskrigen starta, og nye historier om tysk brutalitet kom frå det europeiske kontinentet, vart difor alliert propaganda og framstillingar møtt med skepsis i desse miljøa. Lengst av alt gjekk Harry Elmer Barnes som i revisjonistisk stil byrja å sette spørsmål ved historiene frå dødsleirane i Polen.<sup>119</sup> Forskjellen frå spørsmåla som vart reist etter den fyrste verdskrigen, og dei Barnes reiste no, var at dei utrulege og forferdelege historiene ikkje var alliert propaganda.

Det tok tid før den revisjonistiske stilen av fornektning etablerte seg. Holocaustfornektarane gjekk frå å produsere billige pamflettar og brosjyrar med deira ekstreme ytringar, til ein stil som etterlikna historisk forskning og akademisk skriving. Dette skiftet skjedde på 1970-talet.<sup>120</sup> I USA vart IHR skipa i 1978 med hovudmålsetjinga om å produsere innhald som forsøkte å skjule fornektning bak fotnotar, kjelder og 'sakleg' argumentasjon. Overgangen frå billig produksjon av pamflettar, til meir sofistikerte publikasjonar som eigne tidsskrift, tyder i følge Lipstadt på at aksepten for slike påstandar auka frå dei fyrste fornektarane på 50-talet til 70-talet. Ein kan også sjå på utviklinga av fornektning som eit resultat av den offentlege diskursen. Ei kan peike på året 1978 som eit viktig år, her ser me både premieren av *Holocaust*, og opprettinga av IHR.

---

<sup>117</sup> Lipstadt 2012: 31

<sup>118</sup> Lipstadt 2012: 32

<sup>119</sup> Ushmm 2020

<sup>120</sup> Lipstadt 2012: 51

### 3.3 1975-1985

Åra mellom 1975 og 1985 er dei fyrste ti åra som vert teken opp i denne oppgåva. Den internasjonale revisjonistiske stilen skyt for alvor fart i denne perioden, då IHR vart skipa i USA i 1978. Miljøet vart meir organisert som følgje av eit eige institutt som publiserte revisjonistane sine artiklar. Korleis gjer stilen seg gjeldande i Noreg?

#### 3.3.1 Nasjonalisten:

Partiet Norsk Front (heretter forkorta NF) var forsøket på å skape eit nasjonalistisk parti i Noreg på 70-tallet. Skipinga i 1975, markerer starten på perioden me skal sjå på. Initiativtakar og sjølvutnemnt «førar» var Erik Blücher. Grupperinga sprang ut av Nasjonal Ungdomsfylking, ungdomsavdelinga til miljøet rundt NS-veteranane og avisa *Folk og Land*. *Nasjonalisten*, som var NF sitt tidsskrift, vart gjeve ut frå 1978 til 1985. I bladet står det om eit eksplisitt mål om å verte eit politisk parti. Kampsakene vert introdusert som motstand mot marxisme, motstand mot innvandring og generell nasjonalisme der ein frykt for at den nordiske rasen skal forsvinne rådar.<sup>121</sup> NF vart allereie i 1979 oppløyst etter at eit av medlemmane sprengte to bomber 1.mai det året. Partiverksemda held fram med Nasjonalt Folkeparti, som vart skipa same år.<sup>122</sup> Erik Blücher stod framleis bak partiet. *Nasjonalisten* vart gjeve ut frå 1978 til 1985, med opp mot ti utgåver i året på det meste. Kjeldegrunnlaget i denne analysen er avgrensa, då ikkje alle utgåvene er tilgjengeleg. Det er likevel analysert 38 utgjevingar av *Nasjonalisten*.

Frå 1978 til 1981 finn ein ingenting i bladet som kan skildrast som revisjonistisk fornektning. I *Nasjonalisten* nr.7, 1981, slår Erik Blücher fast at han gir seg som partileiar, men held fram som utgivar av *Nasjonalisten*.<sup>123</sup> Om dette hadde noko seie for Blüchers påverknad er vanskeleg å vite, men allereie i neste nummer av *Nasjonalisten* vert artikkelen «Tanker omkring 'Holocaust'» trykt.<sup>124</sup> Skribenten var Trygve Engen, ein aktivt medlem av miljøet rundt *Folk og Land* og ein av grunnleggjarane til Instituttet for Norsk Okkupasjonshistorie.

---

<sup>121</sup> *Nasjonalisten* nr.1 1978: 2.

<sup>122</sup> Bangsund 1984: 195

<sup>123</sup> *Nasjonalisten* nr.7 1981: 2

<sup>124</sup> *Nasjonalisten* nr.8, 1981:8

Han var også NS-veteran og stod for sosial oppreising for desse.<sup>125</sup> Engen har i *Nasjonalisten* skrivne ein Holocaustfornektande artikkel. Fyrst av slo avisa *Nationen* artikkelen før *Folk og Land* ikkje ville trykke den, *Nasjonalisten* skriv;

Dessverre våget heller ikke 'Folk og Land' å gi Engen spalteplass denne gang. Det gleder derfor oss i *Nasjonalisten* å kunne åpne våre spalter for Trygve Engen (som forøvrig ikke er NF-medlem) og hans modige ytringer i forbindelse med vår historiske debatt-serie omkring spørsmålet 'Døde virkelig 6 mill.?'<sup>126</sup>

*Nasjonalisten* i sin spalte «Historisk Debatt», gav Engen spalteplass til å ytre sine meiningar rundt folkemordet. Det er fleire interessante moment her. Det fyrste å merke er spalta «Historisk Debatt». Namnet på spalta passar inn i kategorien revisjonisme. Holocaust blir skildra som eit tema som er oppe til debatt. Det er altså eit spørsmål om det verkeleg døydde 6 millionar jødar under krigen. Her ser me korleis eksplisitt fornekting vert framstilt som eit debattspørsmål.

Den andre er kvifor *Folk og Land* ikkje publiserte artikkelen? I Simonsen (2019) vert holocaustfornekting skildra som eit «tilbakevendende element» i avisa.<sup>127</sup> Avisa publiserte regelmessig fornektande innhald, men som Simonsen skriv, nøgde *Folk og Land* tidvis med å fastslå at folkemordet ikkje var bevist. *Folk og Land* si fornekting er då ikkje fullstendig eksplisitt. Som Simonsen skriv, «Avisas samlende innhold... viser en klar tendens i retning av eksplisitt benektelse». Ein annan årsak er interne konflikter i miljøet rundt *Folk og Land*. Hårseth (2014) skriv i sin artikkel om konfliktane. Han skriv at «avisen var preget av en dragkamp mellom kryssende interesser».<sup>128</sup> Desse kryssande interessene var dei som ynskte rehabilitering av rettsoppgeret og NS-medlemmene sin sosiale oppreising på den eine sida, og dei som ynskte ei ny nasjonalsosialistisk politisk linje. Skilje overlappar stort sett med skiljet mellom dei 'gamle' nazistane og dei 'nye', og mellom desse nokre gamle nazistar framleis held seg til den nasjonalsosialistiske ideologien. Engen er ein av desse. Dei yngre kreftene slapp inn utover 1960-talet, og desse overtok avisa heilt i 1973, med eit fokus på meir dagsaktuelle tema. Dei unges styring av *Folk og Land* varte ikkje lenge, og i 1975 vart

---

<sup>125</sup> Trygve Engen til Minne, Sand 1999

<sup>126</sup> *Nasjonalisten* nr.8 1981: 8

<sup>127</sup> Simonsen 2019: 15

<sup>128</sup> Hårseth 2014

redaksjonen av nye nazistar erstatta med dei gamle. Linja som fokuserte på NS-veteranane si oppreising var tilbake. Det er difor rimeleg å anta at Trygve Engens artikkel om holocaust passa ikkje med *Folk og Lands* nye si linje. Dette viser konfliktane internt i miljøet og det fortel oss at *Nasjonalisten* si linje er ei eksplisitt form for av forneking.

Det tredje å merke seg er innhaldet. Artikkelen til Engen vart motivert av tv-serien *Holocaust*, som vart sendt på NRK i 1979. Denne har eg drøfta som ein sentral del av den allmenne oppfatninga av holocaust. Serien skapte stor debatt, og Kringkastingsrådet hadde eigentleg avgjort at serien ikkje skulle sendast på norske fjernsyn i 1978. Dei endra meining, og serien vart vist i 1979.<sup>129</sup> Fleire reiste spørsmål rundt serien, der brutaliteten vart eit tema, i lag med nordmenns nære forhold til hendingane, og kva verdi serien hadde.<sup>130</sup> Serien førte også til debatt i etterkant. Debattprogrammet «På Sparket» inviterte Trygve Bratteli, Arbeiderpartiets parlamentariske leiar og tidelegare konsentrasjonsleirfange, historikar Hans Fredrik Dahl og Professor Leo Eitinger til debatt om serien.<sup>131</sup> Denne debatten ynskte Trygve Engen også å delta i.

Innlegget er kritisk til serien og skildrar den som ein propagandafilm. Artikkelen byggjer på revisjonistisk retorikk. Kjenneteikn som dei tilsynelatande sanningssøkjande spørsmåla rundt holocaust kjem til syne. Engen repeterer til dømes fraser som «En må vel ha lov til å spørre». Det revisjonistiske målet er å invitere til debatt om eit tema det ikkje er noko å debattere om. Under *På Sparket* i 1979 hadde programleiar Olav Øverland teke opp holocaustforneking, utan å nemne fornektarar sine argument. Om dette skriv Engen at «ingen motforestilling» vart presentert. Ein ‘nasjonal’ debatt vert her tema for fornektarane. Merksemda som serien *Holocaust* førte med seg løfta òg nasjonalsosialismens fram brotsverk. Det ser ut til å ført til eit tilsvar frå det nazistiske miljøet. Tilsvaret var forneking. Debatten handlar likevel ikkje om særnorske forhold knytt til holocaust. Handlinga i serien skjer i Tyskland og det er spørsmåla om den systematiske planen og gasskammera som opptek Engen. Dei særnorske forholda var heller ikkje eit stort tema for den offentlege diskursen endå. Han sluttar med å tilrå internasjonal fornektande litteratur som skrivinga til Paul Rassinier, Richard Hardwoods *Did six million really die*, og Arthur R. Butzs *Hoax of the twentieth century*.

---

<sup>129</sup> ‘Holocaust’ blir vist på norsk tv, VG 08.02.1979: 6

<sup>130</sup> Serien som skapte TV-historie, VG 02.04.1979: 36

<sup>131</sup> Serien har skapt forståelse, VG 07.04.1997: 10

Revisjonisme i *Nasjonalisten* dukkar opp att i nr.8-9, 1982. I ei ny spalte, kalla «Nasjonalt Marked», vert fornektande publikasjonar spreidd og gjort tilgjengeleg for sal. Salet er organisert av den nye grupperinga Nordisk Institutt for Historisk Revisjonisme, (heretter forkorta NIHR). Dei tilbyr kjøp av *Debunking the Genocide Myth* og *Did Six Million Really Die?* Gjennom Nasjonalt Marked får abonnentar av *Nasjonalisten* også kjøpt titlar som *Anne Franks Diary - a Fake*, *The Six Million Reconsidered*, *Holocaust Debate*. Dette er dømer på den internasjonale fornektande litteraturen. Det er også mogleg å kjøpe eit utval revisjonistiske utgjevingar av norske aktørar. Olav Hoas har til dømes skrive boka, *Århundrets komedie, Hoas-saken*, om saka mot han. Asbjørn I. Bru har skrive *Holocaust* og Sigurd Hildetanns *De Seks Millioner*. Desse er døme på norskproduserte utgjevingar. Det er altså både internasjonale publikasjonar, og norske publikasjonar med fornektande innhald som vert spreidd. Spalta «Nasjonalt Marked» er eit gjentakande element i *Nasjonalisten*.<sup>132</sup>



Figur 1. Nasjonalt marked i *Nasjonalisten* nr.8-9, 1982

Spalta «Historisk Debatt» er på ny ein del av *Nasjonalisten* nr.10, i 1983. Spalta tek denne gong opp spørsmålet, «Hva Er Revisjonisme?». Innlegget er skrive av Erling Bergheim, den ansvarlege redaktøren av NIHR sitt tidskrift, *Historisk Revy*. Kven Bergheim er, er vanskeleg å seie. Det er likevel naturleg å tru, ut i frå artikkelen, at han er knytt til den tapande sida i krigen. Bergheim tek opp det han skildrar som menneskets søkje etter sanning. Denne leitinga vert i følge Bergheim hindra av dei etablerte historikarane. Bergheim skriv, «historien er mer preget av seierherrers og stormakters subjektive interesser enn en objektiv jakt på sannhet.»<sup>133</sup> Ideen om at 'historie vert skrive av sigerherrane' er ein av dei mest sentrale revisjonistiske ideane. Ideen dominerer særleg på tapande side. Som nemnt innleiingsvis, vil alle partar i krig framstille seg som dei gode og rettferdige. For å forsvare sine eigne handlingar og ideologien som støtta opp under sine handlingar, tyr ein til påstandar om fabrikkerte historier eller fornektning av sentrale hendingar.

<sup>132</sup> *Nasjonalisten* nr.8-9, 1982: 9-10

<sup>133</sup> *Nasjonalisten* nr.10, 1983: 9

Kapittel 5 skal sjå nærare på den konspiratoriske holocaustfornektinga, men Bergheim koplar også holocaust til Israel med påstanden om at holocaust er skapt av dei. Her ser me korleis dei antisemittiske synspunkta også gjer seg gjeldande blant dei som påstår at dei berre er ute etter historisk sanning.

Det samme gjør unektelig staten Israel og den zionistiske verdensbevegelse, som ved hjelp av "Holocaust"-myten har kunnet gjennomføre og opprettholde okkupasjonen av den palestinske nasjon — finansiert ved hjelp av enorme og kontinuerlige erstatningssummer sugd ut av det tyske folk.<sup>134</sup>

Han skriv vidare om det han meiner er ei forfølging av dei som tørr å seie noko som strider mot den allmenne oppfatninga av holocaust. Innlegget nemner fleire som har møtt reaksjonar for sine fornektande meiningar, til dømes Olav Hoaas som mista sin stilling som lektor. Til slutt skriv han om NIHR. Instituttet dukkar regelmessig opp i nasjonalisten desse åra. Dei ber om økonomisk støtte og legg ved nyheitsbrevet «*Holocaust*» Nytt.<sup>135</sup> *Nasjonalisten* gjev instituttet annonseplass, som den under, i fleire av utgåvene.<sup>136</sup> I desse annonsane, kalla «Revisjonistvideo», ser me tydeleg antisemittiske formuleringar som 'dokumentaren' «Den evige jøde».

R E V I S J O N I S T V I D E O :	
1. VILJENS TRIUMF av Leni Riefenstahl. Verdens mest undertrykte dokumentarfilm! Verdens beste propagandafilm!	2. JÖDEN Alle filmene koster kr. 390.00 pr. stk. og finnes i SÜSS av Viet Harlan. Verdens mest kontroversielle dokudrama!
3. DEN EVIGE JÖDE. Alle filmene koster kr. 390.00 pr. stk. og finnes i SÜSS av Viet Harlan. Verdens mest kontroversielle dokudrama! Både VHS og Beta-format. Betaling må følge bestillingen som sendes NIHR, box 45, N-0321 Oslo 3, Norge.	

5

Figur 2. Annonse i *Nasjonalisten*, nr.2, 1984: 5

<sup>134</sup> *Nasjonalisten* nr.10, 1983: 9

<sup>135</sup> *Nasjonalisten* nr.1, 1984

<sup>136</sup> *Nasjonalisten* nr.2, 1984: 5



### 3.3.2 Nordisk Institutt for Historisk Revisjonisme

Det er altså ei eige nordisk verksemd dedikert til revisjonisme. Grappa, som vart oppretta i 1982, veit me svært lite om. Dette er i hovudsak grunna gruppas få medlemar og kortvarige levetid. Det me har av informasjon kjem frå deira eigne publikasjonar og det som står i *Nasjonalisten*. NIHR var i følgje seg sjølv, «en gruppe nordiske revisjonisthistorikere, forskere og journalister.»<sup>137</sup> Dei skildrar seg sjølve med ein etos som gjev inntrykk av ei seriøs verksemd. Av personar knytt til instituttet er den nemnde, men ukjende Erling Bergheim ført opp som ansvarleg utgivar av magasinet *Historisk Revy*, redaktør av magasinet er Ditlieb Felderer, ein svensk fornektar. Trygve Engen, spaltist i *Nasjonalisten* og aktiv i miljøet rundt *Folk og Land*, er også spaltist i *Historisk Revy*. Det er altså ingen forskarar eller journalistar.

Av desse er berre Felderer offentleg kjend. Født i 1942, i Austerrike, men flytta til Sverige grunna krigen. Felderer konverterte til Jehovas Vitne, og reiste Nord-Amerika rundt som evangelist. Det var i denne perioden dei revisjonistiske tankane byrja. Medan han studerte nazistanes forfølging av Jehovas Vitne oppdaga han revisjonisme, og vart overtydd. Som følgje av overtydinga byrja han fyrst å omsette revisjonistisk litteratur til svensk. I 1979 publiserte han i *Journal of Historical Review* ein artikkel som tvilte på legitimiteten til Anne Franks dagbok.<sup>138</sup> Felderer publiserte også ei bok ved namnet *Auschwitz exit, A Field Guide and an Investigation Into the Holocaust* etter turar til konsentrasjonsleirane. Gjennom kontakt med Ernst Zündel vart han medlem av *Institute of Historical Review*. I 1983 vart han dømt til fengsel for spreiding av antisemittiske flygeblad. Felderer var i lag med Fred A. Leuchter og David Irving vitner for Ernst Zundel i rettssaka mot han i Canada.<sup>139</sup>

Ditlieb Felderer er altså ein revisjonist med sterke koplingar til det internasjonale revisjonistiske miljøet rundt 1970-1980 talet. Som redaktør i forsøket på å opprette den nordiske versjonen av IHR, NIHR kan han og koplast til det norske miljøet. Denne koplinga vert stryka når NIHR skildrar IHR som sin moderorganisasjon.<sup>140</sup> Forsøket på å etablera eit nordisk institutt lukkast ikkje, men forsøket viser at strategien til NIHR er klart revisjonistisk.

---


<sup>137</sup> «Holocaust» Nytt u.å: 4

<sup>138</sup> Feleder 1979

<sup>139</sup> Kjeldene til Felderer er ikkje av beste, men info finnes på Wikipedia, og Revisjonist.com

<sup>140</sup> «Holocaust» nytt u.å: 4

Dei publiserte som nemnt tidsskriftet *Historisk Revy*. Magasinet fokuserer på ein breiare revisjonisme og ikkje berre på holocaust-revisjonisme. Det ser ut til at magasinet berre er gjeve ut to gonger. Dette har eg ikkje funne, men det er referansar til dei to utgåvene i *Nasjonalisten*, som annonserer abonnement på magasinet slik som biletet til høgre. Den fyrste utgåva av *Historisk Revy* tek opp «myten Karl Marx», terrorbombinga til dei allierte og utdrag frå *Anne Franks Dagbok*, *Et Falsum* av Richard Harwood som også skreiv *Did Six Million Really Die*. Introduksjonen til revisjonisme av Einar Bergheim, som også vart publisert i *Nasjonalisten*, er også ein del av den fyrste utgåva av *Historisk Revy*. Den andre utgåva av *Historisk Revy* har eg ikkje funne. Utgåva er annonsert i *Nasjonalisten*, og skulle ta «et knusende oppgjør med prof. Andenæs` forsvar av det s.k 'rettsoppgjøret' med NS folk etter okkupasjonen»<sup>141</sup>. Dette vert skildra som essensiell lesnad for medlem av INO, altså Institutt for Norsk Okkupasjonshistorie som ynskjer revisjon av rettsoppgjeret. *Historisk Revy* sin retorikk og val av strategi verkar å appellere til det breiare norske revisjonistiske miljøet. Dei blandar saka som er viktigast for medlemmene av INO, som er det urettferdige rettsoppgjeret, saman med artiklar frå dei internasjonale fornektarane. Her kan ein tenkje at Feleder er brua mellom Noreg og den internasjonale revisjonismen, medan Trygve Engen kan tenkast å vere drivkrafta bak innhaldet retta mot NS-veterananes sosiale oppreising.



HISTORISK REVY, utgitt av Nordisk Institutt for Historisk Revisjonisme. Nr. 1 ..... Kr. 10.00  
 Arsbabonnement (6 nr.) ..... Kr. 80.00  
 Det nyopprettede N.I.H.R. består av en gruppe nordiske revisjonshistorikere. Redaktør av instituttets magasin er den for akademiske revisjonist-interesserte og nasjonalist velkjente Detlef Feleder. Magasinet utgis i samarbeid med den norske historikere og forfatterne Ole-Johan Reiersen.

Figur 3. *Historisk Revy* annonsert i *Nasjonalisten*, *Nasjonalisten* nr 8-9, 1982: 9

ingen. Dette essensen skrevet for alle venner av INO er tatt ut av Trygve Engen og vil bli tilsendt "Historisk Revy"s abonnenter på senbløten.

Instituttet publiserte også nyheitsbrevet «*Holocaust*» nytt. Publikasjonen nådde heilt til Stortinget, der representant Kjell Bohlin spurte statsråd Mona Røkke om å få stoppa nyheitsbrevet, som begge hadde fått i posten.

Nyheitsbrevet blei sendt til vurdering hjå riksadvokaten.<sup>142</sup> Nyheitsbrevet er basert på og nærast ei direkte omsetting av det britiske nyheitsbrevet «*Holocaust*» *News*. Det originale nyheitsbrevet vart publisert av den britiske fornektaren Richard Harwood gjennom det britiske Center for Historical Review.<sup>143</sup> I den norske versjonen finn me overskrifter som «'Holocaust' er en Zionistisk Svindel», «Påstandene om 'Gassing' Vitenskaplig Umulige», «Anne Franks Dagbok er et Falsum» og «'Holocaust'-tilståelser» fremskaffet ved tortur». Me ser igjen korleis dei internasjonale fornektande publikasjonane vert omsett til norsk. Innhaldet i magasinet tek ikkje opp særnorske forhold. Vidare ser me eit tydeleg forsøk på å skape blest

<sup>141</sup> *Nasjonalisten*, nr.8-9 1982: 9

<sup>142</sup> Stortinget, Spm. 13, 20.10.1983

<sup>143</sup> Google books har informasjon om «Holocaust News».

rundt nyheitsbrevet. Ved å sende det til stortingsrepresentantar og statsrådar ynskjer NIHR å skape sak. Deira internasjonale inspirasjonskjelder lykkast med å skape sak ved å spreie fornektande materiale. Zundel-rettssaka handlar om spreinga av pamfletten *Did Six Million Really Die*, og fekk mykje merksemd. Å få merksemd rundt dei revisjonistiske påstandane er ein viktig strategi av fornektarane.

Kven er desse fornektaren og kva motiverer fornekinga? Kva driv dei? Dette er eit sentralt spørsmål i studien. Ved å sjå på kva sjølvbilete dei har, kan ein kanskje etablere nokre trekk. Nyheitsbrevet «*Holocaust*» nytt opnar med påstanden. «Disse personene [dei som fornektar holocaust] er ikkje `nynazistiske-fanatikere´ eller `antisemitter´» og «ingen av dem har grunn til å sympatisere med nazismen». NIHR hevder å ta avstand frå nazismen. Likevel påstår revisjonistane at holocaust er skapt av sionistar for å kunne opprette ein jødisk nasjonalstat og krevje erstatning frå Tyskland. Det er semje i forskingslitteraturen at forneking av holocaust har antisemittisk motivasjon. Sjølv om *Nasjonalisten* var eit ungdomsinitiativ, der dei nye nazistane ynskte å føre ny nasjonal politikk, er det NS-veteranane som står bak mykje av den revisjonistiske fornekinga. Dette gjeld og NIHR. Eg vil påstå at dei gamle nazistane som er delaktige i den nye nazismen, er dei som framleis har den nasjonalsosialistiske ideologien, og ynskjer ein reinvasking av nazismen meir enn eigen deltaking i NS. Me ser appellar til dei 'passive', gamle nazistane gjennom NIHR, som i større grad ynskjer personleg reinvasking. Kombinasjonen av gamle ideologisk overtydde nazistar, i lag med yngre initiativtakarar som Felderer og Blücher motivert av den nasjonale rørsla, fornektar holocaust i revisjonistisk stil. NIHR forsvann etter kort tid. Hovudgrunnen til dette er mest truleg at redaktør og pådrivar, Ditleib Feleder, vart dømd til fengselsstraff for sine ytringar i 1983.

### 3.3.3 Revisjonisme på norsk

I perioden 1975-1985 finn me to heilnorske revisjonistiske utgivingar i bokform. Dei to bøkene *Holocaust* (1979) av Asbjørn I. Bru og *De Seks Millioner* (1980) av Sigurd Hildetann er begge publikasjonar som er annonserte i *Nasjonalisten*. Desse er i revisjonistisk stil og er holocaustfornektande. *Holocaust* av Bru er nok det beste norske eksempelet på forneking av holocaust i revisjonistisk stil. Bru, som var NS-veteran, medlem av Stiftelsen for Norsk

Okkupasjonshistorie, samt aktiv i Folk og Land miljøet, har skrive fleire bøker etter krigen.<sup>144</sup> For denne oppgåva er boka om holocaust av interesse. Med hyppige referansar, sitat og med ein tilsynelatande vitskapleg og profesjonell stil, skriv Bru om folkemordet.

Sigurd Hildetann gav året etter ut boka *De seks millioner*. I 1981 skriv *Folk og Land* ei notis om utgjevinga. Sigurd Hildetann er i følge *Folk og Land* eit pseudonym. Folk og Land uttrykker positivitet over det dei meiner er eit «inngåande studium». Dei er og positive til at fleire tek opp holocaust. Dei skriv, «man har bare stillestående godtatt de utsagn som Nürnberg domstolen i sin tid erklærte å være i samsvar med fakta». *Folk og Land* vel her å publisere ei melding om ein fornektande publikasjon, der dei er positive til at tematikken vert drøfta. Den nye linja til *Folk og Land* styrer ikkje unna fornektning, og har er nytta den signaliserande forma for fornektninga. Notisen vidareformidlar berre Hildetanns påstandar, og skildrar det som eit interessant tema. Dei er likevel kritiske til boka, som dei meiner er dårleg skriven, med ein «innviklet og tungvint stil, at en uvilkårlig begynner å lure på om forfatteren kan ha hatt norsk som morsmål?»<sup>145</sup> Meir om forfattaren er ikkje å oppdrive.

Bøkene er i revisjonistisk stil. Boka til Bru byrjar med etterkrigsåra sin rettssaker mot Tyskland og nazistane. Desse rettssakene er i følge Bru ikkje legitime. Han argumenterer på ein tilsynelatande ryddig måte og støttar seg på eit utval sitat, referansar og utsegn frå både professorar, militærpersonell, rettsdommarar og andre med sterk etos om Nürnberg-prosessane, og andre etterkrigsrettssaker. Til dømes er det fyrste sitatet i boka frå Yale-professor Eugene Davidsons bok om Nürnberg. Der skriv han om kva den amerikanske dommaren og seinare amerikansk justisminister Francis Biddle sa før rettssaka. Biddle skal ha sagt, «vi beskjeftiger oss her med hovedkrigsforbryterne, og de er allerede dømt».<sup>146</sup> I følge Bru var Nürnberg inga reel rettssak, men eit skodespel. Han skriv at tilståingar er skaffa ved tortur og med lovnadar om milde straffer. Han forsøker å etablere at dei allierte etter krigen hadde ein agenda om å sverte Tyskland. Dette er revisjonisme i sin mest grunnleggande form. Heil på linje med revisjonistane etter den fyrste verdskrigen, påstår Bru at det same gjeld for den andre verdskrigen. Bru nyttar kjelder både frå anerkjende aviser som New York Times,

---

<sup>144</sup> Holmen 2017: 120 og Ellingsen 2016: 39. Bru har skrive *Her er London – med krigskabinettets beslutninger*(1985), som tek for seg opptakten til 9.april, *Professor på ville veier* (1981) som er eit tilsvar til Johannes Andenæs' *Det vanskelige oppgjøret* (1979) som handlar opp landsvikaroppgjeret og *Det står skrevet: Den lille mans anfektelser* som omhandlar okkupasjonstida.

<sup>145</sup> Folk og Land, september 1981: 6-7

<sup>146</sup> Bru 1979: 5

universitetsprofessorar, men også frå revisjonistar og fornektar som Maurice Bardèche, Paul Rassinier og Arthur R. Butz. Revisjonismen blir skjult blant kjelder og sitat og skapar eit inntrykk av eit gjennomført og heilskapleg bilete.

Bru tek vidare for seg folkemordet. Kapittel to har tittelen «Konsentrasjonsleirene». Bru skriv, «De fleste har sikkert ikke reflektert særlig over at tyskerne skal ha drept 6 millioner jøder under krigen». Han erkjenner at «fiendskapet mellom disse to folkene var velkjent, og under krig er det om å gjøre å ta livet av så mange fiender som mulig», men skriv, «Men i de årene som er gått, har det hendt en del ting, som kan få selv den mest godtroende til å tvile på om alt virkelig kan stemme».<sup>147</sup> Bru påstår at dei store orda, dei store tala og at gasskammer nytta til avretting av menneske ikkje kan stemme. Det er ingen tvil om at boka til Bru er holocaustfornektande. Boka inneheld alle kjenneteikna ved holocaustfornekting som Shermer og Grobman etablerte.<sup>148</sup> I følgje Bru, er talet på drepne ikkje seks millionar. Han skildrar dette talet som «fantastiske tall», i betydninga fantasi.<sup>149</sup> Bru skriv ikkje at ingen omkom i tyske leirar, men at desse dødsfalla i stor grad skuldast tyfusepidemiar. Han reduserer tala til 110 tusen omkomne, noko han samanliknar med dødstal frå konsentrasjonsleirar under den amerikanske borgarkrigen.<sup>150</sup> At folkemordet var planlagt og systematisk er heller ikkje Bru einig i. Han skriv at ein finn ingen ordre frå Hitler om å utrydde dei europeiske jødane, og Wannsee-konferansen var ikkje eit møte om utrydding.<sup>151</sup> Jamvel eksistensen av gasskammer der gass vart brukt for avretting nektar Bru for. Han skriv;

Ikke mindre utrolig høres det ut når det hevdes at en overveiende del av disse millionene skal være blitt drept som lus og andre skadedyr i dertil innrettede gasskamre med det vanlige desinfeksjonsmiddel, blåsyregass.<sup>152</sup>

Kjeldene han nyttar til desse påstandane er til dømes Arthur R. Butz fornektande bok *Hoax of the twentieth century*, Paul Rassinier's publikasjonar og fornektaren Harwood. Bru tikkar alle holocaustfornektande boksar. Han reduserer talet på dei drepne, motseier eksistensen av gasskammer og påstår at det ikkje var ein systematisk plan. Fokuset ligg og på dei

---

<sup>147</sup> Bru 1979: 21

<sup>148</sup> Grobman & Shermer, 2000, s. xv

<sup>149</sup> Bru 1979: 24

<sup>150</sup> Bru 1979: 32

<sup>151</sup> Bru 1979: 36 & 49

<sup>152</sup> Bru 1979: 24

internasjonale forholda rundt holocaust. Nasjonale forhold vert av Bru nemnt ein gong, då han skriv at det døydde 630 norske jødar i Tyskland. Noko meir om desse står det ikkje, då fokuset er på forhold som gasskammer, gettoar og andre internasjonale forhold.

Boka til Hildetann startar med eit utdrag frå menneskerettserklæringa. Alle menneske har meinings- og ytringsfridom. I forordet skuldar han Asbjørn I. Bru for å stele ideen om ei norsk bok i revisjonistisk stil, då Hildetann hadde sendt manuskriptet sitt til Bru for gjennomlesing og mogleg trykking.<sup>153</sup> Bru var avvisande til dette, men gav sjølv ut si bok, *Holocaust*, i ettertid. Boka *De seks millioner* er, som Folk og Land også meiner, dårleg skriven. Samanlikna med Bru, har ikkje Hildetann basert seg i like stor grad på kjelder. Boka viser til tider til kjelder, og er i revisjonistisk stil. Hildetann kritiserer boka *Die endlösunge*, ei tysk bok om folkemordet. Han omsett ikkje utdraga, og då vert desse vanskelege å tolke. *De seks millioner* hentar på same måte som *Holocaust* inspirasjon frå fornektarane Harwood og Butz. Særnorske forhold er heller ikkje eit tema i boka.

Perioden mellom 1975 til 1985 er eit høgdepunkt av holocaustfornekting i revisjonistisk stil. Me ser fleire forsøk på å etablere fornekting i Noreg. Revisjonisme i *Nasjonalisten*, NIHR og dei to bøkene er det i hovudsak dei gamle nazistane som står bak. Desse er dei klaraste døma på norsk revisjonisme. Revisjonisme er ein måte å skjule sine eigentlege standpunkt, og det er eit ideologisk motiv bak fornektinga. Me ser ei blanding av gamle og nye nazistar som ynskjer ei rehabilitering av nazismen, og føre den inn i ei ny tid. Desse hentar inspirasjon frå dei internasjonale fornektarane. Det er fornektarane Bütz, Harwood, Rassinier, Zündel og andre som vert nytta som kjelder og sett på som legitim historisk forskning. Svensken Ditlieb Fedeler har nok fungert som ei bru mellom internasjonal og norsk fornekting. Det er også dei sentrale elementa av folkemordet som er i fokus. Om dei kan 'avsløre' at det ikkje eksisterte gasskammer, ein systematisk plan, eller det ikkje er seks millionar drepne, fell resten av forteljinga saman. Dei særnorske forholda knytt til holocaust vert ikkje drøfta, noko som kan koplast til diskursen om holocaust i Noreg. Gjennom 1970- og tidleg 1980-tal vart holocaust ein del av den norsk kollektive minnekulturen. Tv-serien *Holocaust*, som var eit skifte, vert direkte kommentert av *Nasjonalisten* og Trygve Engen som saknar ei motførestilling. Som etablert i delkapittelet 2.6 fekk ikkje det norsk holocaust stor merksemd før 80-90 talet.

---

<sup>153</sup> Hildetann 1980: 1

Vidare vert det interessant å sjå om fokuset på Noregs brotsverk og rolle i folkemordet vert reflektert i den fornektande diskursen fram mot 1990-talet.

### 3.4 1985-2000

I boka *Nazisme etter krigen*, gjeven ut i 1984, avsluttar forfattar Per Bangsund med spørsmålet, «hvem er det som stadig plasserer friske blomstrer på Vidkun Quislings gravsted?».<sup>154</sup> Konklusjonen til Bangsund er at det høgreekstreame miljøet i Noreg verkar dødt, men at det eksisterer nokre nazistiske spirer. Desse spirene starta å bløme i Noreg etter 1984, og gjennom 90-talet fram til det tidelege 2000-tal, skyt miljøet fart.<sup>155</sup> Den nye rørsla av 'skinheads' dominerte perioden. Den valdelege og militante subkulturen med inspirasjon frå hard-rock kulturen i England hadde ei aksjonistisk tilnærming. Dei nye skinheadmiljøa organiserte seg utover 90-tallet, noko som resulterte i fleire valdelege hendingar, som kulminerte med at medlem frå gruppa



.... og en seriøs representant for NNSB planter blomster på Quislings grav....

Figur 4. Frå Gjallarhorn 2/12, 2002

Boot Boys gjennomførte eit rasistisk motivert angrep og drap Benjamin Hermansen i 2001.<sup>156</sup> I denne perioden finn me også meir ideologisk retta aktørar. Organisasjonen Zorn 88 er eit ideologisk motstykke til den meir rasistisk motiverte og militante kulturen fremma av skinhead-rørsla. *Gjallarhorn*, bladet som Zorn 88 publiserte, er skildra av Simonsen som «Den viktigste distributøren av systematisk holocaustbenektelse», og av Olstad er fornektning skildra som «en hjørnestein i bladet».<sup>157</sup> Ein annan organisasjon som fornektta holocaust i perioden er Vigrid. Organisasjonen gjorde seg gjeldande på det seine 90-tal, og er framleis aktiv i dag. No vert søkjeljoset retta mot desse organisasjonane, og deira publikasjonar, *Gjallarhorn* og *Vigrid*. Perioden 1985-2000 er prega av meir merksemd rundt folkemordet, i form av den universelle rolla holocaust får internasjonalt og etablering av ein 'skulddiskurs' nasjonalt. Dei same spørsmåla vert vidareførte. Korleis stiller nynazistane seg til forteljninga? Er det framleis dei internasjonale aktørane som inspirerer, eller vert særnorske forhold drøfta? Etter kvart som holocaust i Noreg vart ein større del av historia om krigen, ser med ein motstand mot dette i fornektarane sine publikasjonar?

<sup>154</sup> Bangsund 1984: 254

<sup>155</sup> Olstad 2021: 1

<sup>156</sup> Drapet på Benjamin Hermansen, NRK U.å.

<sup>157</sup> Simonsen 2021: 190 & Olstad 2021: 24

### 3.4.1 Gjallarhorn

Julaftan 1988 vart ei ny gruppering skipa i eit fragmentert høgreekstremt landskap. Med målsetjing om å fremme rein nasjonalsosialistisk ideologi, i motsetnad til den meir aksjonsretta strategien som prega norsk høgreekstremisme, vart Zorn 88 skipa. Namnet Zorn 88 kjem av det tyske ‘Zorn’ som tyder ‘Vrede’, i lag med 88, som står for ‘Heil Hitler’, der 8 siktar til ‘H’, den åttande bokstaven i alfabetet. Lite er kjend om grupperinga, då berre tre personar kan direkte knytast til verksemda. Desse er grunnleggjar og redaktør i medlemsbladet Erik Rune Hansen, gjesteskribent i bladet og den mest kjende holocaustfornektaren i Noreg, Olav Hoaas, og den langt mindre kjende, men like fornektande Ola Misvær. Me veit likevel noko. Det me veit er i stor grad basert på grupperinga sine eigne utsegn og påstandar, og må difor handsamast deretter. Boka *Aller ytterst* (1993) skildrar grupperinga i samtida. Boka skildrar gruppa som «Norges tungvektare hva ideologi angår». Zorn 88 var ei svært løyndomsfull og godt organisert gruppe. Gruppas leiing var eit hemmeleg råd. Medlemane var delt inn i kategoriane A, B og C etter kor mykje dei bidrog. I boka *Aller Ytterst* vert medlemsmassen i Zorn stipulert til om lag 150 medlem då boka kom ut i 1993. Målet til Zorn var å skape ein eksklusiv organisasjon der «ekte» nasjonalsosialistar kunne samlast og «overvintre» til tida er moden for ideologien deira.<sup>158</sup>

Gruppa publiserte medlemsbladet *Gjallarhorn*. Eit tidsskrift som blei sendt til abonnentar om lag fire gonger i året. I bladet står Erik Rune Hansen som redaktør og skribent. Rune Hansen var tidelegare medlem av NF, og var redaktør i ungdomsspalta i *Folk og Land*. Andre skribentar har ofte pseudonym, men Trygve Engen er til dømes ein namn som dukkar opp her også. Bladet vart publisert frå 1989 til 2003. Dei gav også ut nokre nyheitsbrev og temamagasin. Zorn 88 skifta i 1998 namn til Norges Nasjonalsosialistiske Bevegelse, (NNSB), og fekk ny leiing. Organisasjonen og bladet mista etter kvart si drivkraft når Rune Hansen vart råka av eit slag og helsa vart ei utfordring. Rune Hansen døydde også i dette tidsrommet.<sup>159</sup>

*Gjallarhorn* si fyrste utgåve kom hausten 1989, om lag eit år etter stiftinga.<sup>160</sup> Bladets fyrste notis omhandlar ein artikkel skriva av

<sup>158</sup> Lunde 1993: 25

<sup>159</sup> Olstad 2021: 19

Vi er det eneste nasjonal-sosialistiske tidsskrift i Norge. Vi er det eneste tidsskrift som regelmessig bringer fakta om et av de mest kontroversielle spørsmål i vår tid: Ble det gasset 6 millioner jøder under den annen verdenskrig - eller er dette en av flere løgner om årene som forandret verden og la

Figur 5. Gjallarhorn sitt eksplisitte mål om fornekte holocaust. *Gjallarhorn* 2/6, 1994



Erik Rune Hansen. Artikkelen vart stansa då den i utgangspunktet skulle publiserast i *Folk og Land*. Nummeret av *Folk og Land* vart stoppa og makulert. Dette minner om det som skjedde med den holocaust-fornektande artikkelen i *Nasjonalisten*, noko som styrkar iden om at *Folk og Land* styrer unna eksplisitt holocaustfornekting, og vel ein annan strategi i møte med historisk revisjon. Ein kan også sjå på det som eit teikn på fragmenteringa på ytre høgre. *Folk og Land* sitt hovudfokus var blitt rettsoppgjeret etter krigen, etter brotet med dei nye nazistane, Rune Hansen inkludert.<sup>161</sup> Dei ideologisk retta aktørane som Hansen og Zorn ynskjer vidareføring av nazismen. Dei gjer det heilt eksplisitt kva dei meiner. Som figur 5 viser, ser *Gjallarhorn* på holocaust som den største hindringa for eit nytt nasjonalsosialistisk germansk fellesskap. Me ser då ein tydeleg usemje mellom kva som *Folk og Land* aksepterer og meiner er viktig, og kva *Nasjonalisten* og *Gjallarhorn* aksepterer. *Gjallarhorn* utnyttar situasjonen, og peikar på stoppinga av artikkelen med retorisk verkemiddel for å trekkje til seg fleire lesarar. Dei skildrar artikkelen som «Artikkelen som ble for ‘farlig’ for styret i INO/Folk og Land».

Artikkelen til Hansen, med tittelen «Det endelige bevis», omhandlar rettssaka mot Ernst Zündel i Canada der Fred Leuchter sine analyser av gasskammer vart lagt fram som bevis. Artikkelen som originalt skulle stå i *Folk og Land* vart inkludert i *Gjallarhorn*. Leuchter sin rapport, eit revisjonistisk forsøk på å avkrefte eksistensen av gasskammer i konsentrasjonsleirane Auschwitz og Majdanek, er for Hansen ein «grundig og sakkyndig undersøkelse av ‘dødsleirene’». Den er skriven som ein vitskapleg publikasjon, prøvane vart gjort i eit laboratorium, men rapporten er ved fleire høve avskriven som feilaktig.<sup>162</sup>

*Erik Rune Hansen:*

**IDET ENDELIGE BEVIS?**  
**Ingen ble gasset i de tyske konsentrasjonsleirene**  
**Majdanek eller Auschwitz/Birkenau.**

Figur 6, Artikkelen i *Gjallarhorn* 1/1, 1989

Leuchter sjølv får spalteplass i ei 1997 utgåve av *Gjallarhorn*. Rettssaka mot Zündel har allereie vist at rapporten var konstruert, men Leuchter og *Gjallarhorn* held fast på rapporten

<sup>160</sup> *Gjallarhorn* 1/1, 1989

<sup>161</sup> Øvsthus 1995: 112 & Hårseth 2014

<sup>162</sup> Shapiro 1990

som eit vitenskapleg bevis på at folkemordet ikkje skjedde. Leuchter skriv i *Gjallarhorn* 2/9 innlegget «Slik ble ‘Leuchter-rapporten’ en realitet». I innlegget forklarar Leuchter si reise til leirane i Polen og korleis han vart overtydd om at desse ikkje vart nytta til avrettingar. Rapporten, eit av dei fremste revisjonistiske forsøka, vert sjølv ti år etter den vart avkrefta som falskneri, nytta som bevis av *Gjallarhorn*.

Rapporten, som vart publisert i 1988, vert for *Gjallarhorn* eit sentralt argument. Rapporten vert teken opp fleire gonger. Det er ein internasjonal aktør som meiner å kunne avkrefte det mest sentrale elementet av holocaust, gasskammer. Diskursen som vert reflektert er ikkje ein norsk forteljing om folkemordet, men den internasjonale fornektande diskursen. Rapporten er også kanskje det beste dømet på pseudovitenskapleg revisjonistisk fornektning. Argumentet til fornektarane vert at analysar av denne typen er ein eksakt vitenskap. David Irving støtta til dømes rapporten i 1989, med argument om at dette var ein eksakt kjemisk vitenskap.<sup>163</sup>

Kapittelet byrja med å seie at historieskriving om krig er kontroversielt. Kven er offera i krig, kven er dei rettferdige og kven er gjerningspersonane? Desse spørsmål har sjeldan tydelege svar. Krig er ikkje rettferdig. Begge sider gjer brotsverk. Etter krigen vart nazistane sett på som krigshissarar og det vonde regime. Omdømet er rettferdig, men for dei som deltok på den tapande sida kan det følast urettferdig. Som nemnt vart påstanden om det urettferdige rettsoppgeret fanesaka for dei gamle nazistane i Noreg. Nürnberg-rettssakene har på det internasjonale nivå også blitt skildra som urettferdig. Fornektning av holocaust i revisjonistisk stil er ei revidering av nazismen som ‘den store stygge ulven’. På same måte som revisjonistane reviderer nazismens brotsverk til mindre alvorlege, vert allierte brotsverk løfta fram i ljuset. I *Gjallarhorn* 1/2 står det;

Septemhernummeret av *Saturday Night* som gis ut i Toronto inneholder en artikkel av James Bacque, som fører bevis for at den amerikanske armeen i løpet av ti månader etter krigens slutt, bevisst lot tyske fanger sulte i hjel, på tross av at både armeen og Røde Kors hadde mat i tilstrekkelige mengder.<sup>164</sup>

---

<sup>163</sup> Irving 1989

<sup>164</sup> *Gjallarhorn* 1/2, 1989

Barcque studerte historie, men vart ikkje utdanna historikar, og skrivinga hans har blitt kritisert i historiske akademiske sirkular.<sup>165</sup> Argumentet til Hansen er at om dei allierte bevisst let tyske fangar svelte, var det då så gale om fangar døydde i tyske fangeleirar som følge av sjukdom eller andre ikkje-systematiske dødsårsaker. Dette er ingen uvanleg strategi. Tysk propaganda under krigen peika på allierte brotsverk, som bombinga av Dresden.<sup>166</sup> Etter krigen er dette ein strategi brukt av nynazistar for å rettferdiggjere nazismens brotsverk.

Sommarutgåva av *Gjallarhorn*, i 1990, inneheld ein stor artikkel om holocaust med namnet «Derfor tror heller ikke jeg».<sup>167</sup> Hansen legg ut om sine tankar rundt folkemordet. Han skildrar dei som ikkje er einige i hans påstandar som «historieforfalskerene». For Hansen er det han og revisjonismen som driv med den legitime forskinga. Han tek til dømes opp ulike matematiske utrekningar for å avvise at folkemordet var mogleg. Dette er utrekningar som skal vise at det ikkje er matematisk mogleg å gasse så mange personar på dei åra gasskammera var operative, eller mogleg å kremere så mange lik. Som Leuchter sin kjemiske rapport, vert matematiske utrekningar ofte nytta til å vitskapleggjere dei revisjonistiske påstandane. Matte lyg ikkje, det er to strekar under svaret. Som han sjølv skriv, «Egentlig trenger man bare en lommekalkulator for å 'forske' om denne påstanden er mulig».

Utrekningane er sjølvsagt basert på eit feilaktig startpunkt, med tal som ikkje stemmer overeins med kva som er dei riktige tala.

Tala på offer under folkemordet har, til glede for fornektarane, blitt justert ned sidan krigen. Lenge var det sagt at det vart drepne 4 millionar i Auschwitz, basert på Sovjetiske kjelder. Desse er justert ned til om lag 1,1 millionar.<sup>168</sup> I sine utrekningar startar Hansen med talet 4 millionar. Med eit så høgt tal som startpunkt vert det følgjefeil i utrekningane, som til slutt gjev eit ulogisk svar. Talet 4 millionar var også noko museet i Auschwitz hadde på sine skilt tidlegare. Desse vart fjerna i 1990 og erstatta med det riktige talet basert på den nye forskinga.<sup>169</sup> Denne revideringa er akkurat det fornektarane ynskjer. Den viser at revidering av folkemordet er mogleg, noko det sjølvsagt er. Revidering skjer, men forskjellen er at Zorn ynskjer å revidere basert på ideologiske grunnar, ikkje auka kunnskap. Dei originale skilta

---

<sup>165</sup> Strafford 1990: 408

<sup>166</sup> Eit døme er Tyske propagandapamflettar vart slepte over Italia som peika på allierte krigsbrotsverk. <https://perspectives.usmm.org/item/german-leaflet-alleging-allied-atrocities>

<sup>167</sup> Gjallarhorn 2/2, 1990

<sup>168</sup> Auschwitz.org 2023

<sup>169</sup> Stets 1992

hadde Rune Hansen og sett med egne auge, noko han meiner er bevis på at folkemordet er oppdikta.

Sjølv om Zorn 88 var ein lukka organisasjon, dukkar dei av og til opp i media. *Gjallarhorn*, nr.1/4, 1992, inkluderer ein reportasje frå ei radiosending der redaktør Rune Hansen vart invitert til radiodebatt med Erling Bauck, ein tidlegare fange i tyske konsentrasjonsleirar.<sup>170</sup> Debatten vart sendt på P2. Den aktuelle radiosendinga er ikkje lagra i NRK sitt arkiv. I radiosendinga legg Hansen fram sitt, og Zorn88 sitt grunnleggande synspunkt på holocaust:

Vi tror ikke at det foregikk et ovelagt og planlagt folkemord. Vi tror ikke at det eksisterte gasskammer, hvor Zyklon B eller kulloksyd ble brukt til å ta livet av mennesker. Og vi tror at tallet på omkomne jøder – seks millioner- må vere sterkt overdrevet.<sup>171</sup>

Dette er definisjonen på holocaustfornekting. Eit anna interessant aspekt ved radiosendinga er møtet mellom eit særnorsk forhold i Bauck, og ein fornektar. Kva fokus vel Hansen? Fokuserer han på Bauck sin oppleving, eller på dei sentrale forholda? Om sendinga skriv *Gjallarhorn* at bevisa Rune Hansen la fram overvelda både programleiar og Bauck, men at duellen som vart sendt på P2 vart redigert ned og mykje vart klippa bort. Hansen hadde overvelda med detaljkunnskap om Zyklon B, blant anna kven som produserte gassen. Baucks oppleving vart også tema. Bauck sitt opphald i Auschwitz vart ikkje prega av store lidningar, då han var politisk fange og fekk jobb i SS-kantina. Baucks oppleving var ikkje ei jødisk oppleving. Her ser ein perspektivet på bruken av tidsvitne som Corell peikar på, som eg drøfta i delkapittel 2.6. Ein stor del av tidsvitna frå forholda i leirane, har vore dei politiske fangane, ikkje dei som var merkt for utrydding. I dette tilfellet vert Baucks subjektive opplevinga talande for dei generelle forholda. Eit tidsvitne er ei viktig kjelde, men gjev oss aldri heile sanninga. Historisk forskning om holocaust er basert på store mengder tidsvitne og kjeldemateriale for å danne eit heilskapleg bilete. Fornektarane vrir ofte fokus over på anekdotar og enkeltutsegn då desse til tider ikkje er sannferdige. Eit godt døme er historia om såpe laga av dei døde kroppane i konsentrasjonsleirane. Dette er ei myte, men vert nytta av

---


<sup>170</sup> «Erling Bauck», Fanger.no u.å.

<sup>171</sup> *Gjallarhorn* nr.1/4, 1992

fornektarar som eit døme på dei fabrikkerte historiene.<sup>172</sup> Fokuset til Rune Hansen var å presentere alternative fakta, vri fokus, og henge seg opp i små og uviktige detaljer for å verke overtydande. Utan motargument vert slike argumentasjonsrekkjer vanskeleg å hanskast med. Her ligg også faren ved revisjonisme. Sjølv om grunnpåstandane til Hansen og Zorn<sup>88</sup> er for alle stikk i strid med kva dei ser på som sanning, er argumenta meint til å skapa tvil. Nokre av argumenta, som Leuchter sin rapport, krev profesjonelle aktørar for å avvise.

Eit interessant samarbeid ser ut til å ha etablert seg i mellom Zorn 88 og Radio Islam. I *Gjallarhorn* 3/5 i 1993 er det ein artikkel av grunnleggjar av Radio Islam Ahmed Rami kalla «Fakta istedenfor Propaganda». Artikkelen inneheld ei rekke spørsmål og svar om korleis holocaust er ei myte som er skapt til fordel for sionistar, kommunistar og dei allierte. Dei som tvilar på denne forteljinga er revisjonistar. Eksempel på spørsmål kan sjåast på figur 7. Ytre høgre er, med rette, ofte skildra som islam- og innvandringsfiendtlege. *Nasjonalisten* legg til dømes ikkje skjul på sin motstand mot personar med anna opphav en norsk og nordisk. *Gjallarhorn* er også til tider svært innvandringsfiendtlege. I vårutgåva av *Gjallarhorn* 1993 står det til dømes ei notis om valdtektstala som følgje av innvandringa til Sverige. *Gjallarhorn* er også opptekne av rase, og den nordiske rases reinheit. Det er likevel ein plass nasjonalsosialistar og ekstreme islamistar finn felles grunn nemleg i spørsmålet om holocaust.

Islamske anti-sionistar har teke i bruk holocaustfornekting og revisjonisme i sitt forsøk på å svekke Israels legitimitet. Radio Islam er blant anna skildra som ei av dei mest høgreradikale antisemittiske sidene på internett.<sup>173</sup> Revisjonismen har difor fått eit fofeste i Midtausten. Dette kom tydeleg fram i 2006 då den iranske regjeringa inviterte til konferansen International Conference to Review the Global Vision of the Holocaust, som skulle presentere eit «balansert» bilete av forskinga på holocaust. Her deltok blant anna tidlegare Ku Klux Klan leiar David Duke og revisjonisten Robert Faurisson.<sup>174</sup> Det kan verke som revisjonisme av holocaust for Zorn 88 og *Gjallarhorn* er ei så viktig sak at dei viskar ut fiendskap for å etablere støtte.



Figur 7. Radio Islams artikkel i *Gjallarhorn* 3/5, 1993

<sup>172</sup> Neander 2006: 1

<sup>173</sup> Jewish Virtual Library 2003

<sup>174</sup> Tait 2006

I neste utgåve av *Gjallarhorn* står ei helsing frå Robert Faurisson. Helsinga vart i utgangspunktet sendt til Radio Islam, men *Gjallarhorn* har omskrive helsinga til norsk og publisert den under namnet «Ein revisjonist gjør sine tanker i Stockholm».<sup>175</sup> Faurisson, ein av dei mest prominente internasjonale fornektarane av holocaust, hadde vore i Sverige for å halde eit revisjonistisk foredrag. I samanheng med besøket hadde Faurisson utfordra svensk media til å bevise at tyske gasskammer vart nytta til avretting av menneske. Dette hadde media ikkje klart, i følge Faurisson. Faurisson har forsøkt å skape ei sak ut av sitt besøk. Han har forsøkt å lokke svensk media til debatt. Strategien er velkjend. Anten får fornekinga medietid, eller så bit ikkje media på, og det vert framstilt som om dei unngår debatten. Dei internasjonale aktørane har også ein type heltestatus i dei fornektande miljøa. Dei vert hylla som personar som har ofra omdømme, karriere og via livet sitt til kampen.

I 1994 ytrar ein Peter Ø. Iversen seg i *Gjallarhorn*.<sup>176</sup> I artikkelen, «Falt de virkelig under krigen?», tek han opp påstanden om at den tyske okkupasjonen førte til 10.000 norske dødsfall. Dette meiner han er ein falsk påstand. Han påstår at det i staden var 2811 nordmenn som mista livet under krigen.<sup>177</sup> Desse døyde i hovudsak grunna alliert bombing. Her er det fleire ting å merke seg. Iversen sin artikkel er eit forsøk på revidere Noregs historie under krigen. Dette er det fyrste særnorske revisjonistiske forsøket. Tabellen Iversen presenterer gjer dei allierte til ansvar for mesteparten av dødsfalla. Her vert dei allierte gjort til gjerningspersonane, som er ein revisjonistisk strategi. Holocaust vert ikkje nemnt direkte. Dei 773 jødane som vart deporterte er ikkje inkluderte i tabellen. For dei holocaustfornektande sirklane i Noreg er ikkje det norske holocaust eit tema. Det er skriven ut i frå historien om holocaust totalt. Dei vinklar diskursen over på dei nemde sentrale forholda ved folkemordet. Rundt desse konstruerer dei argument som skal verke overtydane. Argumenta omhandlar detaljar og sidespor som er bortom allmenn kunnskap. Dette er holocaustrevisjonisme i Noreg.

<u>Dødsårsak</u>	<u>Antall</u>
Druknet	220
Sykdom	720
Ulykker	504
Alliert bombing	1282
Vådeskudd	32
Dreptv/sabotasje	36
Skutt v/mistak	8
Selvmord	1
Mord	8
<b>Totalt</b>	<b>2.811 mann</b>

Figur 8. Iversens tabell, *Gjallarhorn* 1/6, 1994

<sup>175</sup> *Gjallarhorn* nr.4/5, 1993


<sup>176</sup> *Gjallarhorn* nr. 1/6, 1994

<sup>177</sup> Den relle oversikta kan sjåast her; Backer 1948

Amerikanske IHR er for *Gjallarhorn*, som for *Nasjonalisten* og NIHR, ei stor inspirasjonskjelde. Som ein organisasjon dedikert til forneking av holocaust i revisjonistisk stil er instituttet ofte sitert og referert til i *Gjallarhorn*. Slik som i julenummeret i 1995 der innlegget «66 spørsmål og svar vedrørende holocaust» står. Innlegg er omsett frå IHR sitt eige tidsskrift. Innlegger svarar på ulike spørsmål om holocaust. Dette er spørsmål som, «Hvilke bevis finnes det for at ‘nazistene’ begikk folkemord eller med fullt overlegg drepte seks millioner jøder?». Dei svarar på sitt eige spørsmål med «ingen». Det vert også referert til kjelder i nokre av svara. Til dømes stiller dei spørsmålet, «Har Simon Wiesenthal noengang skriftlig erklært at det ikkje fantes gasskammere på tysk jord?». Svaret er ‘Ja! I tidsskriftet «Books and Bookmen» i april 1975. Han hevdet all ‘gassing’ fant sted i Polen». Simon Wiesenthal var konsentrasjonsleir-fange under krigen, og brukte etterkrigstida på å spore opp nazistar.<sup>178</sup> Wiesenthals påstand er heilt korrekt. Utryddingsleirane var i Polen, men IHR framstiller dette som eit bevis på at Tyskland ikkje utrydda jødar. Her ser ein korleis dei internasjonale inspirasjonskjeldene gjer seg gjeldande for norsk forneking, og korleis enkeltutsegn vert vridd til argument som skal avvise folkemordet.

I innleiinga til kapittelet stod forteljinga om David Irving, den sjølvutnemnde historikaren som vart avslørt som ein holocaustfornektar og historieforfalskar. Irving-saka skapa debatt i Noreg, etter positiv omtale frå Hans Fredrik Dahl, og eit kraftig oppgjær med Dahls utsegn frå Odd Bjørn Fure og Rolf Hobson. Korleis stiller *Gjallarhorn* seg til Irving-saka? I 2001, etter at Irving vart dømt, står innlegget;

Slik setter «de» munnkurv på en genial forsker. Stod det jødisk kapital bak? David Irvings tap i injuriersak mot jødinnen Deborah Lipstadt. Åpent brev til professor Odd-Bjørn Fure frå h-fagsstudent P.E.H., Oslo.<sup>179</sup>



Figur 9, Artikkelen om Irving i *Gjallarhorn* nr.4, 2001

<sup>178</sup> Segev 2023

<sup>179</sup> *Gjallarhorn* nr.4, 2001: 10

Innlegget er eit forsvar av Irving, samt eit angrep på Fures pamflett *Kampen om glemselen*. Forfattaren skriv «løp misunnelsen av Dem?» om Fures oppgjer med Dahl i pamfletten. Irving er skildra som ein «genial forsker» og Lipstadts forsvar vert skulda for å vere finansiert av den «internasjonale jødedom». Artikkelen flyttar seg med dette inn i det konspiratoriske. Av ting å merke seg er det anonymiseringa av forfattaren. For det fyrste er det spesielt å sende eit ope brev, utan avsendar. Årsaka til dette kan vere at rolla som hovudsfagstudent ikkje er reell, eller ein som er blitt hovudfagsstudent i vaksen alder. Brevet inneheld ei rekkje formuleringar som er utypiske for 2000-talets skrivemåte. Tiltaleforma «dem», orda «eftersom», «derved» og «meget» tyder på ein langt eldre forfattar. Det kan tenkast at rolla som student er strategisk, både for å styrke sin etos, men og å framstille ei ung interesse for revisjonistiske spørsmål. Det er også tydleg at Irving har oppnådd status i desse miljøa.

*Gjallarhorn* hamnar etter kvart på haugen av mislykka organiseringar av det nynazistiske miljøet. Som me har sett er holocaustfornekting hovudsaka til Zorn 88. Dei eksempla som er presenterte i denne studien er berre eit utval. Folkemordet pregar om lag kvar utgåve 1989 til 2003. For Zorn er holocaust det største hindringa for nasjonalsosialismen og må difor avvisast. I sitt forsøk på dette nyttar *Gjallarhorn* den revisjonistiske stilen, og Rune Hansen skildrar seg sjølv som revisjonist. Dette er, som me skal sjå i neste kapittel i overflatisk skildring.

Det er den internasjonale fornektande diskursen som er pådrivar. IHR, Leuchter og Irving er alle sett opp til og nytta som kjeldegrunnlag. Av særnorske forhold er innlegget om norske dødsfall særst interessant. Dette er det einaste forsøket på å revidere norsk krigshistorie, og med det holocaust i Noreg. Strategien rundt revideringa av holocaust i Noreg er å skrive det ut av historia, og gje det minst mogleg merksemd. Dette er gjennomgåande hjå dei norske fornektarane.



### 3.4.3 Vigrid

På det seine 90-tal vart organisasjonen Vigrid oppretta av Tore W. Tvedt. Med Vigrid flyttar me oss meir inn i den okkulte delen av det høgreekstreme landskapet. For Vigrid er den

norrøne religionen, med Odin som skapar av universet, deira trusretning. Namnet Vigrid kjem

frå den store sletta som eit stort slag vert utkjempa på under Ragnarok.<sup>180</sup> I lag med den norrøne ideologien frontar Vigrid raselære, der den kvite, nordiske og ariske er det overlegne menneske. Grunnleggjar Tvedt er fleire gonger dømt av norsk rettsvesen for sine utsegn og handlingar. Han er blant anna dømt etter rasismeparagrafen for sine utsegn i mot jødar.<sup>181</sup> Det tek oss til ei annan side som pregar Vigrid, nemleg fornektning av holocaust.

Vigrid stilte til stortingsvalet i 2009, og fekk 179 stemmer, men etter Tvedt vart råka av sjukdom, pensjonerte han seg og organisasjon vart avvikla i november 2009, men Tvedt har helde liv i Vigrid på hobbynivå og oppdaterer jamt nettsida den dag i dag. Organisasjonen gav også ut tidsskriftet *Vigrid*. Det vart gjeve ut mellom 1999 og 2002. Medlemsbladet tek opp tema som det norrøne, rase, men og fornektning av holocaust i revisjonistisk stil.

Store delar av innhaldet i *Vigrid* kan skildrast som fornektande. Noko av fornektinga nyttar revisjonistisk retorikk. Det tydlegaste revisjonistiske forsøket kjem frå Tvedts


oppretting av underorganisasjonen Forening for Sann Historie. Gjennom foreininga kan ein til dømes bestille ei bokliste med revisjonistisk litteratur for 30,- i frimerke. Presentasjonen av seg sjølv som «foreining for sann historie» stemmer godt med strategien til revisjonismen. Historia dei presenterer er den verkelege sanninga. Tvedt utdjupar sine tankar rundt holocaust i *Vigrid* nr.2. Der skriv han:

<sup>180</sup> Næss u.å.

<sup>181</sup> Ege & Brenna 2006



Figur 10. Vigrid sin Logo, Vigrid nr.1, 1999



**Holocaust; Løgnen om de 6 millioner:**

Holocaust...Av A. I. Bru...A5-hefte...88s...Norsk.....	kr 20,-
Did Six Million Really Die...Løgnene avsløres...Illustrert...28s...Engelsk.....	" 40,-
Eine Deutsche Antwort auf die Goldhagen- und Spielbergglügen...38s...Tysk.....	" 40,-
Holocaust...Av Gjallarhorn...bilder...32s...Norsk.....	" 40,-
The Hoax of the Twentieth Century...397s...Engelsk.....	" 240,-

Figur 11. Logo til Forening for Sann historie og utvalet av fornektande materiale, Vigrid, mai. 2000

Men hva så med jødespørsmålet og de 6 millioner? Det var da i alle fall fælt. For det første: Det har aldri funnet sted noe folkemord mot jødene før, under eller etter krigen.

Tvedt er tydeleg på kva han påstar. Holocaust skjedde ikkje. Han argumentere vidare for denne påstanden.

Tvertimot, Tyskland lå i forhandlinger med Frankrike og England om overføre jøder til Palestina samt å opprette en egen jødestat på Madagaskar som da var fransk koloni og svært tynt befolket. Dette ville mange jødeorganisasjoner også. Disse zionistiske organisasjonene samarbeidet i mange tilfeller med Tyskland både før og under krigen. Aldri har vel noen fått bedre emigrasjonsbetingelser enn de tyske jødene. England og Frankrike brøt forhandlingene da de erklærte Tyskland krig i 1939. Tyskland prøvde også under krigen å få overført jøder til Madagaskar og Palestina. Jøder som reiste med båt fra Romania ble torpedert og senket av de allierte med mange jødiske døde som følge. Engelskmennene blokkerte innvandringen av jøder til Palestina fordi de trengte støtte fra araberne mot Tyskland. På tross av at de hadde signert avtaler med jødene om at de skulle få landet.

I utdraget ser ein påstanden om at dei allierte er skuldige i jødane sine lidningar. I følge Tvedt gav Tyskland eigentleg jødane gode vilkår, før dei allierte byrja sin angrepskrig mot Tyskland. Resonnementet til Tvedt inneheld ein blanding av sanning og grov historieforfalsking. Dei små sanningane som planen om å sende jødar til Madagaskar og jødisk utvandring før krigen blir fletta inn i ei forteljing som blir skapt for å fjerne all skuld frå Nazi-Tyskland.

Me ser også bruken av tidsvitne i *Vigrid*. Dei nyttar tidsvitne på to måtar. Den fyrste måten er tidsvitne som støttar opp under påstanden om at holocaust ikkje skjedde. Den nemnte fornektaren Paul Rassinier var fransk motstandsmann under krigen, og vart fengsla i dei tyske konsentrasjonsleirane Buchenwald og Mittelbau-Dora. Etter krigen byrja han å påstå at det nazistiske utryddingsprogrammet ikkje fann stad. Rassinier har oppnådd stor status blant fornektarar, og er av fleire rekna som far til den moderne holocaustfornektande rørsle. Som

overlevande frå dei tyske konsentrasjonsleirane gav dette han ein truverd. Han var ein som hadde opplevd dette sjølv, sjølv om han aldri var i dødsleirane i Polen.<sup>182</sup>

Den andre måten *Vigrid* nyttar tidsvitne, er den same som *Gjallarhorn* nytta. Erling Bauck som satt i tysk fangenskap under krigen, vert på ny nytta av fornektarane. Innlegget frå september 1999 heiter «Holocaust svindelen - En Auschwitz-internert forteller sin historie». Bauck har nytta etterkrigstida til å fortelje sin historie om livet i dei tyske leirane og om korleis han vart redda ut av Tyskland i dei kvite bussane. For sitt arbeid fekk Bauck frivilligheitsprisen.<sup>183</sup> *Vigrid* siterer Bauck frå eit intervju han skal ha gjennomført i 1945, rett etter krigen, der han fortel om sine opplevingar. I dette intervjuet, gjort med Newsweek's korrespondent i Stockholm, skildrar Bauck forholda som relativt gode. For *Vigrid* er Baucks erfaringar ikkje samanfallande med den «propagandaen» som holocaust-myten spreidde. Korleis kan ein kvit, norsk, arisk mann klare seg relativt godt i tysk fangenskap? Bauck hamna i ein gunstig posisjon i SS-kantina i arbeidsleir-delen av Auschwitz. Dei vonde opplevingane til Bauck, som når dei innsette i Auschwitz på slutten av krigens vart tvinga ut på dei såkalla dødsmarsjen, er ikkje nemnt av *Vigrid*.

Anti-rasistisk Senter laga i 2000 ein rapport til FN om ytre høgre i Noreg der Foreningen for Sann Historie var eit tema.. Denne rapporten har Tvedt fått med seg, og skriv eit innlegg om den i *Vigrid*. Nettstaden til Tvedt vert i rapporten skildra på denne måten;

Foreningen for Sann Historie selger anti-semittisk litteratur og presenterer artikler om det samme tema. Denne web-siden er Norges mest omfattende samling av revisjonist- og Holocaustbenektende artikler.<sup>184</sup>

Tvedt er stolt over merksemda Sann Historie har fått, men vil be seg fri for å verte kategorisert i lag med ytre høgre. Foreningen Sann Historie er for Tvedt, sann historie. Tvedt meiner det foreininga påstår ikkje er radikalt eller politisk, men sanninga. Om nokon vil kalle han «Nazi», går det fint. Tvedt endrar meiningsinnhaldet i «nazi». Han endrar det til å tyde «Nasjonal Anti Zionist», noko han fint kan skildre seg som.

---

<sup>182</sup> Ushmm 2020

<sup>183</sup> Erling Bauck, Hvite Busser u.å.

<sup>184</sup> Vigrid, April 2000: 16

*Vigrid* publiserer gjennom 2001 den same artikkelen som Gjallarhorn publiserte i 1995 med tittelen «66 spørsmål og svar vedrørende holocaust». Dette var artikkelen som originalt var skriven av IHR. Den internasjonale revisjonistiske litteraturen er også for *Vigrid* inspirasjonskjelde.

Sommaren 2001 vert *Vigrid* redusert til eit to-siders nyheitsbrev som i stor grad melder om konfirmasjonar og andre norrøne ritual. Mesteparten av verksemda vert flytta over på internett. Revisjonisme som strategi vert i nokon grad nytta av *Vigrid*. Det er både tekstar henta frå internasjonale og nasjonale aktørar, men dei har også ein særnorsk vri ved å bruka Erling Bauck som eit tidsvitne for dei påståtte gode forholda i Auschwitz. Det er likevel berre gjennom verksemda Sann Historie at revisjonismen gjer seg gjeldande. Store delar av innhaldet til *Vigrid* knytt til holocaust tek ei anna vinkling. Denne vert drøfta i neste kapittel.

### 3.6 Oppsummering og avslutning

Revisjonisme som fornektande strategi har gjort seg gjeldande i Noreg. I dette kapittel har eg utforska og vist eksempel på korleis revisjonisme etablerte seg som fornektande strategi internasjonalt, før revisjonismen i Noreg vart analysert ut i frå dei tre tidskrifta *Nasjonalisten*, *Gjallarhorn* og *Vigrid*, og dei to bøkene *Holocaust* og *De seks Millioner*. Ut i frå analysen kan ein etablere eit par grunnleggande kjenneteikn ved norsk revisjonisme. Det fyrste er fokuset på fornektinga av dei sentrale elementa til holocaust. Ein finn ikkje særnorske revisjonistiske forsøk knytt til holocaust i Noreg. Det ein finn er ei total ignorering av holocaust i Noreg. Dette kan i seg sjølv sjåast på som revisjonisme. I staden for å skrive ei alternativ forteljing, skriv ein holocaust i Noreg heilt ut av historia. Det er eksistensen av gasskammer i Auschwitz, i staden for eksistensen av skipet Donau, som frakta jødane frå Noreg til Tyskland, som vert forneakta.

Det andre er at det er dei internasjonale fornektarane som er kjeldegrunlaget for påstandane. Det amerikanske IHR er både inspirasjonskjelde, i form av deira artiklar, men også pågangsdrivar som til dømes moderorganisasjon til NIHR. Her spelar og den svenske fornektaren Ditlieb Felderer ei sentral rolle, då han har koplingar til både IHR, og NIHR. Det nordiske instituttet er det tydelegaste forsøket på å etablere revisjonismen i Noreg. I

Gjallarhorn vert Leuchter-rapporten eit sentralt 'bevis' for påstandane. Ein ser også korleis dei individuelle aktørane som Harwood, Bütz, Rassinier og Irving alle vert refererte til, og hylla.

Det tredje kjenneteiknet er rolla dei ideologiske nazistane spelar i revisjonismen. Forneking av holocaust er av og for dei som ynskjer ei ny nazistisk retning. Dette er ei blanding av gamle og nye nazistar. Dei gamle nazistane som framleis er overtydd fungere som skribentar i både *Nasjonalisten* og *Gjallarhorn*, og har skrive eigne bøker der folkemordet er eit sentralt tema, medan dei nye er pådrivarar for ny organisering av miljøet. Reinvasjon av nazismen er motivasjonen til nazistane, og etter kvart som holocaust vart ein større del av forteljinga om krigen, blei revisjon av folkemordet også ein del av det revisjonistiske prosjektet. Særleg markerer 1970-talet eit skifte. Her er det ein topp rundt tiårskiftet der ein ser fleire revisjonistiske forsøk, noko som speglar den samtidige utviklinga i minnekulturen rundt holocaust.

Bruken av tidsvitne er ein stor del av den revisjonistiske stilen. Eit særnorsk tilfelle er Erling Bauck. Baucks historie er både tema i *Gjallarhorn* og *Vigrid*. Som ein av få nordmenn som overlevde Auschwitz og som fortalde si historie, blir Baucks relativt rolege fangenskap nytta til å avvise andre historier. Tidsvitne som Rassinier som fortel at han ikkje såg gasskammer, vert også nytta for sin vitneskildring, sjølv om han satt i ein tysk konsentrasjonsleir, ikkje dødsleir.

Norsk revisjonisme har få særeigne trekk. Miljøet blømde rundt slutten av 1970-talet, med fleire revisjonistiske forsøk, men dett fort saman. Utover 1980 og 90-talet er *Gjallarhorn* den største distributøren av holocaustforneking i Noreg, før *Vigrid* også byrjar å spreie fornektande materiale gjennom verksemda Foreningen for Sann Historie. Revisjonismen vert etter kvart blanda med andre former for forneking, og revidering av historia vert erstatta med konspiratoriske element.



## 4. Konspirasjonsteorien

### 4.1 Innleiing

Fornekking av holocaust er ei antisemittisk handling.<sup>185</sup> Fornekking kan likevel gjere seg gjeldande på forskjellige måtar. Me har sett på fornekking som revisjonisme. Eksplisitt antisemittisme er ikkje eit kjenneteikn av den revisjonistiske strategien, men er derimot eit kjenneteikn på det eg har valt å kalle den konspiratoriske stilen. Der revisjonistane forsøkte å etablere fornekking av holocaust som eit alternativ til den etablerte forteljinga om holocaust, tek den konspiratoriske delen av holocaustfornekking til ordet for at ein verdsospennande samanslutnad av mektige jødar har skapt forteljinga om holocaust. I dette kapittelet skal verdsbilete til fornektarane, og korleis holocaust vert ein del av fornektarane sitt syn på verda drøftast. Med bakgrunn i dette vert det stilt nokre hovudspørsmål. Kva politiske og ideologiske motiv ligg bakom påstandane til fornektarane? Kor stor del av det konspiratoriske innhaldet i publikasjonane omhandlar holocaust, og korleis vert holocaust integrert inn i det konspiratoriske synet på verda?

### 4.2 Konspirasjonsteori

Kva er ein konspirasjonsteori? «Konspirasjonsteoriar» som omgrep har for alvor etablert seg på tungemålet dei siste åra, men skildrar eit fenomen som strekkjer seg langt tilbake i tid. Ein tenkjer kanskje fyrst på amerikanarar som trur på QAnon, eller trur at jorda eigentleg er flat. Desse er døme på kjende konspirasjonsteoriar. Omgrepet i seg sjølv er avslørande. Det er ein teori om ein konspirasjon, ei samansverjing eller eit komplott.<sup>186</sup> Desse teoriane kan kome i alle moglege utgåver. Nokre er ufarlege, medan nokre, som Eurabia, motiverer personar til vald.<sup>187</sup> Boka *Hva er Konspirasjonsteorier* (2019) definerer desse teoriane som ei tenkt førestilling om at grupperingar av menneske samarbeider i løyndom for å oppnå noko, ofte med destruktiv formål.<sup>188</sup> Kjenneteikn ved dei som trur og spreier konspirasjonsteoriar er eit ynskje om å overtyde med argument, samstundes som argumentasjonen går i sirkel.

---

<sup>185</sup> Lipstadt 1993: 2

<sup>186</sup> Dyrendal & Emberland 2019: 15

<sup>187</sup> Eurabia var konspirasjonsteorien som motiverte terrorangrepa i Oslo og Utøya 22.juli.

<sup>188</sup> Dyrendal & Emberland 2019: 15

Eventuelle motargument vert møtt med at den mektige eliten, eller den vonde krafta skjuler sanninga for samfunnet. Ein kan difor ikkje avvise ein konspirasjonsteori. *Hva er konspirasjonsteorier* inkluderer også statsvitar Michael Barkun si oppsummering av kva konspirasjonstenking er. Kjenneteikn ved tankesettet er at «ingenting er tilfeldig, ingenting er kva det utgjer seg for, og alt heng saman».<sup>189</sup> Konspirasjonsteoretikarar finn også spenning i teoriane. Barkun peikar på omgrepet 'stigmatisert kunnskap'. Det å sitte på den 'eigentlege' sanninga gjev ei kjensle av å løyst ei sak som fleirtalet er uvitande om.

Konspirasjonsteoriar har lenge vore ein sentral del av antisemittismen.<sup>190</sup> Som nemnt i bakgrunnskapittelet strekkjer idéar om jødisk makt, og jødar som eit uærleg og kynisk folk seg tilbake til kristninga av Europa. Holocaustfornekting passar inn i karakteristikkane som kjenneteiknar ein konspirasjonsteori. Fornektarar presenterer holocaust som ei myte. Ei løgn skapt av verdsjødedommen for å hauste sympati og økonomisk erstatning, samt å framstille Tyskland og det tredje rikets raseideal som grunnleggjande vondt. Fornektarar har funne bevis for denne løgna, og alle som motseier er anten indoktrinerte, eller kjøpte og betalte. Korleis har konspiratoriske narrativ og element kome til uttrykk i dei norske publikasjonane?

#### 4.2.1 1975-1985

I kapittel tre såg me at fornekting var dominert av det revisjonistiske forsøket. Å kutte band til nazismen og antisemittismen var ein sentral del av strategien til mellom anna NS-veteranane. Dei nye kreftene innan dei nasjonalistiske sirklane, som Zorn88 og Norsk Front, nytta også den revisjonistiske stilen. Rehabiliteringa av nasjonalismen og ynskje og ambisjonar om parlamentarisk deltaking motiverte dette. Synet på verda kan likevel skildrast som konspiratorisk, og som me skal sjå utviklar det seg ein større inkludering av antisemittiske tropar og ei omfanning av det konspiratoriske fram mot tusenårsskiftet.

#### 4.2.2 Nasjonalisten

Me har allereie sett på fornekting i revisjonistisk stil i *Nasjonalisten*. Korleis kjem det konspiratoriske synet på verda til uttrykk i tidsskriftet, og korleis vert holocaust inkludert?

---

<sup>189</sup> Dyrendal & Emberland 2019: 19

<sup>190</sup> Simonsen 2020a: s.357



Historikar Kjetil Braut Simonsens artikkel frå 2020 tek for seg antisemittisme i Noreg. Han drøftar antisemittismen i miljøet rundt Norsk Front. Han tilskriv Norsk Front og *Nasjonalisten* sosial-psykolog Michael Billig sitt omgrep ‘superficial de-nazification’, eller på norsk ‘overflatisk av-nazifisering’. Billig nytta dette for å skildre den britiske nasjonalistiske gruppa British National Front sitt forsøk på å modernisere seg og å kutte banda til nazismen. For å appellere til eit breiare publikum vart språk og haldningar ut mot offentlegheita modifisert, sjølv om haldningane internt støtta opp under nazistisk konspiratorisk ideologi. Omgrep som «sionisme» og «anti-sionisme» siktar ikkje til ein kritikk av jødisk nasjonalisme, men som synonym til internasjonal konspirasjon styrt av jødiske elitar, og i følgje Simonsen er denne «kodifiseringa av antisemittismen av størst betydning».<sup>191</sup> Det konspiratoriske verdsbilete var ein sentral del av ideologien til NF og verka som ei forklaring på alle motstridane sider ved samfunnet, også holocaust.<sup>192</sup>

Antisemittiske tendensar ser ein lite av i dei tre fyrste åra til *Nasjonalisten*. I eit innlegg skrive av leiar Blücher i 1978, der han tek opp løgner om Norsk Front, kjem han med eit tilsvaret på påstanden at NF er antisemittiske. Han skriv, «NF er hverken ‘anti-semitiske’ eller anti jødiske»<sup>193</sup>. Antisemittisme står i hermeteikn, eit omgrep Blücher meiner ikkje eksisterer, då han skriv at ordet i seg sjølv ikkje gjer mening. Vidare skriv han at NF er «imot Zionismen, den jødiske nasjonalismen.» Dette er eit godt døme på overflatisk de-nazifisering. Med motivasjon om politisk påverknad er ikkje antisemittisme eit populært standpunkt. Rettssaka mot Olav Hoaas i 1976 løfta også slike haldningar fram i ljuset, og med det ein ny delegitimering av antisemittiske haldningar. Hoaas sine påstandar om at det ikkje eksisterte gasskammer uttrykkjer Blücher også skepsis til. I *Rogaland Avis*, vert Blücher spurt om desse synspunkta, og svarar «Personlig stiller eg meg skeptisk til Hoaas syn på den punktet».<sup>194</sup> Men som Simonsen skriv i sin artikkel er dette meir ei taktisk manøver, enn genuin skepsis.<sup>195</sup> På same måte som vist tidlegare, har *Nasjonalisten* ei tydeleg fornektande linje. Denne taktiske linja blir og eksplisitt nemnt av Blücher etter ein debatt om fokusområdet til *Nasjonalisten*. I ei utgåve av *Nasjonalisten* frå 1980, som eg diverre ikkje har fått tak i, rettar redaksjonen skyts mot sionismen. I eit tilsvaret til dette skriv Bastian Heide, eit medlem av NF i Oslo, i neste utgåve, «kan nå ikke redaksjonen overlate til herrene på venstresiden i norsk

---

<sup>191</sup> Simonsen 2020b: 646

<sup>192</sup> Simonsen 2020b: 644

<sup>193</sup> *Nasjonalisten* nr.3, 1978: 4

<sup>194</sup> *Rogaland Avis* 1975: 11

<sup>195</sup> Simonsen 2020b: 645

politikk å drive denne agitasjonen og konsentrere våre ressurser om vårt spesielle felt: kampen mot innvandringen av U-mennesker». Vidare skriv han «det er tydeligvis enkelte som gjør seg overdrevne forestillinger om jødernes og zionismens innflytelse og makt i dette land». <sup>196</sup> For Heide var ikkje sionismen, Israel, eller jødar ein trugsel mot det nasjonale prosjektet. I same utgåve svarar Blücher på innspelet. I sitt svar, «NF og Zionismen», skriv han at Heide har gløymt «den store kontingent Stortingsfolk som er med i foreningen Israels Venner». Han skriv vidare at norske nasjonalistar bør bry seg om konflikten i mellom Israel og Palestina. Blücher er likevel einig i at det kan vere taktisk lurt av NF å «holde zionistspørsmålet på sidelinjen». <sup>197</sup> Gjennom debatten mellom Blücher og Heide ser me ei erkjenninga frå Blücher om at jødespørsmålet kanskje ikkje er så interessant, eller er mindre viktig blant fleirtalet av dei nye nasjonalistane. Erkjenninga kan me sjå på som ei støtte for påstanden om *overflødig de-nazifisering*. Endå eit døme på dobbeltspråk finn me i *Nasjonalisten* i 1981 der ei lita notis om ein politirazzia hjå den nemnte fornektaren Ditlieb Felderer nyttar omgrepet «verdenszionsimen». Verdszionismen er Felderer sine «mektige motstandere». I notisen er Felderer gjeven tittelen «historieforskar», og skrivinga hans er «interessante». <sup>198</sup> Her siktar notisen nok til dei fornektande skriftene Felderer skreiv. Om ikkje eksplisitt skrive, koplar notisen fornektning og konspirasjon saman. Den eigentlege budskapet i teksten er at den mektige verdsjødedommen stoppar forskning på holocaust.

*Nasjonalisten* publiserte i 1982 ein artikkel frå tidsskriftet *National Vanguard*, eit amerikansk nynazistisk tidsskrift publisert av National Alliance. Artikkelen, «Dr. William Pierce avslører maktkampen bak Polens kulisser, kamp mellom Trotskister og Stalinister, og mellom Zionister og Nasjonalister» tek for seg det politiske spelet i Polen rundt 1980, då Lech Walesa leia fagforeininga *Solidaritet* mot kommuniststyret. Det fyrste å legge merke til ved artikkelen er William Pierce. Pierce er skildra som «Amerikas viktigaste ny-nazist i tre tiår», han var grunnleggjar av National Alliance og «bevegelsens største antisemitt». <sup>199</sup> For Pierce er dei som støttar fagforeininga *Solidaritet* Trotskistar, og Trotskismen er sionistisk, og dette er «nøkkelen til hva som foregår i Polen». Den eigentlege kampen i Polen er, i følge Pierce, mellom nasjonalistar og sionistar. Dette synet vert knytt til holocaust. Pierce skriv om den jødiske befolkning i Polen:

---

<sup>196</sup> *Nasjonalisten* nr.4, 1980: 4

<sup>197</sup> *Nasjonalisten* nr.4, 1980: 4

<sup>198</sup> *Nasjonalisten* nr.6, 1981: 6

<sup>199</sup> *William Pierce* SPLCenter u.å.

Det er verdt å merke seg at alle disse jødene med påtatte polske navn, såvel som de som emigrerte illegalt til Vesten i 1946, og de som forble i Sovjet-Unionen etter krigen, er inkludert i det mytiske 'Seks Millioner' jøder som skal ha vært 'gasset' av tyskerne.<sup>200</sup>

Pierce sin artikkel har til no skulda jødane for å stå bak kommunismen, men også å kjempe mot kommunismen. At jødane står bak alt er sentralt i Pierces tenkning. Holocaust vert også inkludert. Å inkludere påstandar om at dei «mystiske» seks millionar eigentleg står bak maktkampen i Polen, eller har gøymt seg i vesten eller Sovjet er konspiratorisk tenking. Litt seinare i artikkelen står det:

Vår svenske venn Ditlieb Felderer har i samarbeid med polske patrioter organisert en omfattende løpeseddelkampanje rettet mot 'Seks millioner'-myten. Løpeseddelen som viser en tegning av en jøde pluss teksten «Jeg var gasset i Auschwitz sammen med 5,9 millioner andre jøder — og nå lever vi alle i New York».<sup>201</sup>

Konspirasjonen er fullt synleg. Pierce hyller Felderer sin innsats i å dele ut flygeblad der påstanden er at dei drepne i nazismens folkemord eigentleg lever i New York, og har lurt alle. Artikkelen sluttar med eit avsnitt med ein slåande likskap til Hitlers tale til riksdagen i 1939 som spådde konsekvensane av verdskrigen.

Og når det gjelder frihet — virkelig frihet — kan polakkene bare vinne denne når også de hvite amerikanerne, britene, tyskerne og russerne har vunnet sin frihet; og det vil først skje når både det trotskistiske og stalinistiske kommunistondet, sammen med den internasjonale finanskapitalismen og zionismen endelig er utryddet fra jordens overflate.<sup>202</sup>

Den antisemittiske førestillinga av ein jødisk elite som står bak alt, både kommunisme, kapitalisme, ein israelsk stat og forteljinga om holocaust er Pierce sin overtydning. Dei er også hovudfienden. I det siste sitatet meiner han at desse [alle jødane] må utryddast for at ein skal få fridom. Tanken som førte til folkemordet, vert av Pierce vidareført. Det at *Nasjonalisten* inkluderer artikkelen til Pierce, som utan tvil byggjer på konspiratoriske tankar om det jødiske folket og holocaust, som og taler for folkemord, tyder på at eit slikt syn på verda er akseptert i

---

<sup>200</sup> Nasjonalisten nr.3-4, 1982: 7-10

<sup>201</sup> Nasjonalisten nr.3-4, 1982: 7-10

<sup>202</sup> Nasjonalisten nr.3-4, 1982: 7-10

miljøet rundt Norsk Front. Det er likevel ikkje sentrale personar i miljøet som har skrive artikkelen, men ein amerikansk antisemitt som får spalteplass.

Dette endrar seg når «Sionistspørsmålet» vert teken opp av Blücher sjølv, som i 1982, nr.7 skriv om «Jødernes egen 'krystallnatt'». <sup>203</sup> Krystallnatta er for Blücher «en ruvdende del av jødernes 'lidelseshistorie'». Her snur Blücher opp ned på kven som er offer, og kven som er gjerningspersonar. Jødane har, i følge Blücher, skapt ei forteljing der dei er offer, når dei eigentleg står bak brotsverk sjølve. Innlegget tek opp Israel-Palestina konflikten. Israels krigføring er skildra som «jødernes egen krystallnatt». Blücher er også tydeleg på hovudfienden til nasjonalistar då han skriv, «norske nasjonalister må en gang for alle begripe at hovedtrusselen mot vår frihet og integritet er og blir zionismen, initiatoren av både kapitalismen og marxismen og fienden av alle folks nasjonale streben.» Slik som Simonsen peiker på, er bruken av «zionismen» som omgrep, eit overflatisk forsøk på av-nazifisering. Det tyder eigenleg «jødane». Det konspiratoriske synet er tydeleg. Dette vert til slutt kopla til holocaust, då Blücher skriv at sionismen sin aggresjon kan kaste verda ut ei ein 3.verdskrig og «et virkelig Holocaust». <sup>204</sup> Det er igjen jødane som er drivkrafta bak det vonde. På same måte som Krystallnatta vert ein del av ei skapt forteljing om jødisk liding, er holocaust ikkje verkeleg, då det verkelege holocaust er det sionismen som skal stå bak. Blücher sine utsegn til Rogaland Avis i 1975 var aldri genuin skepsis til Hoas.

Holocaustfornekting har kome til uttrykk som konspirasjonsteori i *Nasjonalisten*. Språket som vert nytta i *Nasjonalisten* rundt holocaust er av ein konspiratorisk karakter. Sjølv når dei prøver å halde seg på ei revisjonistisk linje skin det igjennom. Dei nemnde annonsane til NIHR klarar ikkje å halde seg konsekvent på den revisjonistiske linja. Frasar som «zionistenes 'holocaust'-propaganda», «zionistenes gasskammer-propaganda» og «hvordan jødene tjente milliarder på 'holocaust' fortellingene» dukkar opp i desse annonsene. <sup>205</sup> I ei notis om domfellinga til Ditlieb Felderer er holocaust skildra som «zionistpåstaden om 6 millioner gassede jøder». Dette er sitat som samanfattar ord og vendingar som knyt holocaust til konspirasjonsteorien om jødisk makt, jødisk elite og eit jødisk fiendebilete.

Omgrepet overflatisk de-nazifisering er passande for NF-miljøet. Ut mot samfunnet ynskjer NF å stå fram som ei nasjonal rørsle. Internt i medlemsbladet er synet på verda og ideologen tydeleg. Desse sitata viser oss at ideologen og verdsbilete som *Nasjonalisten* omfamnar er den

---

<sup>203</sup> *Nasjonalisten* nr.7, 1982: 2

<sup>204</sup> *Nasjonalisten* nr.7, 1982: 2

<sup>205</sup> *Nasjonalisten* nr.8-9, 1982: 3

same som det nasjonalsosialistiske arbeidarparti stod for i Tyskland på 1930-talet, men i ei ny drakt. Inkluderinga av artiklar frå William Pierce er eit godt døme på denne omfanninga. Det interessante er at me ser ei endring frå oppstarten, då fyrsteintrykket *Nasjonalisten* ynskjer å gje er av ein legitim politisk gruppering, til dei seinare utgåvene, då konspirasjonsteorien vert meir eksplisitt i innlegga og retorikken. Det er likevel forneking i den revisjonistiske stilen som dominerer innlegg og saker som direkte omhandlar holocaust, men når sionismen vert diskutert, vert holocaust integrert inn i denne konspirasjonsteorien om verdsjødedommen.

### 4.3 1985-2000

Om 80-og 90-talet skriv Simonsen at det etablerte seg to faksjonar i det høgreekstreme landskapet.<sup>206</sup> Den eine var ein nasjonaldemokratisk og parlamentarisk innvandringsfiendtleg del, medan den andre var den militante nynazistrørsla. Tore Bjørge har forska på det høgreekstreme landskapet, og han peiker på to diskursar i perioden.<sup>207</sup> Dei innvandringsfiendtelege kretsane unngjekk å nytte antisemitisk retorikk. I hovudsak for å kutte banda til nazismens ideologi, og fokusere på deira kampsak, motstand mot innvandring. Den andre diskursen som utvikla seg var *ZOG* diskursen. *ZOG* står for Zionist Occupation Government. Splittinga innan dei nasjonalistiske miljøa er også eit debattert tema internt i miljøa. *Ung Front*, bladet til organisasjonen Norsk Ungdom, publiserte i 1993 eit innlegg som tek opp denne splittinga. «Nasjonal splittelse; Religioner deler den nasjonale bevegelsen i to fløyer...».<sup>208</sup> *Ung Front* skil mellom moderate nasjonalistar, som er i mot innvandring, og radikale nasjonalistar, som trur på *ZOG*. Splittinga vert av *Ung Front* skildra som ei utfordring for den nasjonale rørsla.

Den radikale *ZOG* diskursen er den moderne versjonen av konspirasjonsteorien me snakkar om i dette kapitlet. Det er den same ideen om jødisk makt og innverknad som *NF* og *Nasjonalisten* spreidde. Omgrepet tyder at dei som verkeleg har makta er den «okkuperande sionistiske

<sup>206</sup> Simonsen 2020b: 650

<sup>207</sup> Simonsen 2020b: 650

<sup>208</sup> *Ung Front* nr.4, 1993: 1-5



makta». Denne nye diskursen utvikla seg på 70-80 talet i USA, og vart mest truleg nytta for fyrste gong i ein norsk samanheng i 1989.<sup>209</sup> Simonsen skriv at antisemittismen vert meir eksplisitt og framtrudande i dei ytste radikale miljøa i denne perioden. Gjeld dette også fornekinga av holocaust? Kva rolle spelar forneking av holocaust innan denne diskursen, er det meir som ein anekdote til det større konspiratoriske verdsbilete, eller vert folkemordet plassert fyrst i diskursen?

#### 4.3.1 ZORN 88

Zorn88 sitt forsøk på å danne ei gruppering med nasjonalsosialistisk ideologi i sentrum gjev antisemittiske tropar og konspirasjonsteoriar plass. Dei fyrste åra kan ein likevel seie at magasinet *Gjallarhorn* legg seg på den de-nazifiserande linja. På same måte som *Nasjonalisten*, vert omgrepa «Zion» og «verdendszionismen» nytta som synonym for jøder og verdensjødedom. Grupperingas ansikt ut mot samfunnet, Erik Rune Hansen, skriv i sin artikkel «Derfor tror heller ikke jeg» at han er ingen antisemitt. Han skriv og om at det å fornekte holocaust ikkje er antisemittisme og jødehat. Hansen skriv «Jeg tror ikke på julenissen heller, jeg – men der er vel ingen automatisk oppfordring til hat mot julenisser.....!?»<sup>210</sup> Han ynskjer her å påpeike at han er historierevisjonist, ikkje antisemitt. I same utgåve står det likevel, «Sionistene trekker i trådene, verdens politikere danser i marionett-teater» og *Sions Vise Protokoller* vert hevda å vere sannferdige.

*Gjallarhorn* har som uttalt mål å avsløre holocaust som løgn.<sup>211</sup> Magasinet og redaktør Rune Hansen har holocaust som fanesak. Han skriv «Når myten om gasskamre og folkemord er død og begravet vil nasjonalsosialismen igjen stå frem som det tredje alternativ.»<sup>212</sup> Rune Hansen ser på holocaust som ei myte. Forteljinga er det verkelege hinderet for at Nasjonalsosialismen igjen skal konkurrere mot kommunismen og kapitalismen, som dei to leiande ideologiane i verda, på same måte som før krigen. Holocaust er, for mange, symbolet på vondskap. Det vart planlagt, organisert og gjennomført av eit nasjonalsosialistisk diktatur. Alt med koplingar til

---

<sup>209</sup> Simonsen 2020b: 650

<sup>210</sup> Gjallarhorn 2/2, 1990

<sup>211</sup> Gjallarhorn 2/6, 1994

<sup>212</sup> Gjallarhorn 3/2, 1990

nasjonalsosialismen, har og koplingar til folkemord. Denne koplinga prøver *Gjallarhorn* å kutte, ved å fornekte holocaust. Vert holocaust integrert inn i eit større konspiratorisk verdssyn, eller er fornekinga i hovudsak kopla frå den eksplisitte antisemittismen gjennom bruken av revisjonisme?

Tema for dette kapitlet vert teke opp av *Gjallarhorn* i 1991 med innlegget «Konspirasjonsteorier».<sup>213</sup> Innlegget handlar i hovudsak om eit foredrag av den kjende fornektaren Paul Rassinier, men og om kvifor «holocaust-myten» vart skapt. Det står at sionistens mest vellykka kupp var å opprette staten Israel, noko som i følgje artikkelen «hadde neppe lat seg gjøre uten en verden i nesegrus ydmykhet og sympati for seks millioner gassede». Opprettinga av Israel er, i følgje innlegget, eit resultat av folkemordet fordi verda syntes synd på jødane. Innlegget tek opp skuldingar om at dette er ein konspirasjonsteori, og svarar at konspirasjonsteoriar er «et yndet ord og falle tilbake på når våre motstandere ser sammenhengene». *Gjallarhorn* skuldar sine meiningsmotstandarar for å argumentere i sirkel. Det dei meiner er at når bevisa for at folkemordet ikkje skjedde vert for sterke, så er meiningsmotstandaranes einaste argument at det heile er ein konspirasjonsteori. Artikkelen avsluttar med at deira syn på holocaust ikkje er ein konspirasjonsteori, når det står, «konspirasjonen er ikke av det teoretiske slaget.....». Holocaust vert framstilt som ein ekte konspirasjon.<sup>214</sup> Måten *Gjallarhorn* forsvarar sine konspiratoriske synspunkt, ved å skulde meiningsmotstandarar for å ikkje ha noko betre argument, er interessant. Ein kan sjå på det som fornektarane sitt ynskje om å skape debatt og engasjere meiningsmotstandarane i å møte argumenta. Som dømer med radioduellen i førre kapittel viste, ser *Gjallarhorn*, og Rune Hansen på slike debattar som ein sjanse til å fremje sine synspunkt ved å overvelde motstandarane med detaljargument og planlagde argumentasjonstrådar. Den overvelda motparten sitt då att med ein mangel på detaljkunnskap om holocaust, og tyr til skuldingar om konspirasjonsteoriar. Som Hansen er tydeleg på, står holocaust i vegen for nasjonalsosialismen. For å rekruttere fleire til rørsla, som er hovudmålet, må debatten få to sider. Sida *Gjallarhorn* representerer har eit feilaktig, rasistisk og antisemittisk utgangspunkt, og må difor tilpasse seg. Denne tilpassinga skjer gjennom revisjonistiske forsøk, men også ved å hente fram retorikken som allereie har fungert.

---

<sup>213</sup> *Gjallarhorn* 4/3, 1991

<sup>214</sup> *Gjallarhor*, 4/3, 1991

Hitler, i sitt perspektiv og retorikk, la skulda på jødane for utbrotet av den fyrste verdskrigen og Tysklands nederlag. Hans spådom var også at jødane kom til å skape ein ny verdskrig. Fiendebilete og konspirasjonen som Hitler bygde den nasjonalsosialistiske rørsla på vert henta fram av fornektarane. Innlegget «Den glemte krigserklæring» av Arne Heiberg<sup>215</sup> tek opp overskrifta frå 1933 som melder at «verdensjødedommen erklærer Tyskland krig». I følgje forfattaren er det jødane, med «deres skjulte herredømme» som drog verda inn i krig.<sup>216</sup> Som følgje av denne krigserklæringa vart jødane internert i leirar i Tyskland, der tungt arbeid, epidemiar og mange menneske på små områder er «sannheten om ‘Holocaust’»<sup>217</sup> Retorikken som vert nytta er den same som Hitler nytta før krigen. *Gjallarhorn* og Heiberg ynskjer med dette å oppnå to ting. Den fyrste er å legge skulda for krigen på jødane. Dette gjer at dei lidingane jødane opplevde under krigen vert rettferdiggjort, ettersom jødedommen var ein krigførande part. Ein måte å gjere dette på for fornektarane er å kategorisere dødsfall i tysk fangenskap som død av naturlege grunner ved krig, og ikkje eit planlagt folkemord. Simonsen peikar på denne strategien i si analyse av *Folk og Land*. Han nyttar omgrepet ‘projisering’.<sup>218</sup> Det andre er å kapitalisere på den antisemittiske konspirasjonsteorien. Det Hitler lukkast i var å utnytte missnøyen i Tyskland, og rette denne missnøyen inn mot eit fiendebilete. Splittinga av ytre høgre kom av ulike fiendebilete. Skinhead-miljøet såg på innvandring og personar med ein annan hudfarge, som trugselen, medan *Gjallarhorn* meiner det er ein elite av jødar som står bak, og som er den eigentlege trugselen. Dette synet på verda gjeld både *Gjallarhorn* og *Nasjonalisten*, som meiner fokuset er mot feil fiende.

Missnøye med elitar og manglande tillit til forsking er eit av kjenneteikna på konspirasjonstenking.<sup>219</sup> Kven desse elitane eigentleg er, varierer frå teori til teori. Antisemittismen ser på jødane som ein elite. Vidare i *Gjallarhorn* nr 1/6, 1994 står det at den endelege løysinga er oppdikta og World Jewish Congress har «kontroll over de fleste større massemedia, fjernsyn, filmproduksjon, radio, forlag og aviser, med kapital og politikere i sine hule hender».<sup>220</sup> Den

<sup>215</sup> Heiberg har skrive fleire fornektande innlegg i *Gjallarhorn*, og er NS-veteran.

<sup>216</sup> *Gjallarhorn* 3/4, 1992

<sup>217</sup> *Gjallarhorn* 3/4, 1992

<sup>218</sup> Simonsen 2019: 19

<sup>219</sup> Thue et. al 2022

<sup>220</sup> *Gjallarhorn* 3/4, 1992

Da krigen var over påsto jødene at de hadde hatt store tap, men ingen påberopte seg noe «Holocaust». Tidlig i 1946 ble det holdt en rekke hemmelige møter mellom medlemmer av den sovjet-jødiske anti-fascistiske komité og den sionistiske jødiske verdenskongress i New York City. Etter disse møtene offentliggjorde de «Den sorte bok - Nazistenes forbrytelser mot det jødiske folk».



jødiske samansverjinga har alle desse elitane og informasjonskanalane til sin disposisjon. Som følgje av denne kontrollen over filmproduksjon, er elitane i Hollywood eit talerøyr for den jødiske propagandaen. Ein som vert peika ut er Steven Spielberg, filmregissør av filmen Schindlers liste. Filmen, som omhandlar jødeforfølgjingane i Polen under krigen, vert i notisen «Jøden Steven» skildra som «påvirkningspropaganda» som det «jødiske filmmiljøet i Hollywood» står bak.<sup>221</sup> *Gjallarhorn* promoterer på denne måten utan tvil eit verdsbiletet der holocaust vert integrert inn i den etablerte konspirasjonsteorien om jødane.

Konspirasjonsteorien gjer seg gjeldande i 1995, i ein artikkel frå det Amerikanske tidskiftet *The Truth at Last*. Trykt i *Gjallarhorn*, hevdar artikkelen «Den sorte bok» at «Det var Sovjets 'Sorte Bok Komité' som klekket ut tallet '6 millioner'». Boka *Den sorte bok -Nazismens forbrytelser mot det jødiske folk* frå 1946 var ei bok skriva av forskjellige aktørar for å rette ljuset mot nazismens brotsverk mot jødane. Boka vart nytta i Nürnberg rettssaka mot nazistane. I artikkelen står det vidare at det var Stalin som ved krigen utbrot oppretta «den jødiske antifacistiske komité» med mål om å «forene verdensjødedommen i støtte for Sovjets krig mot Tyskland». Samansverjinga skapte holocaust etter krigen for å «suge ut milliarder i erstatning fra både USA og Tyskland».<sup>222</sup>

Sjølv om Zorn 88 er rekna som ein ideologisk tungvektar innan det nynazistiske miljøet, og promoterer konspirasjonsteoriar om jødar, dukkar ikkje ZOG diskuren opp før ei notis i 1995. *Gjallarhorn* melder at ei ny nasjonalsosialistisk gruppering er etablert.<sup>223</sup> Det er gruppa Einsatz som har som hovudmål er å avsløre «den okkuperende makten».

#### 4.3.2 Den Jødiske Fare

Pseudonymet Tom Olsen forfatta pamfletten, «Den jødiske fare», på slutten av 90-talet. Den tidlegare nynazisten Tom Kimmo Eiternes stod bak pamfletten. Pamfletten skreiv han medan han var sat i fengsel. Før fengselsopphaldet var Eiternes involvert i ulike grupperingar på ytre høgre. Han var mellom anna involvert i Ku Klux Klan (KKK), der han vart utnemnd Grand Dragon of the Realm of Norway. Han trekte seg etter kvart ut frå KKK, då desse var for

---

<sup>221</sup> *Gjallarhorn* 1/6, 1994

<sup>222</sup> *Gjallarhorn* 1/7, 1995


<sup>223</sup> *Gjallarhorn* 3/7, 1995

liberale, og etablerte si eigen nynazistiske gruppering, nemleg Einsatz. Han blei i 1998 straffedømd. Etter kvart braut Eiternes med nynazismen, skifta namn, og gav ut bok om si oppleving. Seinare har han utdanna seg til sosionom og har skrivne mastergrad om tilslutnad og exit-prosessen i nynazistiske miljø. <sup>224</sup>

Pamfletten sin fulle tittel er, «Den Jødiske fare. En Introduksjon om ZOG. Det Zionistiske Okkupasjonsregimet». Pamfletten presenterer jødane som hovudfienden til kvite nasjonalistar. Jødane står bak både kommunismen og kapitalismen, dei har provosert fram krigar og ynskjer å utslette den kvite ariske rase. Pamfletten tek i hovudsak opp konspirasjonen om jødisk makt, men nemnar også holocaust og introduserer nye omgrep, som «ZOG» og «holohoax». Konspirasjonen Eiternes presenterer koplar nye og gamle anti-jødiske tankar saman. I følgje Eiternes har jødar stått bak 500 000 000 drap på ikkje-jødar. Han trekkjer linjer til dei gamle ideane som vart drøfta i kapittel 2. Desse inkluderer jødar som ofrar barn og forgifter mat og jødar som svikefulle og syndebukkar. På same måte som både *Gjallarhorn* og *Nasjonalisten* gjer han jødane til forbrytarane og den verkelege fienden. Som svar til kva vestlege demokrati gjer med alle drapa jødar har stått bak gjennom historia, skriv han.

Jo, de hyler om noen millioner Jøder som angivelig skal ha blitt myrdet av Tyskerene under andre verdenskrig. Og det er tvil om at det i det hele tatt fant sted noe holocaust, noe stadig nye bevis taler for, det virker som «holohoax» ble konstruert av Jøder for å bringe skyldfølelse over den hvite mann og penger og makt til Jødene. <sup>225</sup>

Her ser me korleis holocaust vert ein del av det større konspiratoriske synet på verda. Utgangspunktet til Eiternes er ikkje holocaust, til forskjell frå *Gjallarhorn* som har det eksplisitte målet om å avsløre holocaust som løgn. Frå pamfletten og utdraga verkar det som holocaust ikkje er kampsaka Eiternes var mest oppteken av, men som ein del av ein større konspirasjon der jødane står bak tallause drap og planar om folkemord. Han er ikkje like bastant og tydeleg på at holocaust er ei løgn. Det vert berre omtalt to gonger i pamfletten. Likevel vert holocaust presentert som ein jødisk konstruksjon i deira krig mot kvite nasjonalistar. Holocaust blir då eit ledd i konspirasjonen til jødane.



Figur 14. Framside til *Den Jødiske Fare*, Olsen 1998

<sup>224</sup> Olsen 2011

<sup>225</sup> Olsen 1998

Eiternes nyttar omgrepet «holohoax». Det er nok fyrste gong dette omgrepet vert nytta i Noreg. Omgrepet er ein kombinasjon av holocaust, og hoax, som tyder svindel. Eit slang-omgrep som vert nytta for å signalisere at ein ikkje trur på forteljinga om holocaust. Eiternes introduserer også for alvor ZOG diskursen i Noreg. Omgrepet er berre ein ny måte å referere til teorien om ein jødisk elite som har kontroll bak kulissane. I staden for å seie at jødane har kontroll, har ZOG kontroll. Ein kan sjå på denne utviklinga av omgrepet som ein del av den overflatiske av-nazifiseringa innan miljøa på ytre høgre. ZOG blir som eit kodeord, der dei som kjenner til betydninga, veit kva det er snakk om.

### 4.3.3 Vidare om Zorn

Omgrepet ZOG dukkar for fyrste gong opp i *Gjallarhorn* i 1997, i eit intervju av ein russisk nasjonalist som gjev eit innblikk i den nasjonalsosialistiske rørsla i aust. Det vert spurt korleis ZOG-regimet er i Russland. Svaret er at den nasjonalsosialistiske rørsla jobbar i skjul. Omgrepet slår ikkje ann i miljøet rundt Zorn88, og *Gjallarhorn* held fram i den same stilen til siste utgåve i 2003. I 1998 vart det publisert ein lang artikkel med tittelen «Israel 60 år: Antisemittisme – En analyse». Artikkelen er frå Liberty Bell Publications. Den legg ut om historia til den jødiske «rase» og deira innverknad. Som det står «Jøder, jøder over alt» er ei god oppsummering av verdsbilete til Zorn88. Nokre avsnitt er dedikert til holocaust. Desse startar med påstanden om at det er jødane som har skapt forteljinga. Det står, «jøder var helt toneangivende da etterkrigstidens arrangementer i Tyskland skulle bestemmes». Jødar var, ifølgje artikkelen, sterkt representerte under Nürnberg-rettsakene og har drive med hjernevasking og historieforfalsking. Igjen snur fornektarane rollane. Det er ikkje dei som driv med historieforfalsking, men jødane. Det fornektarane vert skulda for, skuldar dei sine meiningsmotstandarar for. Omgrepet *stigmatisert kunnskap* passar her. Som ein sentral del av konspirasjonstenking er overtydinga om at ein sitt med kunnskap ingen andre har, både spennande og givande. Fornektarane er overtydde i at dreia syn på verda er rett, difor er det alle andre som tek feil. Dette ser me vidare når revisjonisme vert skildra i positiv ordelag. Revisjonisme er, «en skole av lærde historikere» og heile forteljinga om holocaust er «svindel og hykleri»<sup>226</sup>

---

<sup>226</sup> Gjallarhorn 4/10, 1998

ZOG-diskursen slår ikkje ann i *Gjallarhorn*. Då Zorn88 var eit nasjonalsosialistisk ideologisk miljø, utan nokre forsøk på å skjule dette, kan den av-nazifiserande linja virke unødvendig. Rune Hansen refererer til seg sjølv som revisjonist i spørsmålet om holocaust, men i jødespørsmålet er kodifiseringa av språket ikkje konsekvent. Trongen for å skjule antisemittismen er ikkje så stor, når ein ynskjer å vidareføre nazismens ideologiske grunnidear. Det same året, i 1997, gjev *Gjallarhorn* spalteplass til Tore W. Tvedt, grunnleggjar av Vigrid og holocaustfornektar. Spalta har tittelen «Leken på Vigrids-vollen» og introduserer lesarane av *Gjallarhorn* til Vigrid sitt syn på verda.

For å samle trådane så lang, har dei to nynazistiske tidskrifta *Nasjonalisten* og *Gjallarhorn* eit konspiratorisk syn på verda. Holocaust inngår i denne konspirasjonen, men på ulikt vis. *Gjallarhorn* plasserer holocaust øvst, og dedikerer store delar av innhaldet sitt til folkemordet. Dette står i stil med *Gjallarhorn*s eksplisitte mål, og målgruppe. *Gjallarhorn* er eit reint ideologisk nasjonalsosialistisk tidskrift som speglar nazismen. Det er likevel slik at den revisjonistiske stilen dominerer når diskusjonen direkte omhandlar folkemordet. *Nasjonalisten* og Blücher er tydelege på kven dei meiner fienden er, men startar med ein strategi som minimerer fokuset på jødane. I stil med ynskjet om å skaffe politisk makt, er retorikken tilpassa. Intervjuet Blücher gjorde med Rogaland Avis, der han utrykte skepsis til Olav Hoas sine utsegn om holocaust, er talande for dette. Det er likevel ei endring, der den opne antisemittiske retorikken vert tydelegare med åra.

#### 4.3.4 Vigrid

For Tore Tvedt er fienden sionismen, medan dei gode er den kvite germanske rasen. Denne kampen er allereie i gang, og etter at «den internasjonale zionismen erklærte hellig krig mot Tyskland i 1933», og sigra over Hitler, har ZOG eit «solid verdensherredømme».<sup>227</sup> Der ZOG diskursen ikkje slo ann hjå Zorn88, omfamnar Vigrid den. Vigrid er nok det norske tidsskriftet som er mest eksplisitt i sin antisemittiske retorikk. Med overskrifter som «Jødedommen må knuses»<sup>228</sup> og sitat som «Adolf Hitler er blitt en Gud for oss» var grupperinga og tidsskriftet fullstendig dedikert til denne kampen.<sup>229</sup> Med sin okkulte stil dyrkar Vigrid gudebilete. Særleg den norrøne gudinna Frøya, men også Hitler. Han vert sett

---

<sup>227</sup> *Gjallarhorn* 4/10, 1998

<sup>228</sup> *Vigrid* nr.11, 1999

<sup>229</sup> *Vigrid* nr 17, 2000: 5

på som ein som forstod faren jødane kunne vere, og difor ein som forsvarte den kvite rase. Kvifor ZOG-diskursen er ein sentral del av *Vigrid*, men ikkje hjå Gjallarhorn, er eit interessant spørsmål. Som nemnt var Zorn<sup>88</sup> eit lite og lukka miljø for nasjonalsosialistar, der trongen for å integrere nye omgrep ikkje er særleg stort. Dei hadde sin etablerte ideologi. *Vigrid* derimot var ein nyoppretta organisasjon på tida der ZOG for alvor blei eit omgrep. Ein kan tenkje seg fleire grunnar til integreringa av ZOG. Det kan vere for å skilje seg frå dei andre grupperingane og tilføre noko nytt til det fragmenterte høgreekstreme landskapet. Det kan også tenkjast, slik me skal sjå, at *Vigrid* har eit tydeleg fiendebilete. Det norrøne dommedag, Ragnarok, er ein sentral del av *Vigrid* sin ideologiske grunnmur. ZOG vert då framstilt som den eksistensielle trugselen, som skal forårsake dommedag. I okkulte grupperingar er dommedag ofte eit tema, derav uttrykket *doomsday cult*.<sup>230</sup> Ein slik okkult gruppering rekrutterer medlem ved hjelp av overtendingar om ein eksistensiell trugsel. Korleis vert holocaust integrert inn i eit slik syn på verda? Kor stor del av ZOG-diskursen tek opp folkemordet i *Vigrid*?

Tidskiftet sin grunnleggjande påstand er at Jødane ynskjer å utrydde den kvite rase og etablere den nye verdsordenen, også kalla ZOG. Alt som Tvedt er ueinig i vert kopla til ZOG. Han er til dømes motstandar av NATO og USA. USA vert skriven som «U\$A» eller «Jew-\$-A», og skildra som «den jødiskdominerte administrasjonen».<sup>231</sup> Her ser me både den eksistensielle trugselen ved at jødane ynskjer å utrydde kvite menneske, og antisemittiske tropar om jødiske elitar med enorm makt. Med dette verdsbilete følgjer også holocaust. Som nemnt nyttar Tvedt revisjonisme til å fornekte holocaust gjennom sin verksemd i «Foreningen for Sann Historie». Motivasjonen for fornekingar ligg utvilsamt i eit konspiratorisk syn på verda. I den andre utgåva av *Vigrid* står det:

«Hele historien [holocaust] er kokt opp av jødiske interesseorganisasjoner som krigspropaganda for å sikre dem penger, medynk og støtte til å invadere Palestina for å opprette Israel»<sup>232</sup>

---

<sup>230</sup> Loflan 1966

<sup>231</sup> *Vigrid* nr.4, 1999

<sup>232</sup> *Vigrid* nr.2, 1999

Folkemordet vert framstilla som eit ledd i ein større plan, eller konspirasjon, for å kunne opprette Israel. Det me ser her er ein teori om ein konspirasjon. Holocaust vert sett på som ein del av denne konspirasjonen.

Foreningen for Sann Historie fokuserer i stor grad på påstanden om at det var jødane som starta den andre verdskrigen. Den nemnde avisartikkelen frå 1933 er hovudargumentet. Som allereie vist er det et å gjere jødane til ansvarlege for krigen eit ledd i å frigjere nasjonalsosialismen for skuld, etablere eit fiendebilete, og argumentere for den jødiske konspirasjonen. Sann Historie sel også diverse lesestoff gjennom boklista. Her kan ein kjøpe titlar som *B`nai B`rith. Sionistenes planer om overtagelsen av Verdens-herredømmet, Rase, det store grunnproblemet, Jødenes Krig* og teikneserieheftet *Holohoax*.<sup>233</sup> Dette er stoff som legg ut om jødane sine planar for å ta over verda og kvifor rase er eit grunnproblem. Ein kan og lese om jødanes krig mot den kvite rase, og eit teikneseriehefte me skal komme tilbake til seinare.



Figur 15. Sann Historie sitt hovudfokus er at det var jødane som starta krigen, *Vigrid* nr.5, 1999

Eit anna punkt *Vigrid* fokuserer på er folkemord på kvite. Ifølgje *Vigrid* skjedde dette etter frigjeringa av Europa 1945, då tyske sivile og krigsfangar vart forsøkt utrydda. Særleg korleis den «germanske kvinne blir hatet av jøden». Det verkelege holocaust er mot den germanske rase.<sup>234</sup> Verkemiddelet frykt kan, som innleiingsvis nemnt, vere med å rekruttere til okkulte grupperingar. Måten *Vigrid* skildrar jødane som folkemordarar kan sjåast på to måtar. Den eine er frykta for fienden, medan den andre er igjen å snu om på kven som er offer og kven som er gjerningsperson. Det er dei kvite som har vore utsett for folkemord, og som *Vigrid* skriv, utsett for det verkelege holocaust.

Konspirasjonsteorien vert endå meir ekstrem i utgåve 9, 1999. I ein stor artikkel kalla «Det jødiske Messiasåret 666/1999» som hevdar at året 1999 tyder at den jødiske Messias vil returnere og gjere alle til slavar. Det heile er prega av konspirasjonstenking, då til dømes ordet Messias, på gresk, og ifølgje den Kabbalistiske tolking, tyder 666, altså djevelen. Me ser også

<sup>233</sup> *Vigrid* nr.2, 1999

<sup>234</sup> *Vigrid* nr.8, 1999

den eksistensielle trugselen i form av slavebinding av ikkje-jødiske folk. Konspirasjonen vert kopla til holocaust under avsnittet «Det kabbalistiske 6 og Holocaust». Her er påstanden at Toraen spår at 6 millionar jødar må forsvinne og returnere for at den jødiske Messias skal returnere. Holocaust er då skapt etter den andre verdskrigen for å oppfylle Toraens profeti. Igjen er holocaust eit ledd i ein større konspirasjon.

*Vigrid* har begge beina godt planta i konspirasjonsland. Dei ser samanhengar og narrativ som passar inn i deira verdsbilete og fiendebilete. Dei argumentera i sirkel og påstår at ein hemmeleg elite ynskjer å utrydde den kvite rase. Som me har sett koplar tidsskriftet alt det er ueinige i, til den generaliserande grupperinga ZOG, som tyder internasjonal jødedom. *Vigrid* framstiller desse med ynskjer om verdsherredømme, å slavebinde den kvite rase og gjennomføre folkemord. Jødane er for *Vigrid* ein eksistensiell trugsel. Ein kan difor skildre *Vigrid* som ein *dommedagskult*. Trugselen er for Tvedt og andre som delar synet på verda så stor at all logikk forsvinn. Det verdsbilete me ser er då kombinasjonen av antisemittisk konspirasjonsteori og det okkulte. I bilete tek også holocaust stor plass, med alle kjenneteikn på konspirasjonstenking. Det er likevel som eit ledd i ein større konspirasjon. Holocaust spelar ikkje ei konsekvent rolle i denne forteljinga. Forteljinga er anten skapt for å få sympati og pengar, eller for å oppfylle profetiar. Dei skapar narrativ, og tilpassar dei til å passe med det overordna fiendebilete. Ein kan sjå på konspirasjonstenking som å pusle eit puslespel der ein trykker bitane saman, i staden for å leggje dei der dei passar. Tenkinga me ser i *Vigrid* er heller ikkje unik. Den kan samanliknast med konspirasjonsteorien *Eurabia*. Dette er konspirasjonsteorien om muslimar som ynskjer å overta Europa og utslette den kvite rase med hjelp frå ein europeisk politisk elite. Den grunnleggande påstanden er den same, men her er hovudfienden muslimane.

#### 4.6 Avslutning

Gjennom dette kapitlet har ljuset blitt retta mot konspirasjonstenkinga, antisemittismen og det overordna verdsbilete til fornektarane. Innleiingsvis vart det stilt nokre hovudspørsmål. Desse var; kva politiske og ideologiske motiv ligg bakom påståande til fornektarane? Kor stor del av det konspiratoriske innhaldet i publikasjonane omhandlar holocaust, og korleis vert holocaust integrert inn i det konspiratoriske synet på verda? Det at fornektning av holocaust er motivert av eit antisemittisk og konspiratorisk syn på verda, er tydeleg. Motiva til fornektaren

spring ut av idear om jødane som hovudfienden. Me ser dette tydeleg i måten jødane vert framstilt som gjerningsgruppa, i standen for ei offergruppe. Dei meiner det var jødane som starta den andre verdskrigen, jødane utfører folkemord i Palestina, jødane har planar om å utrydde den kvite rase. Kva trugselen jødane utgjer variere. Frå trugselen om økonomisk og politisk innverknad frå ein liten elite i *Nasjonalisten*, til eksistensiell og folkemordarar i *Vigrid*, er jødane framstilt som ei gruppe med vonde intensjonar. Måten jødane vert framstilt varierer også. Frå kodeord som «Zion», «Zionismen» og «ZOG», til eksplisitte referansar til fienden som «jødane».

Verdsbilete inkluderer også holocaust. Det konspiratoriske innhaldet inkluderer holocaust som eit ledd i den større konspirasjonen. Folkemordet vert ein del av den overordna jødiske planen. Sjølv *Gjallarhorn*, som har eit eksplisitt mål om å fornekte holocaust, plasserer det som ein del av ein større samansverjing. Pamfletten *Den Jødiske Fare* skildrar dette godt, då den omtalar ZOG som fienden, men nemner holocaust berre i to setningar. Når folkemordet er hovudfokus, er det den revisjonistiske stilen som dominerer. Ein kan då seie at forneking av holocaust i konspiratorisk stil ikkje er meir omfattande enn den revisjonistiske, men fungerer i større grad som eit ideologisk bakteppe. Ein ser også ein større inkludering av konspirasjonstenking når ein nærmar seg 2000-talet. Det er eit skilje mellom dei gamle og nye nazistane. Dei gamle nazistane, som vart drøfta i førre kapittel, nyttar i stor grad revisjonisme for å unnskyldde nazismens brotsverk. Dei som ikkje ynskjer å rehabilitere nazismen, men introdusere den på nytt, etablerer difor eit jødisk fiendebilete på nytt. Holocaust vert av norske nynazistar framstilt som ein konspirasjon. For mange er påstandane så utrulege at det kan freiste å ignorere. Tankane er likevel farlege. Konspirasjonsteoriar er skildra som ein av trugslane mot tilliten til mellom anna forskning. Om ein er overtydd i kven som er fienden er ein villig til å gå langt. Det er desse tankane som leia til den valdelegaste hendinga i Noreg etter krigen. Breivik var ikkje ein gal utilrekneleg masseordar, men ein radikal høgreekstremist motivert av eit konspiratorisk syn på verda.<sup>235</sup>

---

<sup>235</sup> Auestad et.al 2012



## 5. Signaliserande forneking

### 5.1 Innleiing

Forneking av holocaust har også kome til uttrykk utan lange artiklar, eller påstandar om globale samansverjingar. Til no har oppgåva drøfta forneking som pseudovitskap, eller som innvevd i eit større konspiratorisk verdsbilete. Dei to strategiane er også drøfta i den eksisterande litteraturen. Oppgåva skal no presentere og drøfte ei tredje form av forneking. Denne forma kan ikkje skildrast som fullstendig revisjonistisk, eller som konspiratorisk, sjølv om den inneheld element frå begge. Den tredje forma har eg valt å kalle signaliserande forneking.

Dette kapittelet skal sjå den signaliserande forma for forneking. Fyrst vert strategien definert og kjenneteikna etablerte, før me skal sjå korleis dei nynazistiske aktørane har signalisert sine meiningar om holocaust gjennom teikneseriar. Ettersom den signaliserande fornekinga skil seg frå dei to andre vert det drøfta i eit eige kapittel. Den er den stilen som har færrest eksempel, og kapittelets lengde reflekterer dette. Difor vert heile tidsperioden drøfta i eit delkapittel. Mange av dei same spørsmåla vert vidareførte. Korleis kjem denne forma til uttrykk? Finn ein særnorsk signaliserande hendingar? Nokre spørsmål er også knytt direkte til denne forma for forneking, til dømes om det er konspiratoriske, eller revisjonistiske trekk som dominerer signaliseringa?

### 5.2 Signaliserande forneking

Den signaliserande fornekinga kjem til uttrykk på fleire vis. Som nemnt når det teoretiske rammeverket var drøfta, er det å skrive holocaust i hermeteikn eit døme på korleis fornektarane signaliserer at dei ikkje legg noko verdi i omgrepet. Det er forneking utan argument eller årsaksforklaringar. Den signaliserande forma tek og ei rolle som kan samanliknast med propaganda. I dette kapittelet vert denne rolla drøfta. Me skal sjå korleis forneking vert ein del av teikneseriar som vidarefører nazismens antisemittiske representasjonar av jødar.

1975-2000

### 5.2.2 Teikneseriane

Veksten til ytre høgre etter 2000-talet, særleg på internett, kan koplust til bruken av humor som verkemiddel. Humoristiske verkemiddel som 'internett-memes' vert nytta for å spreie ideologien og påstandane til miljøa på ytre høgre, og å redusere grensa for vald.<sup>236</sup> 'Memes' kan definerast som den moderne teikneserien. Ein blanding av tekst og bilete som formidlar noko morosamt eller relaterbart. I dette delkapittelet skal me sjå korleis forneking av holocaust vert tema for teikneseriar lenge før internettmemes. Me skal og sjå korleis desse hentar inspirasjon frå antisemittiske representasjonar av jødar som speglar nazismens rasesyn og propaganda.

Visuelle representasjonar av jødar har vore produserte sidan mellomalderen, men vert særleg koplust til nazismens propaganda før og under krigen. Representasjonane framstiller jødane på ulike måtar, men alltid basert på antisemittiske førestillingar om jødar. Dette er førestillingar som svikefulle, kontrollerande og som fienden. Visuelle trekk er mellom anna jødar som overvektige med stor bøygd nase. Andre framstillingar er jødar som dyr, ofte som ein blekksprut med tentaklar som stekker seg ut og kontrollerer delar av verda, eller som små skadedyr som rotter som ikkje fortener dei same rettane som andre.<sup>237</sup> Altså ein dehumaniserande framstilling. Nazistisk propaganda nytta desse framstillingane i sine propagandakampanjar mot jødane, og den nye nettbaserte 'meme'-kulturen nyttar seg av visuelle antisemittiske representasjonar. Holocaust har også blitt tema for slike framstillingar. I perioden 1975 til 2000 prega antisemittisme dei nynazistiske norske publikasjonane. Korleis koplar *Nasjonalisten*, *Gjallarhorn* og *Vigrid* visuelle antisemittiske representasjonar til folkemordet?

Det fyrste dømet på ein teikneserie dukkar opp i *Nasjonalisten* i 1982. Det er ein karikatur frå Polen. Me ser ein person som skvetter nokre tårer. Han har på seg det tradisjonelle jødiske hovudplagget Kipa. Mannen er også framstilt med stor nase, barføtt og med tunga ute. Han seier, på polsk, men oversett av *Nasjonalisten*, «Eg ble gasset 6 ganger,



Figur 16. *Nasjonalisten* nr3-4, 1982: 9

<sup>236</sup> Fielitz & Ahmed 2021

<sup>237</sup> Antisemitism Policy Trust 2020

nei 8 ganger, nei 10 ganger». I lag med teikneserien står ein tekst som hevdar at «Polakkene har i alle år visst om den zionistiske trussel fedrelandet og alliansen zionsime-kommunisme.».

Nasjonalisten har inkludert ein antisemitisk karikaturteikning. Karikaturen inneheld jødiske stereotypiske framstillingar og integrerer holocaust med desse. Framstillinga speglar nazismens propaganda om jødane, karikert ved stor og bøygd nase som personens dominerande andletstrekk. Karikaturen snakkar om at han vart gassa. Ein opplagt referanse til gass som avrettingsmetode, og korleis påstandane om dette er upålitelege. Teksten siktar til det framstillinga av jødane som fienden, og korleis dei er ein trugsel i lag med kommunismen. Gjennom teikneserien vert den konspiratoriske fornekinga signalisert.

*Gjallarhorn* har fleire teikneseriar. I eit innlegg om Elie Wiesel, er teikneserien til høgre inkludert. Innlegget handlar om tildelinga av Nobels fredspris til Wiesel for sin kamp mot nynazismen. Innlegget tek opp at det Wiesel spreier er løgn. I teikneserien ser me ein person på ein tiltalebenk i ein rettssak, ein person som spør eit spørsmål, og ein dommar. Mannen som vert spurt skal framstille Wiesel. Spørsmålet Wiesel vert stilt er;



Figur 17. *Gjallarhorn* nr 2,2 1990

Now then professor, I offer for your inspection these 1944 photographs of Auschwitz-Birkenau which shows absolutely no pits, no smoke and no flames. How then were thousand of jews being burned without any evidence of the burning showing up in photos of the camps taken at that time?

Wiesel svarar, «It was a miracle!». Til forskjell frå den førre karikaturen ser me her eit revisjonistisk argument gjort til teikneserie. Det er sant at det finnes foto av Auschwitz utan røyk, det eksisterer og bilete med røyk.<sup>238</sup> Om ein samanliknar dei to karakterane i teikneserien, ser ein tydelege kontrastar. Personen med det revisjonistiske argumentet delar likskapar med korleis den ariske mannen vert framstilt i nazistisk propaganda. Dei vert framstilt som høge, blonde og med dei ansiktstrekka som nazismen ser på som attraktive.

<sup>238</sup> National Collection of Aerial Photography, <https://ncap.org.uk/frame-download/1-1-89-1-71>.

Dette er til dømes kraftige kinnbein, velstelte og ikkje minst blonde. Det er ei framstilling av den 'ariske rase'. Samanliknar ein dette med framstillinga av Wiesel er det store kontrastar. Han vert framstilt som ynkeleg, ustelt og utan dei same ariske trekka. Han vert også framstilt som usikker og utan eit godt svar på den sjølvsikre argumentasjonsrekka til revisjonisten.



Figur 18. Gjallarhorn, nr. 2/1, 1990.

Teikneseriestripa over står i *Gjallarhorn*, nr 2/1, 1990. Denne stripa dukkar opp fleire gonger i *Gjallarhorn*. Teikneserien har tre ruter der den fyrste ruta viser ein person som held eit magasin med tittelen «Holocaust weekly» og seier, «Remembah de six million!». I neste rute vert personen skutt, med lydordet «Splat!», før siste rute viser kven som gjorde det. Ein med rykande pistol og som seier «Make that six million and one!» Her er det fleire gjentakande element. Dei same visuelle kontrastane mellom framstillingane av dei to personane er tydelege. Personen som vert skutt vert framstilt med overdrivne trekk, som stor nase, store øyrrer og med aksent. Personen som skyt derimot har eit smil og kraftige kinnbein. Dei to skal nok førestille ein jødisk mann som 'masar' om holocaust, og ein 'arisk' nynazist som er lei av maset, og skyt jøden. Her ser me både dei antisemittiske framstillingane, referansar til folkemordet, men også korleis teikneseriar vert nytta til å spreie eit valdeleg budskap. *Gjallarhorn* presiserer at dei ikkje er ein valdeleg organisasjon, men sjølv om *Gjallarhorn* ikkje har laga teikneserien, brukar dei den og den signaliserer teikneserien at vald er ei morosam og god løysing, samt at 'maset' om holocaust skal ikkje takast seriøst.

Saman med innlegget «Auschwitz minnes med nye løgner» i *Gjallarhorn* er denne karikaturen.<sup>239</sup> Me ser ein person som spyr ut av


<sup>239</sup> Gjallarhorn 2/7, 1995

**Holocaust!!**  
**Holocaust!**  
**Holocaust..?**  
**Holocaust..??**



Figur 19. Gjallarhorn, nr. 2/7, 1995.  
 Figur 20. Gjallarhorn, 3/7, 1995.

eit fjernsyn. I 1995 var det 50 år sidan frigjeringa av Auschwitz, noko som vart markert og sendt på TV. Markeringa vert skildra som «...en løgnaktig farse.»<sup>240</sup> Den offentlege diskursen rundt holocaust har no blitt til teikneserie. Karikaturen skal skildre jødisk propaganda som vert spydd ut av fjernsynet. Dei same andletstrekka går att. Eit siste døme frå *Gjallarhorn* er i den neste utgåva. Her vert framsida pryda med signaliserande fornektning.<sup>241</sup> Framsida viser eit intervju av ein person, men fokuset er på teksten over. «Holocaust» står her repetert fire gonger. Den fyrste kan lesast bastant, andre litt mindre, den tredje spørjande, medan den fjerde spør verkeleg. Personen som vert intervjuja framstiller ein karikatur av ein jødisk mann, med dei same overdrivne trekka. Den påstanden illustrasjonen formidlar er spørsmåla som kan stillast om holocaust. Det signaliserer tvilen som kjem om ein undersøker holocaust djupare enn berre å høyre på intervjuet av den løgnaktige jøden. Desse to døma inkluderer fleire antisemittiske framstillingar. Det mest synlege er korleis dei er teikna, men også korleis media som fjernsyn er kontrollert og eit middel der desse løgnene kan bli spreidd av jødane. Om illustrasjonane er produsert i Noreg av nordmenn er vanskeleg å seie, men dei to siste passar til innhaldet i *Gjallarhorn*.



Dei nynazistiske tidsskrifta *Nasjonalisten* og *Gjallarhorn* trykker illustrasjonar og teikneseriar der antisemittiske representasjonar av jødar er dominerande, og holocaust vert ein del av desse framstillingane som speglar nazismens propagandakampanjar. Den mest dominerande framstillinga er dei kroppslege trekka hjå personane som skal førestille jøden. Trekka er overdrivne til det absurde, og spelar på antisemittiske tropar. Karikaturane er sidestilt med framstillingane av den 'ariske' mannen, og kontrastane vert då store mellom dei to. Holocaust vert integrert både som eit revisjonistisk argument i teikneserien om Wiesel, men det er det konspiratoriske verdsbilete som dominerer karikaturane. Det er dei jødiske stereotypane og konspirasjonsteoriane som jødisk makt og jødisk påverknad som signaliserer at holocaust er ei løgn.

I *Vigrid* finn me fleire

teikneseriar og karikaturar som

<sup>240</sup> *Gjallarhorn* 2/7, 1995

<sup>241</sup> *Gjallarhorn* 3/7, 1995



signaliserer fornektning av holocaust. Desse tre er eit utval:



Figur 23. Vigrid, nr.10, 1999.

Den fyrste viser ein mann fortelje om gasskammeret i Auschwitz. Han står



"Anne Franks dagbok" er delvis skrevet med en amerikansk type kulepenn som ikke ble oppfunnet før 1951.

Figur 21. Vigrid, nr.14, 1999.

framfor eit falleferdig hus som skal førestille gasskammeret, og fortel at «her har vi de hermetisk lukkede gasskammene der nazistene gasset fleire millioner jøder med zykloon-b.» Ironien i teikneserien er at gasskammeret som vert vist ikkje er eit gasskammer, og dermed ikkje kunne ha gassa nokon. Teikneserien skal skildre omvisinga i Auschwitz, og framstiller den som ein del av løgna. Illustrasjonen har eit revisjonistisk preg, med til dømes den tekniske påstanden om «hermetisk lukkede» gasskammer. Den viser heller ingen antisemittiske representasjonar.

Det andre bilete derimot, har ein antisemitisk representasjon. Illustrasjonen er av ei ørn med merkelappen «Truth» angrip ein drage med merkelappen «Holocaust». Over står det, «Sannheten dreper Holocaust-løgna». Som nemnd vert jødane illustrert som dyr, ofte dyr med negative trekk kopla til seg, som rotter, edderkoppar, slangar, og i dette tilfellet, ein drage. Ørna derimot, er eit symbol på fridom, godheit og det rettferdige. Rolla til holocaust er den vonde dragen, og rolla til sanninga er som den gode ørna.

Den tredje teikneserien viser ein engel som kjem til Anne Frank med ein kulepenn frå framtida. Påstanden er at deler av Anne Franks dagbok er skriven med ein kulepenn som ikkje var funnen opp i 1942. Anne Franks dagbok, ein av dei mest sentrale tidsvitne skildringane av deportasjonane av franske jødar, og ei bok som for alvor introduserte offentlegheita for eit dei mange offera for nazismens brutalitet, vert av fornektarane påstått å vere fabrikkert etter krigen. Påstanden er sjølvsagt feil.<sup>242</sup>

<sup>242</sup> Påstanden er ikkje sann, og vert avkrefta her: <https://www.annefrank.org/en/anne-frank/go-in-depth/authenticity-diary-anne-frank/>.

Desse, og fleire dukkar opp i Vigrid sine publikasjonar. Dei står på norsk, og den eine på svensk, men er ikkje produserte av Vigrid. Dei originale teikningane kjem frå heftet *Tales of The Holohoax. A Journal of Satire*, gjeven ut i 1998 av Wiswell Ruffin House.<sup>243</sup> Heftet er ei av fleire fornektande materiale publisert av desse, som *The Great Holocaust Trail* som omhandlar Zündel saka. Knytt til heftet som tekstskrivar er fornektar og konspirasjonsteoretikar Michael A. Hoffman II, medan ein A. W. Mann er kreditert som teiknar.<sup>244</sup> Ein kjenning i det norske fornektande miljøet er og kreditert i heftet. Ditlieb Fedlerer sin publikasjon *The Diary of Anne Frank – A Fake* er inkludert i bibliografien og heftet rettar ein takk til han. Heftet er samansett av desse teikneseriane. Vigrid har teke dei, og omsett teksten til sitt norske publikum.

Teikningane, karikaturane og heftet er dømer på korleis forneking av holocaust har kome til uttrykk gjennom teikneseriar. Dei viser korleis antisemittiske visuelle representasjonar vert vidareførte av dei nye nazistane. Desse framstillingane er ikkje nye. Karikaturar som spelar på stereotypar har eksistert lenge. I nazistiske propaganda, nynazistiske magasin og til moderne ‘memes’ er degraderande og hatefulle framstillingar kopla saman med konspirasjonsteoriar og forneking av folkemordet. Teikneseriane er i stor grad, slik som resten av fornekinga, oppteken av sentrale element ved folkemordet, med eit grunnleggjande konspiratorisk syn . Dei er også produserte i utlandet, men unntak av nokre få som kan vere norskproduserte. Gjennom teikneseriane vert folkemordet forneka på ein signaliserande måte.

### 5.3 Oppsummering og avslutning

I dette kapitlet har eg etablert og drøfta ei tredje fornektande form. Den signaliserande forma skil seg frå revisjonisme og konspirasjonsteorien ved at den fungerer meir som propaganda for dei fornektande miljøa. Me har sett forma kome til uttrykk i houvsak gjennom teikneseriar som byggjer på antisemittiske representasjonar, men og korleis holocaust vert forneka heilt subilt. Omgrepet holocaust i hermeteikn er eit døme på dette,.

---

<sup>243</sup> Heftet kan sjåast i sin heilheit på Radio Islam sine sider, <https://www.islam-radio.net/islam/roligt/rev/Tales-of-the-Holohoax.pdf>,

<sup>244</sup> ADL u.å.

Fornekking av holocaust vert integrert i visuelle representasjonar, karikaturar og teikneseriar. Dei antisemittiske framstillingane av jødar, som speglar nazismens propaganda, vert vidareført av nye nazistar. Teikneseriane er eit internasjonalt fenomen, som er omsett og tilpassa til det norske miljøet. Me ser korleis både revisjonistiske argument, men i størst grad dei antisemittiske representasjonane av jødane vert tema, i lag med dei sentrale elementa ved holocaust. Teikneserieheftet *Tales of the Holofoax* er til stor inspirasjon for *Vigrid*, som inkluderer det i sitt tidsskrift. Den signaliserande fornekinga viser tydeleg korleis fornekinga er ei vidareføring av den nazistiske ideologien, og gjev eit frampeik på internettkulturen der fornekking vert integrert i 'memes'.



## 6. Avslutning

### 6.1 Innleiing

Gjennom fem kapittel har eg sett på fenomenet forneking av holocaust i Noreg. I dette sjette og siste kapittelet skal eg samanfatte det som har vore gjennomgått til no, før eg skal trekkje fram oppgåvas problemstilling, og dei svara eg har funne. Eg skal også peike på nokre moglege tema for vidare forskning innan holocaustforneking, men og moglege spørsmål til kjeldematerialet. Til slutt vert studien avslutta med nokre siste tankar.

### 6.2 Oppsummering

Kapittel ein la premissane for studien. Her såg eg på det avgrensa forskingsfeltet om forneking. Deretter vart studien sine forskingsspørsmål og overordna problemstilling skissert ut, før det teoretiske rammeverket eg har nytta for å svare på problemstillinga vart presentert. Rammeverket har vore å dele fornekinga opp i tre ulike kategoriar av forneking. Eg etablerte idéhistorisk diskursanalyse som oppgåvas metodiske tilnærming for analyse av publikasjonane. Kjeldegrunnlaget som eg nytta vart gjennomgått før den forskningsetiske debatten om å gje antisemittisme og konspirasjonsteoriar merksemd vart drøfta. Eg meiner at å rette ljuset mot påstandane, med eit tydeleg fokus på at påstandane har ingen verdi, og i ein kontekst der fornektaren ikkje får fritt spelrom til å spreie sin ideologisk motivert historieforfalsking og konspirasjonstenking, er viktig.

Kapittel to gav studien den naudsynte ramma. Ramma inneheld etableringa av antisemittisme, eller jødehat, sine historiske og nyare element og kjenneteikn. Forneking av holocaust er skildra som ei antisemittisk handling, og dei jødefiendtelege førestillingane fornekinga byggjer på har ikkje oppstått etter den andre verdskrigen, men er eit nytt ledd i ei lang historie. Vidare vart den verkelege historia om kva som skjedde under Nazi-Tysklands folkemord presentert. Oppgåva inneheld påstandar meint for å skape tvil rundt, avvise eller fornekte holocaust. Eg ser difor på realhistoria som ei viktig ramme å inkludere. Ein kan skildre holocaustforneking som ein diskurs blant dei nye nazistane. Grunna dette vart utviklinga av den offentlege diskursen om holocaust drøfta. Forteljninga om holocaust vart drøfta for å gje diskursanalysen eit overordna utviklingsperspektiv. Til slutt vart sjølve

fenomenet til oppgåva utforska. Forneking av holocaust sine kjenneteikn og historiske røter som internasjonal diskurs vart drøfta for å kunne samanlikne med den norske fornektinga studien analyserer.

I det tredje kapittelet startar analysen. Her vert den revisjonistiske forma for forneking tema. Som pseudovitskap og historieforfalsking var revisjonisme den retninga fornektinga tok for å skilje seg frå ideologien bak. Framstillingar av antisemittisme som eit historisk alternativ etablerte seg i utlandet, særleg Frankrike og USA med IHR som pådrivar. Revisjonisme har også gjort seg gjeldande i Noreg. Gjennom ei kvalitativ undersøking av tidsskrifta *Nasjonalisten*, *Gjallarhorn* og *Vigrid*, i lag med publikasjonane til det Nordiske Instituttet for Historisk Revisjonisme og dei to bøkene *De seks Millioner* og *Holocaust* såg me korleis den revisjonistisk fornektinga har blitt uttrykt i Noreg.

Kapittel fire såg på forneking som konspirasjonsteori. Me såg korleis det antisemittiske bakteppet av forneking skin igjennom den revisjonistiske fasaden. Førestillingar om ei global samansverjing som har skapt forteljinga om holocaust passar inn i omgrepet konspirasjonsteori, og bør handsamast deretter. Norske nynazistar promoterer konspirasjonen gjennom overflatiske omgrep som sionisme og ZOG, og koplpar folkemordet til eit syn på verda der jødane er fienden som ynskjer verds kontroll.

Det femte, og siste, analysekapittelet såg på forneking som propaganda, gjennom kategorien eg har valt å kalle signaliserande forneking. Her vart ljuset retta mot korleis holocaust har vore inkludert i visuelle antisemittiske representasjonar av jødiske stereotyper og framstillingar. Dei nynazistiske publikasjonanes bruk av teikneseriar for å fornekte folkemordet vart studert.

## 6.2 Konklusjon

Studiens hovudspørsmål vart i det fyrste kapittelet skissert ut i problemstillinga. Analysekapitela har inkludert fleire underspørsmål som har bidratt til å danne eit bilete av fornektinga i Noreg mellom 1975 og 2000. Problemstillinga var som følgjer:

*Kva slags grupperingar og aktørar har fornektet holocaust og korleis har forneking av holocaust kome til uttrykk i Noreg mellom 1975 til 2000?*

Problemstillinga har to hovudspørsmål som begge har fleire forskingsspørsmål. Desse har alle fått eit svar gjennom analysen. Gjennom dei tre nivåa av kritisk diskursanalyse har eg sett på korleis fornektarane nyttar språket til å formidle påstandane sine gjennom dei ulike kategoriane av det teoretiske rammeverket. Eg har og sett på konteksten fornektning oppstår i, og dei samfunnslege rammene til fornektning. Svara skal i konklusjonen samlast og tydeleggjerast.

Kven er det som fornektar holocaust i Noreg? Studien har sett på fleire aktørar som fornektar folkemordet på dei europeiske jødane under den andre verdskrigen. Før studiens avgrensing stod NS-veterananes tidskrift *Folk og Land* for det meste av fornektinga i Noreg, som studert i Simonsen (2019). Etter brotet mellom dei gamle og nye nazistane i 1975, tok dei nye nazistane, i lag med nokre av NS-veteranen for alvor opp tematikken i Norsk Front sitt tidskrift *Nasjonalisten*. Forsøket på å skape ny nasjonalistisk politikk, førte til fornektning. Frå 1975 til 1985 var miljøet rundt NF, som spira til NIHR, den største distributøren av fornektning av holocaust. I perioden finn me og dei to bøkene *De seks Millioner* og *Holocaust*, gjeve ut av ein NS-veteran og eit pseudonym.

Ein som var aktiv i miljøet rundt *Folk og Land*, Erik Rune Hansen, skipa si eige gruppering. Med eit fokus på rein nasjonalsosialistisk ideologi, og utan mål om å skaffe oppslutnad, vart Zorn 88 eit samlingspunkt for dei mest overtydde nynazistane. Holocaustfornektning var eit heilt sentral element i tidsskriftet *Gjallarhorn*, og hovudmålet til tidskiftet var å avvise folkemordet. I perioden 1985 til 2000, særleg tidleg 1990-tal var *Gjallarhorn* den største kjelda til holocaustfornektning.

På det seine 1990-tal tok *Vigrid* over som den mest sentrale kjelda til fornektning. Den okkulte verksemda kombinerer fornektning med norrøne ritual og tradisjonar, og ein kamp for den 'kvite rase'. Tidsskriftet er særst oppteken av jødane som fienden. Dette synet vert også synleg i tidlegare nynazist Eiternes sin pamflett *Den Jødiske Fare*.

Sjølv om dei gøymer seg bak revisjonistiske påstandar om at dei berre er ute etter sanninga, eller at dei ikkje er antisemittar og deler ingen sympati med Nazi-Tyskland, er fornektning av holocaust eit særskilt nazistisk fenomen. Den ideologiske motivasjonen er ei vidareføring av

nasjonalsosialismens tankar og verdsbilete. Denne ideologien er av nokre forsøkt gøymt. NS-veteranane som Trygve Engen og Asbjørn I. Bru kan tilsynelatande verke motivert av eit personleg reinvaskingsprosjekt, men desse deltok ikkje i holocaust på nokon anna måte enn å dele ideologien til forbrytaren. Om ein ynskjer personleg reinvasking er det personleg deltaking ein nektar for. Ein ser dette med debatten rundt dei norske frontkjemparane, som er skulda for å aktivt skrive ut eigen deltaking i brotsverk på austfronten, men nektar ikkje for at brotsverka har skjedd.<sup>245</sup> Det vert og synleg gjennom appellar til det andre revisjonistiske miljøet i Noreg, dei som fokuserer på rettsoppgjeret.

Me har også sett denne motivasjonen heilt eksplisitt, spesielt gjennom *Gjallarhorn* sin påstand om at holocaust står i vegen for at nasjonalsosialismen på ny kan etablere seg som den tredje store politiske ideologien. Shermer og Grobman peiker på konspirasjonstenking som ein annan motivasjon. Som me har sett er framstillingar av holocaust som ein konspirasjon ein betydeleg del av fornekinga. Rasesynet til nasjonalsosialismen er konspiratorisk, og byggjer på konspirasjonsteoriar om jødane. *Vigrid*, som i størst grad omfamnar konspirasjonen, har den nordiske rases reinheit som utgangspunkt for sine påstandar. Dei som fornektar holocaust i Noreg er kopla til nazismen. Anten det er som overtydd gamal nazist, eller som nynazist. Eg har likevel gjennom studien peika på andre årsaker. Sjølv om det er ideologane som fornektar, er det nødvendigvis ikkje ideologien som fyrst motiverer. Ingen vert fødd nazist, og vegen til miljøa er prega av utanforskap, søken etter tilhøyrsløse og konspirasjonstenking. Det er dette som er utfordringa med fenomenet forneking av holocaust.

Det andre hovudspørsmålet er korleis fornekinga har kome til uttrykk. Studien har kategorisert fornekinga i tre uttrykksformer. Revisjonistisk, konspirasjonsteoretisk, og signaliserande forneking.

Kapittel tre såg på revisjonisme. Dei norske aktørane, inspirert av dei internasjonale, fornektar holocaust ved å framstille påstandane sine som legitim historisk forskning. Studien har etablert nokre kjenneteikn på det norske revisjonistiske forsøket. Språket dei nyttar passar med den revisjonistiske stilen og dei nyttar retorikk som berre er ute etter 'sanninga', eller stiller spørsmål ved den etablerte forteljinga. Norsk revisjonisme er internasjonal revisjonisme, på

---

<sup>245</sup> Sørli, 2014 skriv om minnekulturen rundt frontkjemparane.

norsk. Me finn ingen særnorsk revisjonistisk forteljing, noko me ser att i kjeldegrunlaget. Amerikanske IHR, Rassinier, Harwood, Leüchter, Zündel og Irving står bak både artiklar, samt samarbeid, ved til dømes skipinga av NIHR. Ditlieb Felderer er her ein kopling mellom internasjonal og norsk revisjonistisk fornektning. Revisjonisme som middel til reinvasking av nazistisk ideologi skil seg og ut som eit kjenneteikn. NS-veteranane som fornektar holocaust i revisjonistisk stil gjer dette ut i frå eigen vedvarande tru på nasjonalsosialismen. Der særnorske fenomen vert inkludert er i anekdotar om tidsvitne som Erling Bauck, og forsøk på å så tvil om forteljinga til Bauck får ein sentral plass i norsk revisjonisme.

Kapittel fire såg på konspirasjonsteoretisk fornektning. I kapittelet etablerte eg at eit konspiratorisk syn på verda, som byggjer på antisemittiske tropar og der jødane er fienden, ligg til grunn for den norske fornektinga. Fornektning av holocaust har kome til uttrykk konspiratorisk på fleire måtar. Språket dei nyttar er prega av den overflatiske av-nazifiseriga av språket. Omgrep som «Zionsime» og «ZOG» viser dette. Den mest dominerande er likevel det konsekvente rollebyte av kven som er gjerningsperson, og kven som er offer. Jødane vert tilskrive rolla som den angripande, som til dømes starta den andre verdskrigen. Fornektinga byggjer på antisemittiske stereotypiar, som er vidareført frå Hitlers tankar om jødane. Dette er skuldingar om ein internasjonal verdsjødedom som kontrollerer media, eller med eit ynskje om å utrydde den 'kvite rase'. Utgangspunktet for konspirasjonstenkinga hjå dei norske nynazistane er ikkje holocaust. Holocaust vert ein del av ein større konspirasjon. Når folkemordet er utgangspunktet, er det den revisjonistiske stilen som vert i størst grad nytta.

Analysen av den signaliserande fornektinga viste oss korleis fornektning har vorte uttrykt gjennom visuelle framstillingar. Kapittelet skildra ein bruk av holocaustfornektning som propaganda for den nynazistiske ideologien. Teikneseriane viste ei vidareføring av antisemittiske karikaturar frå nazistisk propaganda, som no inkluderer holocaust. Dette viser eit frampeik på internettkulturen der fornektning er tema for 'memes' og andre visuelle framstillingar som inkluderer holocaust i ei signaliserande form.

Eit forskingsspørsmål som er utfordrande å svara på er omfanget av fornektinga. Eg har ikkje analysert kjeldematerialet kvantitativ, men nokre merknadar er det. Når ein spør kva omfang fornektning av holocaust har, spør ein egentleg to spørsmål. Det fyrste er kva omfang har fornektinga i samfunnet? Svaret er marginal. Det er eit fenomen innan små grupperingar og hjå nokre enkeltaktørar. Kor mange som meiner forteljinga om holocaust er overdriven er eit

anna spørsmål, men alle forsøka på å etablere ein norsk fornektande diskurs har døydd ut. Oppslutnaden til dei ulike grupperingane i form av tal på medlem, eller stemmer ved val, er og svært marginal. Det har likevel alltid vore nokon som har plukka opp stafettpinnen og vidareført fornekinga. Etter 2000, sjølv om dei aktørane og grupperingane eg har sett på forsvinn, er det framleis ein holocaustfornektande diskurs. Studien opnar med ein artikkel frå 2017, der den nye nazismen vidarefører diskursen, men no i eit nettbasert format. Det andre spørsmålet er kor stor del av grupperingane sine publikasjonar og ideologiske kamp omhandlar holocaust. Svaret er avhengig av kva gruppering, og kva tidsrom me ser på. *Nasjonalisten* sine fyste år er dedikert til å skape eit nytt parti, og holocaust får ingen plass. Etter eit par år, markert ved eit skifte i offentleg diskurs då serien *Holocaust* vart sendt, blir holocaust eit stort tema. Den fyste artikkel om holocaust i *Nasjonalisten* omhandlar til dømes serien direkte. Deretter ser ein ei auke i forneking rundt tiårskiftet 1970-80-talet. Det revisjonistiske prosjektet toppar seg med opprettinga av NIHR og publiseringa av to norske revisjonistiske bøker. Zorn 88 nemner holocaust i om lag kvart nummer av *Gjallarhorn*, og *Vigrid* dedikerer store delar av innhaldet til folkemordet. Fornekinga aukar i periodar som reflekterer den internasjonale fornektande diskursen. TV-Serien holocaust, saker som Zündel-saka, Leuchter-rapporten og Irvng-saka vert spegla i Noreg. Det er tre ledd i den fornektande diskursen. Det fyrste leddet er den internasjonale diskursen rundt holocaust som vart påverka av hendingar som debatten om serien *Holocaust*. Det andre leddet er den internasjonale fornektande diskursen, som reagerer på og speglar den offentlege diskursen om holocaust. Det siste leddet er den norske fornekinga, som er avleia og delvis koperier den internasjonale fornektande diskursen.

Ved å dele forneking inn i tre kategoriar opnar ein for å samanlikne. Kva likskapar og ulikskapar er det mellom dei ulike grupperingane og tidsperiodane. Utviklinga gjennom dei 25 åra går mot eit større fokus på konspirasjonen. Frå Blücher som erklærte at det var lurt å «holde zionistspørsmålet på sidelinjen», til Tvedt som skriv at «Jødedommen må knuses», ser ein ei utvikling i denne retninga.<sup>246</sup> Eg ser på dette som eit resultat av eit skilje mellom ynskje å rehabilitere nazisme og eit ynskje om å gjennomføre nazismen. For dei som ynskjer å rehabilitere nazismen, er revisjonisme den gjeldande strategi, medan dei som ynskjer å introdusere ideologien på nytt, som *Vigrid*, skapar eit jødisk fiendebilete og omfamnar konspirasjonen heilt. Sjølv om alle stilane gjer seg gjeldande i alle publikasjonane, og ingen

---

<sup>246</sup> Sjø 4.2.2 og 4.3.4.

av grupperingane har ei fast fornektande linje, kan ein sjå ein varsamheit for å verte for like nazismen, særleg i *Nasjonalisten*. *Gjallarhorn* og *Vigrid* var ikkje hindra av eit politisk prosjekt, noko som vert reflektert i korleis dei fornektar.

### 6.3 Vidare forskning

Oppgåva har sett på ei avgrensa tidsperiode. Ved å stoppe studien ved tusenårsskiftet stoppar eg og ved digitaliseringa av fornekinga. Internett har opna ei ny verd der forneking flourer. Oppgåva starta med ein artikkel frå Den Nordiske Motstandsbevegelsen, og desse fornektar holocaust i ein nettbasert kultur. Korleis holocaust passar inn i deira ny nordiske prosjekt er eit interessant spørsmål og eit mogleg tema for vidare forskning. Ein meir kvantitativ studie for å sjå på kunnskap om folkemordet i Noreg er også ei mogleg vinkling.

Publikasjonane eg har studert i studien opnar også for andre moglege spørsmål. Eg har berre sett på fornekinga, men det er andre diskursar og andre saker som opptek den nye nazismen. Her er det rom for vidare utforsking. Forholdet mellom fiendebilete er eit interessant spørsmål. Me såg korleis Zorn 88 og Radio Islam samarbeider om forneking, men det er tydeleg innvandringsfiendtelege tendensar i norsk nynazisme. Dette spira også ut i dei interne konfliktane i miljøet. Det psykologiske fenomenet forneking er også mogleg å studere vidare. Forneking av historiske hendingar, eller pågåande samfunnsproblem som klimaforneking kan studerast.

### 6.4 Avslutning

Forneking av holocaust er ikkje berre eit historisk fenomen, slik som det er drøfta i denne oppgåva, men eit kontinuerleg angrep på historie, minne og på dei seks millionar jødane som vart offer for Nazi-Tysklands utryddingsprogram. Det å forstå, og rette ljuset mot forneking vert difor viktig. Ein kan bagatellisere det, eller skyve det under teppe, men om ein mister verdien av historisk forskning gir ein feilinformasjon og konspirasjonsteoriar det spelerommet dei treng for å spreie seg vidare. Som skrive i innleiinga til oppgåva aukar avstanden til holocaust i tid og minne. Får fornekinga av holocaust halde fram uimotsagt i ulike former, kan i verste fall endestasjonen på nytt bli Auschwitz.

Gjennom studien har eg sett forsøk på å skjule antisemittiske og rasistiske haldningar. Det å sjå holocaustfornekting som det det er, og ikkje la seg lure av revisjonisme, stereotyper eller fordommar, er særst viktig. Eg håpar oppgåva har bidratt til forskingsfeltet og har retta ljuset mot eit viktig tema. Gjennom arbeidet med oppgåva har det tidvis vore spekulert i om holocaustfornekting har noko anna ved seg utanom antisemittisme. Ved avslutninga er eg ikkje i tvil. Fornektar ein holocaust, er ein antisemitt.



## Kjelde og litteraturliste

### Kjetil Braut Simonsens kjeldesamling:

Blücher, E. (1978-1985). *Nasjonalisten*. Organ for Norsk Front. 36 utgåver.

Hansen, E., R. (1989-2003). *Gjallarhorn*. Zorn 88. 56 utgåver.

Nordisk Institutt for Historisk Revisjonisme. (1983). «*Holocaust*» *Nytt*.

Norsk Ungdom. (1993). *Ung Front*.

Olsen, T. (1998) *Den Jødiske Fare*.

Tvedt, T., W. (1999-2002). *Vigrid*. Vigrid.44 utgåver.

### Litteratur

Andresen, A., Rosslund, S., Ryymen, T. & Skålevåg, S, A. (2015). *Å gripe fortida: innføring i historisk forståing og metode*. Samlaget.

Anti-Defamation League. (u.å.). *Michael A. Hoffman II*. Henta 4. mai 2023 frå

<https://extremismterms.adl.org/glossary/michael-hoffman-ii>

Antisemitism Policy Trust. (2020). *Antisemitic imagery and caricatures*.

<https://antisemitism.org.uk/wp-content/uploads/2020/07/Antisemitic-imagery-May-2020.pdf>

Auestad, G. E., Carlsen, H., Sandvik, S., Skille, Ø. B., Brekke, A. & Wernersen, C. (2012, 7. desember). Derfor er Brevik tilregnelig. *NRK*. <https://www.nrk.no/227/artikler/--derfor-er-breivik-tilregnelig-1.8293402>

Auschwitz.org. (u.å.). *Memorial and museum auschwitz-birkenau former German*

*Naziconcentration and extermination camp*. Henta 4. april 2023 frå

<https://www.auschwitz.org/en/>

Backer, J. (1948). Statistisk oversikt over krigsdødsfallene 1940-1945. *Statistiske meddelelser utgitt av Statistisk sentralbyrå*, 66(10-12), 450-461.

[https://www.ssb.no/a/histstat/sm/sm\\_194810-12.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/sm/sm_194810-12.pdf)

Bangsund, P. (1984). *Arvtakerne: Nazisme i Norge etter krigen*. Pax.

Banik, V. K. (2020, 29. april). *Sionisme*. Hl-senteret. Henta 19. oktober 2022 frå

<https://www.hlsenteret.no/kunnskapsbasen/livssyn/religion-og-livssyn/jodedommen/sionisme>

- Bergun, J. R. (2022, 23. april). Babyn Jar. I *Store Norske Leksikon*. Henta 22.april 2023 frå [https://snl.no/Babyn\\_Jar](https://snl.no/Babyn_Jar)
- Brekke, A. & Zondag, M. H. W. (2020, 15. mai). Manshaus ville møte «jevndrende nasjonalister»: Ble bedt om å lese seg opp. *NRK*. Henta 18. september 2022 frå [https://www.nrk.no/norge/manshaus-ville-mote-\\_jevndrende-nasjonalister\\_-ble-bedt-om-a lese-seg-opp-1.15017313](https://www.nrk.no/norge/manshaus-ville-mote-_jevndrende-nasjonalister_-ble-bedt-om-a lese-seg-opp-1.15017313)
- Bru, A. I. (1979). *Holocaust*. Nasjonalbiblioteket.
- Corell, S. (2010). *Krigens ettertid Okkupasjonshistorien i Norske Historiebøker*. Scandinavian Academic Press.
- Dahl, H. F., Sørensen, Ø., Nøkleby, B., Hjeltnes, G. & Ringdal, N. J. (Red.). (1995). *Norsk krigsleksikon 1940-1945*. Cappelen.
- Dahl, H. F. (1996, 25. juni). Sår som ikke gror. *Dagbladet*. <http://www.sno.no/files/documents/110977.pdf>
- Dypvik, A. S. (2021, 13. august). Nürnberglovene. I *Store norske leksikon*. Henta 19. oktober 2022 frå <https://snl.no/N%C3%BCrnberglovene>
- Dyrendal, A. & Emberland, T. (2019). *Hva er konspirasjonsteorier?* Universitetsforlaget.
- Ege, T. R & Brenna, J. G. (2006, 19. oktober). Vigrid-Tvedt dømt for jødehets. *VG*. <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/k4dwj/vigrid-tvedt-doemt-for-joedehets>
- Eidsvåg, I., Andreassen, S. M. N., Brekke, A., Bråten, O. M. H., Johansen, A., Kallestad, P. O., Kobilica, S., Leirvik, O., Partapuoli, K. H., Savosnick, C. & Øvrum, B. J. (2011). *Det kan skje igjen. Rapport frå Kunnskapsdepartementets arbeidsgruppe om antisemittisme og rasisme i skolen*. Kunnskapsdepartementet.
- Ellingsen, L. L. (2016). «Folk og Land – kor går du?» *Avisen Folk og Land, miljøet rundt den og forholdet til nynazismen i Norge 1975-1986*. [Masteroppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Eriksen, T. B., Harket, H., Lorenz, E., Emberland, T. & Dahl, I. A. (2005). *Jødehat antisemittismens historie - Fra Antikken til i dag*. Cappelen Damm.
- Evans, R. J. (2002). *Lying about Hitler – History Holocaust and the David Irving Trail*. Basic Books.
- Fairclough, N. (1995). *Critical Discourse Analysis: The Critical Study of Language*. Longman.
- Fanger.no. (u.å.). *Erling Bauck*. Henta 24. mars 2023 frå <https://www.fanger.no/persons/24276>
- Felderer, D. (1979). *Anne Frank's diary - a hoax*. *Journal of Historical Review*.

- Fielitz, M. & Ahmed, R. (2021). *It's not funny anymore. Far-right extremists' use of humour*. EU. Henta 4. mai 2023 fra [https://home-affairs.ec.europa.eu/networks/radicalisation-awareness-network-ran/publications/far-right-extremists-use-humour-2021\\_en](https://home-affairs.ec.europa.eu/networks/radicalisation-awareness-network-ran/publications/far-right-extremists-use-humour-2021_en)
- Folk og Land. (1981, september). *Nytt skift om Auchwitz*. Henta 13. desember 2022 fra [http://www.sno.no/files/documents/1981\\_8.pdf](http://www.sno.no/files/documents/1981_8.pdf)
- Frihetskamp.net. (2021). *Babij Jar – Massebord eller propgandaløgn?* Henta 04. august 2022 fra <https://www.frihetskamp.net/babij-jar-massemord-eller-propgandalogn/>
- Færseth, J. (2021, 21. november). Rasismedømt nazist sender brev til samfunnsdebattanter og organisasjoner. *UTROP*. Henta 02. april 2023 fra <https://www.utrop.no/plenum/artikler/283235/>
- Grimstad, I. S. (2014). *Holocaustbenektelse på norsk?: En studie av Olav Hoaas sitt ideologiske standpunkt* [Masteroppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Google Books. (u.å.) *Holocaust News*. [https://books.google.no/books/about/Holocaust\\_News.html?id=s3VEygEACAAJ&redir\\_esc=y](https://books.google.no/books/about/Holocaust_News.html?id=s3VEygEACAAJ&redir_esc=y).
- Grobman, A. & Shermer, M. (2000). *Denying History – Who Says the Holocaust Never Happened and Why Do they Say It*. University of California Press.
- Hatlehol G. D., Banik, V. K. & Dypvik, A. S. (2023, 24. januar). Novemberprognomene. *I Store norske leksikon*. Henta 19. oktober 2022 fra <https://snl.no/Novemberpogromen>
- Hildetann, S. (1980). *De Seks Millioner*. Nasjonalbiblioteket.
- History of York. (U.å.) *The 1190 Massacre*. Henta 19. oktober 2022 fra <http://www.historyofyork.org.uk/themes/norman/the-1190-massacre>
- Hitler, A. (1966). *Min Kamp*. Jørgen Paludans forlag.
- Hoffmann, C., Kopperud, Ø. & Moe, V. (2012). *Antisemittisme i Norge? Den norske befolkningens holdninger til jøder og andre minoriteter*. HL-Senteret. <https://www.hlsenteret.no/aktuelt/publikasjoner/antisemittisme-i-norge>
- Holmen, U. (2017). *Konspirasjon eller tilrettelegging? Nasjonal Samling og forspillet til 9. april 1940* [Masteroppgåve]. Universitet i Oslo.
- Hvite Busser. (u.å.) *Erling Bauck*. Henta 23. november 2022 fra <https://archive.is/20130703150024/http://www.hvitebusser.no/bakgrunn/tidsvitner/erling-bauck>
- Hårseth, E. O. (2019, 4. januar). *Folk og Land – Rehabilitering eller politisk opposisjonsorgan?* Fortid. <https://www.fortid.no/artikler/2014/folk-og-land.html>
- Irving, D. (1989, 1. mai). *Introduction to the Leuchter Report*. Henta 01. april 2023 fra

- <http://www.fpp.co.uk/Auschwitz/Leuchter/ReportIntro.html>.
- Jewish Virtual Library. (U.å.) *Anti-Semitism: Martin Luther - "The Jews & Their Lies"* (1543). Henta 10. oktober 2022 frå <https://www.jewishvirtuallibrary.org/martin-luther-quot-the-jews-and-their-lies-quot>
- Jewish Virtual Library. (2003). *Anti-semitism in the European Union: Sweden*. Henta 06. april 2023 frå <https://www.jewishvirtuallibrary.org/anti-semitism-in-the-eu-sweden>
- Johansen, P. O. (1984). *Oss selv nærmest: Norge og jødene 1914-1943*. Gyldendal.
- Johnsen, J. A. (2014). *David Irving vs. Penguin Books og Deborah Lipstadt: Bakgrunn, innhold og faghistorisk diskusjon* [Masteroppgåve]. Universitetet I Nordland.
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2020, 17. juni). Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme. *Regjeringen*.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-mot-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme/id2711314/>
- Klungtveit, H. S. (2020). *Nynazister blant oss: På innsiden av den nye høyreekstremismen*. Kagge forlag.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2021, 27. januar). Handlingsplan mot antisemittisme 2021-2023 - en videreføring. *Regjeringen*.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-mot-antisemittisme/id2830165/>
- Kristensen, E. (2009). *Det norske Holocaust et tema i allmennlærerutdanningen?: om lærerstudenters kunnskap og historiebevissthet* [Masteroppgåve]. OsloMet.
- Kumano-Ensby, A. L. (2018, 1. februar). Skjerper straffen for nazistvold. *NRK*. Henta 04. juli 2022 frå <https://www.nrk.no/dokumentar/skjerper-straffen-for-nazist-vold-1.13895424>
- PTS. (2021). *Nasjonal Trusselvurdering*. Henta 02. oktober 2022 frå <https://www.pst.no/alle-arter/artikler/trusselvurderinger/nasjonal-trusselvurdering-2021/#Oppsummering>
- Levy, D. & Sznajder, N. (2005). *The Holocaust and memory in the global age*. Temple University Press.
- Lipstadt, D. E. (2012). *Denying the Holocaust – The Growing Assault on Truth and Memory*. The free press.
- Loflan, J. (1966) *Doomsday Cult: A Study of Conversion, Proselytization, and Maintenance of Faith*. Prentice Hall.
- Lunde, H. (1993). *Aller ytters: de rasistiske grupperinger I dagens Norge*. Antirasistisk senter.
- Martinsen, J. R., Van der Eynden, E. & Husøy, E. (2017, 29. juli). Høyreekstrem

- demonstrasjon i Kristiansand – politiet ville ikke gripe inn. *Aftenposten*. Henta 18. oktober 2022 frå <https://www.aftenposten.no/norge/i/mq9gv/hoeyreekstrem-demonstrasjon-i-kristiansand-politiet-ville-ikke-gripe-inn>.
- Mawsley, E. (2009). *World War II: A New History*. Cambridge University Press.
- Maxower, M. (2009). *Hitler`s Empire. Nazi Rule in Occupied Europe*. Penguin Books.
- Moe, V. (red.) (2022). *Holdninger til jøder og muslimer i Norge 2022 - Befolkningsundersøkelse, minoritetsstudie og ungdomsundersøkelse*. HL-Senteret.
- Morcan, J. & Morcan, L. (2016). *Debunking Holocaust Denier Theories*. Bay of Plenty: Sterling Gate Books.
- Neander, J. (2006). The Danzig Soap Case: Facts and Legends around “Professor Spanner” and the Danzig Anatomic Institute 1944-1945. *German Studies Review*, 29(1), 63–86. <http://www.jstor.org/stable/27667954>.
- Niewyk, D. L. (1992). *The holocaust: Problems and perspectives of interpretation*. Houghton.
- Nordhordaland Fylkeskommune. (2011, 25. november). *Olav Hoaas - Lektoren som ble dømt for rasisme*. Henta 03. april 2023 frå <https://web.archive.org/web/20190504172217/https://www.nfk.no/fylkesleksikon/innhold/kommuner/hadsel/olav-hoaas-lektoren-som-ble-domt-for-rasisme.852367.aspx>
- NRK. (u.å.) *Drapet på Benjamin Hermansen*. Henta 13. mars 2023 frå <https://www.nrk.no/emne/drapet-pa-benjamin-hermansen-1.281865>
- Næss, E. M. (2023, 16. februar). Vigrid (i norrøn mytologi). I *Store norske leksikon*. Henta 06. april 2023 frå [https://snl.no/Vigrid\\_-\\_i\\_norr%C3%B8n\\_mytologi](https://snl.no/Vigrid_-_i_norr%C3%B8n_mytologi)
- Olsen, T. (2011). *Nynazistiske miljøer - En studie om tilslutnings- og exitprosessene* [Masteroppgåve]. Universitetet i Stavanger.
- Olsen, J. W., Strand, H. K. & Lie, T. (2019, 29. mars). Olsen får refs for å ville invitere holocaustfornektere til debatt. *Khrono*. Henta 24. mars 2023 frå <https://khrono.no/dag-rune-olsen-holocaustfornektere-safe-spaces/olsen-far-refs-for-a-ville-invitere-holocaustfornektere-til-debatt/271770>
- Olstad, S. (2021). *Miljøet som forsvant: Ideologisk utvikling innen norsk nynazisme siden 1990* [Masteroppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Paybara, A. (2022, 1. desember). Kanye West draws fresh denunciation for Hitler praise in Alex Jones interview. *The Washington Post*. Henta 07. juli 2022 frå <https://www.washingtonpost.com/politics/2022/12/01/kanye-west-alex-jones-hilter-interview/>
- Polesky, J. (2015). *Armchair antisemites: A history of the Institute of Historical Review*

- [Masteroppgåve]. Nipissing University.
- Ramgopal, K. (2020, 16. september). Survey finds 'shocking' lack of Holocaust knowledge among millennials and Gen Z. *NBCNews*. Henta 03. mars 2023 frå <https://www.nbcnews.com/news/world/survey-finds-shocking-lack-holocaust-knowledge-among-millennials-gen-z-n1240031>
- Reitan, J. (2016). *Møter med holocaust: norske perspektiver på tilintetgjørelsens historiekultur* [Doktorgradsavhandling]. Norges teknisk-naturvitenskapelige Universitet.
- Revisionist. (u.å). *Ditlieb Felderer*. Henta 15. januar 2023. <http://www.revisionists.com/revisionists/felderer.html>
- Rodum, E. & Hegtun, H. (2012, 27. januar). Stoltenberg: - Vår dype beklagelse over at dette kunne skje på norsk jord. *Aftenposten*. Henta 14. oktober 2022 frå <https://www.aftenposten.no/norge/i/1nw1J/stoltenberg-vaar-dype-beklagelse-over-at-dette-kunne-skje-paa-norsk-jord>.
- Rogaland Avis. (1975, 21. juni). Dette er grunnlaget for partiet til ny-nazistene.
- Rosenberg, Y. (2017, 14. august). 'Jews will not replace us': Why white supremacists go after Jews. *The Washington Post*. Henta 19. oktober 2022 frå <https://www.washingtonpost.com/news/acts-of-faith/wp/2017/08/14/jews-will-not-replace-us-why-white-supremacists-go-after-jews/>
- Røset, H. H., Lohne, J. & Ordning, O. (2020, 7. mai). Manshaus mener holocaust er «en myte»: Avbrutt av dommeren. *Vg*. Henta 15. oktober 2022 frå <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/K34157/manshaus-mener-holocaust-er-en-myte-avbrutt-av-dommeren>
- Sand, J. (1999). *Trygve Engen til Minne*. Stiftelsen for norsk okkupasjonshistorie, 2014. <http://www.sno.no/files/documents/118411.pdf>
- Segev, T. (2023, 1. februar). *Simon Wiesenthal*. Encyclopedia Britannica. Henta 14. mars 2023 frå <https://www.britannica.com/biography/Simon-Wiesenthal>
- Seidel, G. (1986). *Holocaust Denial: Antisemitism, Racism and the New Right*. Turnaround Distribution.
- Shapiro, S. (1990). *Truth Prevails – Demolishing Holocaust Denial: The end of “The Leuchter Report*. The Beate Klarsfeld Foundation. Holocaust Survivors & Friends in Pursuit of Justice.

- Simonsen, K. B., Emberland, T., Hoffman, C. & Hjeltnes, G. (2019, 28. mars). Historikere ut mot UiB-rector: Å ville slippe holocaustbenektelse inn i på universitetene bidrar til å legitimere antisemittisme. *VG*. Henta 19. oktober 2022 frå <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/GGxw7m/historikere-ut-mot-uib- rektor-aa-ville-slippe-holocaustbenektelse-inn-i-paa-universitetene-bidrar-til-aa-legitimere-antisemittisme>.
- Simonsen, K. B. (2019). Holocaustbenektelse i Folk og Land (8. mai), 1938-1975. En diskurs tar form. *Historisk Tidsskrift*, 98(1), 8-25. 10.18261/issn.1504-2944-2019-01-02
- Simonsen, K. B. (2020a). Antisemitism as conspiracism. I M. Butter & P. Knight (Red.), *Routledge Handbook of Conspiracy Theories*, (s. 357-367). Routledge.
- Simonsen, K. B. (2020b). Antisemitism on the Norwegian Far-Right, 1967–2018. *Scandinavian Journal of History*, 45(5), 640-662. <https://doi.org/10.1080/03468755.2020.1726809>
- Simonsen, K. B. (2021). Holocaustbenektelse på norsk: et historisk perspektiv. I E. Rees, H. Karlsen, M. Brovold & S. Dingstad (Red.), *Minoritetsdiskurser i norsk litteratur* (s. 181–200). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215045320-2021-09>.
- Skille, Ø. B., Hægland, L. Hansen, S. & Vignsnæs, M., K. (2018, 27. august). Den nordiske motstandsbevegelsen gjennomførte nazimarkering i Stockholm. *NRK*. Henta 02. mai 2023 frå <https://www.nrk.no/urix/den-nordiske-motstandsbevegelsen-gjennomforte-nazimarkering-i-stockholm-1.14179229>
- SPLCenter. (u.å.). *William Pierce*. Henta 03. mars 2023 frå <https://www.splcenter.org/fighting-hate/extremist-files/individual/william-pierce>
- Språkrådet og Universitetet i Bergen. (U.å.). *Fornekte*. Nynorskordboka. Henta 17. oktober 2022 frå <https://ordbokene.no/nn/20653/fornekte>.
- Stets, D. (1992, 07. mai). Fixing the numbers at Auschwitz. *Chicago Tribune*. Henta 5. april 2023 frå <https://www.chicagotribune.com/news/ct-xpm-1992-05-07-9202100662-story.html>
- Stortinget. (1983, 2. mai). 13. Sp.spm. fra Kjell Bohlin om å stoppe den rasistiske trykksak «Holocaust Nytt» som spres av «Nordisk Institutt for historisk revisjonisme». Rettsvesen. [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?pid=1981-1985&pgid=a\\_0499](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?pid=1981-1985&pgid=a_0499)

- Strafford, D. (1990). Other Losses: An Investigation into the Mass Deaths of German Prisoners at the Hands of French and Americans after World War II by James Bacque (review). I C. Howell & H. V. Nelles (red.), *The Canadian Historical Review*, 71(3), 408-409. <https://muse.jhu.edu/pub/50/article/573564/pdf>
- Sørli, S. C. (2014). From Missguided Idealist to Genocidaries: The Waffen-SS Volunteers in Norwegian Memory Culture. I A. Bauerkämper, O. B. Fure, Ø. Hetland & R. Zimmermann (Red.), *From Patriotic Memory to a Universalistic Narrative?: Shifts in Norwegian Memory Culture after 1945 in comparative perspective* (s. 273-295). Klartext Verlag.
- Tait, R. (2006, 6. desember). *Holocaust deniers gather in Iran for 'scientific' conference*. The Guardian. Henta 27. mars 2023 frå <https://www.theguardian.com/world/2006/dec/12/iran.israel>
- Thue, F. W., Eriksen, A., Høydal, S. Ø., Vabø, A. & Messel, J. (2022). *Integrasjon og integritet: Tillit til forskning i et kunnskapssamfunn*. Oslo metropolitan university.
- Törngren, Y. (2021, 16. september). *Britiske lærere kan ikke nok om Holocaust*. Utdanningsnytt. Henta 17. oktober 2022 frå <https://www.utdanningsnytt.no/historie-holocaust-storbritannia/britiske-laerere-kan-ikke-nok-om-holocaust/296697>
- United States holocaust memorial museum. (u.å.). *Reichstag Speech*. <https://encyclopedia.ushmm.org/content/en/timeline-event/holocaust/1939-1941/hitler-speech-to-german-parliament>
- United States holocaust memorial museum. (2020). *Holocaust Denial: Key Dates*. <https://encyclopedia.ushmm.org/content/en/article/holocaust-denial-key-dates>
- Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i Historie*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/his01-03/kompetansemaal-og-vurdering/kv85>
- VG. (1979, 8. februar). *'Holocaust' blir vist på norsk tv*.
- VG. (1979, 2. april). *Serien som skapte TV-historie*.
- VG. (1979, 7. april). *Serien har skapt forståelse*.
- Wikipedia. (2021, 31. august). *Ditlieb Felderer*. Henta 14. januar 2023 frå [https://no.wikipedia.org/wiki/Ditlieb\\_Felderer](https://no.wikipedia.org/wiki/Ditlieb_Felderer)
- Wikipedia. (2022, 12. oktober). *Germanophile*. Henta 6. desember 2022 frå <https://en.wikipedia.org/wiki/Germanophile>
- Wikipedia. (2023, 29. april). *Unite the Right Rally*. Henta 3. mai 2023 frå [https://en.wikipedia.org/wiki/Unite\\_the\\_Right\\_rally](https://en.wikipedia.org/wiki/Unite_the_Right_rally)



Wistrich, R. S. (1993). Anti-Semitism in Europe Since the Holocaust. *The American Jewish Year Book*, 93, s. 3–23. <http://www.jstor.org/stable/23605811>

Zannettou, S., Finkelstein, J., Bradlyn, B. & Blackburn, J. (2020). *A Quantitative Approach to Understanding Online Antisemitism*. University of Illinois.

